

# Framleggjett frå stjorni attval Bentetramlegg frå Stene

## Årsmelding for arbeidsbolken mars 2000- februar 2001

### Stjorni :

På årsmøte den 16. mars 2000 vart Sissel Anny Hjelmtveit vald til ny formann etter Lars Bjarne Marøy. Hjelmtveit fekk 11 røyster og Marøy 9. Marøy gjekk ned i stjorni. Desse tok attval til stjorni Bjarne Storheim, Bjørn Tormod Ringdal og Finn Vabø. Det vart røysting millom Harald Trefall og Rasmus Arnold Kjellevold um fyrstevaramanngposten. Trefall fekk 11 røyster, medan Kjellevold fekk 9 røyster. Kjellevold vart samrøystes vald til andrevaraman. Kjell Henry Knivsflå vart samrøystes vald til tridjevaraman.

Marøy vart sitjande som formann av di årsmøtet ikkje vart avslutta. Det var fleire saker att på saklista, difor kunde ikkje årsmøtet avsluttast på dette møtet. Det vart avtala at neste lagsmøtet skulde halda fram som årsmøte.

Etter årsmøtet reiste fleire medlemer i laget tvil ved um det som hadde gjenge fyre seg var til bate for laget. Marøy som framleis var formann fekk millom anna eit brev frå 13 medlemer. I dette brevet kom det fram ei rad påstandar som kritiserte umstendi kring valet. Konklusjonen var at det måtte haldast eit nytt umframt årsmøte og at styret måtte kalla inn til dette.

Formannen samrådde seg med two av styremedlemene, Vabø og Ringdal. Desse tri var samde um at det indre samarbeidsklimaet no var so dårlig at eit nytt årsmøte måtte avgjera kva kurs laget skulde føra. Etter ei samråding med Ringdal og Vabø skreiv formannen ei innkalling til umframt årsmøte som Ringdal og Vabø skreiv under på. I ettertid vart formannen kritisert for at han ikkje freista å kalla saman dei andre stjornarmedlemene og for at innkallingi var frå tri stjornarlemer og ikkje frå heile stjorni og heller ikkje frå formannen som åleine hadde innkallingsrett.

Det vart halde umframt årsmøte. Innkallingi vart mykje umdiskutert på det umframme årsmøtet. Argumenti for å godkjenna innkallingi var millom anna at Sissel-Anny Hjelmtveit var skulda for å vera ugild i ei løyvingssak til Vestnorsk utvandringssenter og at framferdi kring valet 16. mars var uheiderleg. Det vart òg hevdat formannen hadde kompetanse til å kalla inn til umframt årsmøte. Dessutan vart det lagd vekt på at eit fleirtal i stjorni (3 av 5) hadde gjenge inn for det.

Det vart nytta yver 2 timer til ordskifte fyrr det vart røysta yver innkallingi. Det var skriftleg røysting yver innkallingi. Røysterresultatet synte 34-19 for godkjennning. Formannsvalet vart so teke uppatt. Utfallet vart 31 for Marøy og 23 for Hjelmtveit. Etter denne røystingi valde Hjelmtveit å trekka seg frå styret. Det same gjorde Bjarne Storheim og Rasmus Arnold Kjellevold d.e. som vart vald til 2-varamann av det ordinære årsmøtet.

Desse vart valde til stjornarlemer på det umframme årsmøtet:

Lars Bjarne Marøy, formann, Harald Linga, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal, Finn Vabø, 1-varamann, Harald Trefall, 2-varamann Kjell Henry Knivsflå, 3-varamann Helge Liland.

Etter årsmøtet vart det eit ordskifte i pressa umkring innkallingi til årsmøtet. Synspunkt var skilde. Sissel-Anny Hjelmtveit samla inn 31 underskrifter for eit upprop som sa at det som hadde kome fram i samband med innkallingi og avhaldningi av det umframme årsmøtet var ærekrenkjande for fleire av medlemene i laget. Underskriftene var frå folk som kjende seg knytte til Vestmannalaget og Vestmannen, trass i at alle ikkje var medlemer i Vestmannalaget.

*stjorni*

Dette uppropet vart sendt ut til medlemene i Vestmannalaget. Dessutan vart det lagt ved eit brev frå Eigil Lehmann som sa at det umframme årsmøtet var ulovleg og ugyldig og at det var den stjorni som vart valt på årsmøtet i mars som var den lovlege stjorni.

Stjorni hev oppsummert med at trass i at innkallingi til det umframme årsmøtet kann kritisera var det fullt høve for dei som var innkalla til det umframme årsmøtet å avgjera kva som skulde gjerast. Det er medlemene samankalla til årsmøte som avgjer kva for ein kurs laget skal taka.

### **Andre tillitsumbod i laget**

Ettersynsmenn for rekneskapen til Vestmannlaget:  
John Arthur Marhaug og Stein Eirik Foss.

Rekneskapsstyrar for Fritz Monrad Walles fond: Sigbjørn John Huun

Fanevakt: Jon Askeland og Haldor Slettebø.

Bladstjorn for Tuftekallen :  
Eigil Lehmann, Arnulf Hjelmtveit, Gunnar Gilberg, Lars Bjarne Marøy, Sveinung Ones, Nils Aksel Mjøs og Leidolv Hundvin.

### **Målmenn**

Rådmenn til Bygdelagsnemndi Lars Bjarne Marøy, Ludvig Jerdal og Finn Vabø. Varamenn, Bjørn Tormod Ringdal og Sissel Anny Hjelmtveit.

Det norrøne grønlandslaget : Arne Holm, Ludvig Jerdal og Leidolv Hundvin.

Kyrkjenemndi : Ellen Vabø og varamann Ingebjørg Gilberg.

Bladstyrar for Vestmannen : Lars Bjarne Marøy

Rekneskapsstyrar for Vestmannen: Helge Liland

Ettersynsmann for Vestmannen hev vore : John Arthur Marhaug

### **Møte og samkomor**

Vestmannalaget hev i arbeidsbolken havt 6 opne møte på Bryggens Museum og eit festmøte i lokali til Kreditkassen i Bergen. Stjorni hev vore samla til 10 stjornarmøte. Frammøte på stjornarmøti hev jamt yver vore godt.

#### **Torsdag 21. September 2000**

Kari Gaarder Losnedahl tala um Komediateatret. Ho hadde med seg gode ljosbilete.

#### **Torsdag 12. oktober**

Kolbjørn Heggstad tala um språkteknologi. Heggstad er knytt til firmaet Nordisk Språkteknologi og ein nestor innanfor arbeidet med språk og data. Heggstad gav oss ei grunnleggjande innføring i dei datatekniske løysingane som ein arbeider med innanfor språkteknologien.

#### **Torsdag 9. november**

Kjartan Rødland tala um vegutbygging i Hordaland. Han synte samanhengen i vegutbyggjingi og korleis kommunikasjonane stendig hev vorte lagde yver frå sjøferdsla til samferdsla på land.

#### **Torsdag 7. desember**

Lars Borgersrud tala um norsk forsvarspolitikk. Han var serleg kritisk til den måten det norske forsvaret var utrusta på fyre 2. verdskrigen. Han synte gjennom ei rad ettervisingar og grundige gjenomgangar at det norske forsvaret var sers dårlig organisert i 1940 og at det var meir forsvarsviljen millom nordmenn flest enn organiseringi gjennom forsvaret som førde til at Noreg kunde forsvara seg mot Tyskland.

#### **Torsdag 25. januar 2001**

Harald Jarl Runde tala um då telefonen kom til Noreg. Han synte ljosbilete av patent-teikningar av telefonen og fortalte levande um korleis dei nordmennene som var engasjerte i å få telefonen til Noreg arbeidde og kom i korte anekdotar inn på korleis livet deira arta seg.

#### **Torsdag 22. februar 2001**

Vincent Færavaag tala um kvifor driva målarbeid. Tittelen han sette på fyredraget sitt var: Nynorsk harakiri?

## Elles må sume tiltak nemnast serskild for seg.

Formannen og Olav Torheim hev ikkje lagt no serleg lagsstoff ut på heimesidene til Vestmannalaget på Internett i år. Møteprogrammet er vorte oppdaterte jamleg.

Vestmannalaget er framleis andsvarleg for hovudlageret til Norsk Bokreidingslag i kjellaren i Torggården. Leiga vert delt millom Vestmannalaget, Norsk Bokreidingslag og Nord og Midthordland Sogelag. Vestmannalaget hev sagt upp kontorhopehavet med Norsk Bokreidingslag og hev no kontor saman med Halldor O. Opedals fond i C. Sundtsgate 28.

Formannen hev lagt ned eit stort arbeid i å freista å finna fram til festekontraktane til Fritz Monrad Walles fond. Dei tidlegare formennene Ludvig Jerdal og Leidulf Hundvin hev ikkje festekontraktane. Formannen og Helge Liland hev undersøkt i bankboksen til Vestmannalaget, utan resultat.

Tidlegare kassastryrarar i laget eller for Fritz Monrad Walles fond hev ikkje og hev truleg heller ikkje havt festekontraktane.

Tidlegare stjornarmedlem Ivar Gjelsvik hev vorte kontakta. Gjelsvik var viss på at dei dokumenti som høyrdes Vestmannalaget til eventuelt låg att i advokatforretnings som han dreiv på den tidi han arbeidde med festekontraktane. Gjelsvik hadde advokatforretnings på Strandkaien og selde denne til Helge Hansen. Advokat Berle som arbeider i Hansens advokatforretnings hev i fleire år vore advokaten til Vestmannalaget. Berle hev leita i det arkivet som låg att etter Gjelsvik, utan resultat.

Formannen hev arbeidt med å få kartlagt kven av bygslarane som skal setjast opp kva tid og kva prosentar bygselavgiftene kann setjast upp med. Den fyrste bygselavgifti som skal regulerast skulde ha vore regulert upp i 1999. Det festetilhøvet det her er tale um manglar registrert/tinglyst festekontrakt. Formannen hev spurt Advokat Berle um kva som er rett framgangsmåte i saki. Dei andre festekontraktane skal regulerast i perioden 2002-2004.

*Harald Biagi Stjorni Lovarbeid.*

Eiga: Laget hev luter i Det norske teatret og i Norsk Bokreidingslag. Laget stjornar Henrik Krohn og Hustrus legat, og sameleis Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking. Det siste kann verdsetjast til umlag kr. 600 000. Kreditkassen varveitslar midlane til Krohnlegatet. Målarstykkjet "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) heng i resepsjonen hjå Hotell Hordaheimen.. Laget eig eit målarstykke av Sigurd Wigdal, og nokre andre målarstykke, bøker og gåveting er lagra hjå Ludvig Jerdal. Vestmannalaget eig dessutan ei bysta av Jon Sigurdson.

## Økonomi

For å spa pengar sa stjorni i desember upp rekneskapsføringsavtalen for Fritz Monrad Walles fond med Leiv Flesland. Kassastryren i Vestmannalaget fører no rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond.

Stjorni hev ikkje løyvt ut pengar til noko utetterretta fyremål i rekneskapsbolken. Det er yverført 50 000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannalaget. Frå Halldor O. Opedalsfond er det yverført dei lovfeste 7500 kr. 15 000 kr er yverførde til Vestmannen.

30 000 kr som laget fekk frå Kari Johanne Øpstads nynorsk fond stend på høgrentekonto.

### **Vestmannalaget er med i desse samskipnadene**

**Ivar Aasen Sambandet;** er landssamskipnaden for høgnorskbrukarane

**Vestlandske Mållag;** er fylkeslaget/distrikstlekken til Ivar Aasen- Sambandet i Hordaland og på Vestlandet.

**Bergen Sentrum Folkeakademi;** er lokallag av Hordaland Folkeakademi og arbeider med å formidla studnad til møteverksemnd i organisasjonar som Vestmannalaget.

**Bygdelagsnemndi;** vart skipa i 1939. Vestmannalaget hev vore med sidan då. Dei aktive bygdelagi og bondeungdomslagi er med i nemndi.

**Håkons Hallens Venner;** med einskildmedlemer og lag til medlemer.

**Kyrkjensemndi;** skipar til nynorske gudstenestor two eller fleire gonger i året. Kyrkjensemndi er utgjevar av bladet Stille Stunder.

**Ivar Aasen-tunet;** er eit senter for nynorsk skriftkultur i Ørsta/Hovdebygdi. Innskotskapitalen var 10 000 kronor som Vestmannalaget betalte inn for fleire år sidan. Det gjev laget rett til ein målsmann i samskipnaden. Svein E. Kvamsdal er no vår målsmann med Kjell Inge Bjørke til varamann.

Lars Bjarne Marøy

Harald Linga

Sigbjørn John Huun

Bjørn Tormod Ringdal

Finn Vabø

Harald Trefall

Kjell Henry Knivsflå

Helge Liland



Vestlandske  
Måløy

Vestmannalaget  
v/Lars B. Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG

Bergen, 15.05.00

**Vedr.: Deres leieforhold i Torgegaarden AS**

Det henvises til vårt brev av 01.03.00 vedrørende oppsigelse pr. 01.06.00.

I forbindelse med at Torgegaarden AS med virkning fra 01.04.00 har øket leien til kr. 350,- pr. m<sup>2</sup> overfor Kjøttbasaren Byens Basar AS som leietaker, tilbys ny leieavtale med virkning fra 01.06.00 på tilsvarende leiebetingelser, hvilket vil innebære kr. 350,- pr. m<sup>2</sup>. Forøvrig gjelder avtalen som nå med en 3 måneders oppsigelsestid.

Hvis ovennevnte er av interesse, ber vi Dem undertegne vedlagte kopi av dette brev med retur til Kjøttbasaren Byens Basar AS sin forretningsfører Bergen Byggdrift AS, Strandgaten 18, 5013 Bergen.

Med vennlig hilsen  
for Kjøttbasaren Byens Basar AS

Fredrik Isdal

Vedlegg

KJØTTBASAREN AS

Vetrildsal 2  
5014 Bergen

TLE. (+47) 55 31 56 50  
FAX. (+47) 55 31 56 51



**Andre val:**

**Ettersynsmenn for Vestmannalagsrekneskapen**

John Marhaug og Stein Eirik Foss.

**Ettersynsmann for Fritz Monrad Walles fond**

John Marhaug

**Ettersynsmann for Vestmannen**

John Marhaug

**Bladstjorn for Tuftekallen:**

Egil Lehmann, Arnulf Hjelmtveit, Gunnar Gilberg, Lars Bjarne Marøy, Sveinung Ones, Nils Aksel Mjøs og Leidulv Hundvin.

**Målsmenn til Bygdelagsnemndi**

Lars Bjarne Marøy, Ludvig Jerdal og Finn Vabø

Varamenn Bjørn Tormod Ringdal og Sissel-Anny Hjelmtveit

**Det Norrøne Grønlandslaget**

Arne Holm, Ludvig Jerdal og Leidulv Hundvin

**Kyrkjenemndi**

Ellen Vabø med Ingebjørg Gilberg til varamann.

**Fanevakt for Vestmannalagsfana**

Jon Askeland

Bergen, 24. mars 2000

Sissel-Anny Hjelmtveit (skrivar)

Godkjend med inntekne brigde etter stjornarmøte 9.mai

## REKNESKAPSOVERSYN FOR VESTMANNALAGET 1998.

### Eiga pr. 1/1-98:

I kassa	kr. 1.178,00
I Kreditkassen	" 22.853,96
	= kr. 24.031,96

### Innkomor i året:

Lagspengar	kr. 11.400,00
Bergen Sentrum Folkeakademi	" 2.600,00
Frå Fritz Monrad Walles Fond	" 20.000,00
Frå Haldor O. Opedals Fond	" 5.000,00
Renteinntekter	" 189,32
	= kr. 39.189,32
	= kr. 63.221,28

### Utløgor i året:


Møteutlegg, netto,	kr. 15.849,50
Lysingar	" 7.538,00
Porto	" 1.880,00
Gåvor og helsingar	" 4.885,00
Husleige Norsk Bokreidingslag	" 6.610,00
Centraltrykkeriet, rekvisita,	" 738,00
Bankboksleige	" 295,00
Storebrand, trygdepremie,	" 329,00
Årskontingent Vestlandske Mållag	" 1.250,00
Årskontingent Håkonshallen	" 150,00
Bankkostnader (gebyr)	" 314,20
Ymse utløgor	" 4.254,50
	= kr. 44.093,20

Eiga pr. 31/12-1998 = kr. 19.128,08  
=====

### Eiga pr. 31/12-98 :

I kassa	kr. 733,00
I Kreditkassen	" 18.395,08
	Kr. 19.128,08

Sæbøvågen, 31/12-1998 / 25/01-1999.

  
Bjarne Storheim  
kassastyrar

Rekneskapen er ettersett, og funnen i orden: 12.03.1999.



## HUSLEIGEKONTRAKT

Bergen Nei til EU leiger kontor og møterom i Torgegården (Strandkaien 2B) av eigaren, Vestlandske Salslag på årsbasis. Etter leigekontrakten, som blir fornøya frå 1.7.99 skal Bergen Nei til EU ha rett til framleige av deler av arealet til andre lag og foreiningar som arbeider i same bransje.

Mellan Bergen Nei til EU og Vestmannalaget i Bergen er difor inngått følgjande leigekontrakt:

1. Leidgetakar skal leiga det inste rommet til kontor og møterom frå og med 1.7.99.
2. Leidgetakar skal ha rett til å låsa av det rommet dei leiger, og ha eigen nøkkel til det.
3. Leidgetakar skal ha rett til å nytta tekjøkkenet i Bergen Nei til EU sitt kontor.
4. Leidgetakar skal ha rett til å nytta toalettet i 4.etasje.
5. Husleiga er fastsett til kr 10 000 pr. år inkludert straum. Husleiga skal betalast forskotsvis og halvårleg. Ved eventuelle endringar i husleiga som Bergen Nei til EU betalar, skal husleiga kunna aukast tilsvarende.
6. Leidgetakar skal ha rett til eigen telefon og telefonlinje, men må betala utgiftene til dette sjølv.
7. Leidgetakar må sjølv forsikra inventar og utstyr på sin del av kontoret.
8. Leidgetakar må elles retta seg etter dei reglane som er nedfelt i Bergen Nei til EU sin leigekontrakt med eigaren, Vestlandske Salslag.
9. Kontrakten kan seiast opp innbyrdes med 6 månaders varsel. Oppseiinga må vera skriftleg.
10. Vestmannalaget skal ha rett til framleige til Norsk Bokreidingslag, Vestlandske Mållag og Nord- og Midthordland Sogelag. Vestmannalaget betalar leiga for desse lagi, og krev sjølv inn delleiga for dei. Vestmannalaget vil ikkje driva framleige til andre.
11. Denne leigekontrakten er skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Bergen, 20. juli 1999

for Bergen Nei til EU  
*Oddvar Skre*  
Oddvar Skre  
(kassastyrar)

for Vestmannalaget i Bergen  
*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy  
(formann)


## HUSLEIGEKONTRAKT


Bergen Nei til EU leiger kontor og møterom i Torgegården (Strandkaien 2B) av eigaren, Vestlandske Salslag på årsbasis. Etter leigekontrakten, som blir fornva frå 1.7.99 skal Bergen Nei til EU ha rett til framleige av deler av arealet til andre lag og foreiningar som arbeider i same bransje.

Mellan Bergen Nei til EU og Vestmannalaget i Bergen er difor inngått følgjande leigekontrakt:

1. Legetakar skal leiga det inste rommet til kontor og møterom frå og med 1.7.99.
2. Legetakar skal ha rett til å låsa av det rommet dei leiger, og ha eigen nøkkel til det.
3. Legetakar skal ha rett til å nytta tekjkkenet i Bergen Nei til EU sitt kontor.
4. Legetakar skal ha rett til å nytta toalettet i 4.etasje.
5. Husleiga er fastsett til kr 10 000 pr. år inkludert straum. Husleiga skal betalast forskotsvis og halvårleg. Ved eventuelle endringar i husleiga som Bergen Nei til EU betalar, skal husleiga kunna aukast tilsvarende.
6. Legetakar skal ha rett til eigen telefon og telefonlinje, men må betala utgiftene til dette sjølv.
7. Legetakar må sjølv forsikra inventar og utstyr på sin del av kontoret.
8. Legetakar må elles retta seg etter dei reglane som er nedfelt i Bergen Nei til EU sin leigekontrakt med eigaren, Vestlandske Salslag.
9. Kontrakten kan seiast opp innbyrdes med 3 månaders varsel. Oppseiinga må vera skriftleg.
10. Vestmannalaget skal ha rett til framleige til Norsk Bokreidingslag, Vestlandske Mållag og Nord- og Midthordland Sogelag. Vestmannalaget betalar leiga for desse lagi, og krev sjølv inn delleiga for dei. Vestmannalaget vil ikkje driva framleige til andre.
11. Denne leigekontrakten er skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Bergen, 3. juli 1999

for Bergen Nei til EU  
  
Oddvar Skre  
(kassastyrar)

for Vestmannalaget i Bergen  
  
Lars Bjarne Marøy  
(formann)

## Til stjorni i Vestmannalaget

Eg hev revidert årsuppgjeret for Vestmannalaget for året 2000. Årsuppgjeret syner eit årsyverskot på kr. 24.715,71.

Årsuppgjeret er samansett av resultatrekneskap og balanse.


Det er lagt fram for fyrste halvår ut mai månad av Bjarne Storheim og ut resten av året av Sigbjørn John Huun. Huun hev lagt saman tali og utarbeidt den endelege rekneskapen.

Eg hev utført revisjonen etter gjeldande lover, fyresegner og god revisjonsskikk og gjenomførd dei revisjonshandlingane som eg hev funne turvande.

Eg hev ikkje fenge listor yver lagslemene, og hev soleis ikkje kunna undersøkja um det er samsvar millom dei som hev betalt og dei som stend i lagslemlistone (medlemskartoteket).

Rekneskapen er førd i samsvar med god rekneskapsskikk.

Bergen, 23. april 2001



John Marhaug  
Revisor John Marhaug.

EITT MÅL I NOREG, HØVELEG FOR ALLE NORDMENN,  
OM OPPTAKET TIL SAMNORSKPOLITIKKEN

Av Kjell Venås

Innleieing

Øverskrifta over dette innlegget er ei slagord som først vart brukt av Moltke Moe i foredraget «Norsk og dansk sprogsdragt». Han heldt foredraget på det første møtet i Bymålslaget 31.3. 1906, og då det vart pronta, sette han slagordet med sperra skrift: «ett norsk sprog, i skrift som i tale, høvelig for alle nordmænd» (Moe 1926:65). Steinare brukte D.A. Seip den samme vendinga to gonger i foredraget og brosjyren *Eitt mål i Norge. Målstriden avgjort i dinne generation?* (Seip 1917:6, 29). I innleiringa felta Seip ordet å Moltke Moe inn i si eiga tekst, der næst tok han det med i det oppsummerande og programmatiske siste avsnittet og sette det i hermeteiken der, men utan å nemne kjeide: «Ett norsk mål i Norge, høvelig for alle nordmænd». Seip heldt foredraget sitt i februar 1917, og det var like før nemnda der Seip var med, kom med rettskrivingsframlegg av 1917. I mandatet for nemnda heilte det at ho skulle «aapne vein for en utvikling frem mot national samling paa grundlag av folkets virkelige talesprogs». Om det nokon gong har vore fart ein offentleg sammorsk-politikk, så var det i 1917 han vart lansert.

Mandatet for rettskrivningsnemnda var formulert i 1913. Men nemnda som då vart sett ned, hadde ikkje fått gjort noko som var verdi å nemne då ho vart opplyst i 1916, og ei ny nemnd kom i staden for henne. Det har vore ulike meningar om grunnen eller grunnane til at denne nemnda ikkje fekk gjort noko, og kvarfor nemnda vart avlyst av ei ny. Den nye nemnda gjorde arbeidet sitt på eit års tid, og dicerer brukte regjeringa berre ni dagar på å godta framleggjet i statsråd. Det vart etterpå ein hard strid om vedtaket og framsynsmåten då det vart sett i verk.

Eg skal her ta opp noko om bakgrunnen for framleggjet om rettskrivin-ge av 1917, særlig med tanke på dei som gjeld nynorsk. Eg vil seia noko om kvarfor nemnda av 1913 vart omlaga eller avlyst, sarskilt ved å gå inn på personvalet.

I nemnda av 1916 kom Marius Hægstad med. Når det galdt landsmålet og normeringa av det, var han då den store, gamle mannen, og stoda hans i 1917 er forvitneleg. Han laga rett nok eit særverum til innstillinga frå nemnda, men ynskte at ho skulle bli godeleken, ondå ho inneheldt mykje som var i strid med alt han hadde stått for tidlegare. I ordskiftet etterpå heldt han seg også meir utanfor enn han pla gjera. Eg har kome over nytt tilfang, som syner korleis Hægstad etterpå såg på arbeidet i nemnda, særlig samarbeidet med Seip, og som førtel kvifor Hægstad stelte seg som han gjorde. I språkhistoriske lærebøker blir det gjerne sagt at rettskrivinga av 1917 ikkje vekte nemnande motstand på nynorsk side. Eg vil seia noko om tilfang som syner at det ikkje er rett.

#### Mandatet og medlemene

Dei filologiske medlemene av Undervisningsrådet bad hausten 1912 departementet om å få sett ned ei rettskrivningsnemnd. I åra etter 1908 hadde ynsket om å koma inn på positive framgangsvegar i språkspørsmålet vaksse seg sterkeare. Tilhøva med dei to skriftmåla ført til store ulemper for skulen og ålmenta. Tilnærming og samarbeid mellom måla måtte føre til endringar i rettskrivinga, men desse medlemene, dei tre rektorane Brekke, Ræder og Østbye og professor Marius Hægstad, meinste det var forsvarleg for både måla å gjera visse endringar. I juni 1913 gjorde Stortingset vedtak om å løyve pengar til ei rettskrivningsnemnd. Det var inga heil semje om tiltaket, 83 representantar røysta for og 57 imot.


Efter dette skrev departementet 15.8.13 brev til nokre utpeikte, kvalifiserte kandidatar med spørsmål om dei var viljuge til å gå inn i ei rettskrivningsnemnd. Dei tre som vart spurde om å representere landsmålet, var folkehøgskulestyrar Lars Eskeland, dosent i landsmål Knut Liesøl og forfattaren Jens Tvedt. Medlemene for riksmalet var professor Alf Torp, som vart beden om å vera formann i nemnda, statsadvokat Haakon Løken og då overlærar, seinare rektor, Ivar Ahnæs. Dei sa alle ja utan dikkedrarat.

Brevet til nemndkandidataane av 15.8. finst i Riksarkivet både som kladd og som maskinskriven utskrift. Dei som har skrive språkhistoriske framstillingar om denne tidbolken, nemner så å seia ikkje noko om dette dokumentet. Tryti 1953:129 er den som har gjort mest grunnforsking om tidbolken 1907–1917, og det er han som også har gått mest inn på bakgrunnsmaterialet om rettskrivningsnemndene. Han siterer rett nok noko frå departementsskrivet som nemndkandidataane fekk, men det er etter referatprotokollen i KUD med tilrådinga til den kgl. res. I avisar og blad sist i august 1913 vart brevet med mandatet sittert, men ikkje like mykje

av alle. Dagbladet for 24.8. hadde nokså mykje, Aftenposten for den same dagen hadde lite. Riksmaalsbladet for 30.8. siterer noko og polemiserer imot mandatet. Brevet frå departementet vart seinare teke med i foredraget om ny rettskriving 21.12.17, og foredraget er prenta av Gunderson (1967:78ff.).

Vinje 1978:299 har bygt på Tryti, det ser ein av at han som Tryti nemner ein «livlig diskusjon i avisene», men han har ingen opplysningar om den diskusjonen. Det Vinje siterer om mandatet, er frå *Indst 1917. Haugen 1966:68f* har så å seia ingenting om grunnlaget for nemndarbeidet. Når språkhistorikarane har gått så lite inn på brevet med mandatet, er det tydelegvis fordi dei fleste berre har hatt den andrehands kjennskapen til det som ein får ved å lese *Indst 1917*. Men dette er eit så viktig språkhistorisk dokument at det er godt grunn til å sjå noko nøgnare på det. Det er heller ingen som har teke opp spørsmålet om kven som konspirerte brevet med mandatet. Også identiteten til forfattaren har ei viss interesse, for brevet har sjølv sagt ikkje vorte laga i fullständig departemental identitetsløype. Det står menneske bak.

Det er eit langt brev, som handskriven kladd ti store sider med breimarg og i maskinskrift fire store sider. Det inneheld både den historiske bakgrunnen for arbeidet og mandatet og oppgåva som nemnda skulle ha. Nemnda skulle først føre vidare og slutføre oppgåva som ei nemnd sett ned i 1908 (Eitrem, Larsen, Schjøtt) hadde hatt; å finne fram til rimelige samskrivemåtar for ord som lydde likt i dei to målfornene. Det kunne også vera tale om ei grammatisk tilnærming. Det skulle ikkje skapast noko kunstig språkeining, men nemnda skulle altså opne vegen for ei samlande språkutvikling på grunnlag av «folkets virkelige talespråg».



*Ekspedisjonssjef Knut Johannes Hougen (1854–1954)*

Den handskrivne kladden til brevet til nemndkandidatene må vera ført i pennen av ekspedisjonsjef Knut Johannes Hougen. Han hadde bakgrunn både som skulemann og politikar. Han var fødd i Kragerø i 1854, var cand. real. frå 1879 og frå 1880 til 1900 adjunkt og overlærar ved Kristiansand katedralskule. Frå 1900 til 1908 var han stortingsmann for Venstre. Han vart ekspedisjonsjef i 1908 og sat i embetet til 1927. Den første tida, frå 1908 til 1909, var han foresten sjef for departementet, som statsråd i den fyrste regjeringa til Gunnar Knudsen (*Norsk Allkunnebok*). I 1913 hadde den andre regjeringa Gunnar Knudsen teke sete, på grunnlag av ein overveldande valsiger hausten 1912.

I Kyrkje- og undervisningsdepartementet var då Aasulv Bryggesaa statsråd. I ettertida har Bryggesaa særleg fått gjetord for innsatsen sin for kvinnereisinga, det var i 1913 det vart full roysterett for kvinner (*Norsk Alkumnebok*). Med Hougen som ekspedisjonsjef hadde Bryggesaa ein solid og garva skulemann og politikar til å ta seg av departementsførerbuinga av rettskrivingssaka. Men i norsk språkhistorie har Hougen vore mindre nemnd og mindre kjend enn han er rettikomen til. Det har såleis aldri vore peikt på det noko kuriøse i at det var ein cand. real. som på eim måte la det departementale grunnlaget for den viktigaste språkpolitiske linia i dette hundråret.

I brevutkastet med mandalet for den nye nemnda var det som nemndt av ein uvanleg brei marg. Det er ein vanleg måte å bruke når ein vil gjera det lett å få med tillegg til eit handskrive tekstuakst. Dette utkastet ber merke av at det har vore arbeidt med både det saklege innhaldet og med å gjera ordlegginga betre ymse stader. Det er laga overstrykingar og sett til nye ord i sjølv teknsta, og somme stader er marginen nytta ut i arbeider med teknsta, det gjeid såleis det siterste kjerneordet. Det høyre heime i ein større samanheng, eit innskot skrive med ei handskrift som skil seg tydeleg ut frå den som hovudteksta er skriven med. Like ført innskolet står dette:

Maalet for og utstrekningen av komiteens arbeide vil sikkerlig fremgaa av og begrenses ved og under selve arbeidet langt bedre, end det kan gjøres ved noget forhaandsmandat; et saadant kan kun i almindelige træk angi retningen av arbeidet, og den er altsaa i nærværende tilfælde: den størst mulige tilnærrelse mellem vontlands to skriftsprøg gjennem en sund, naturlig og lovmaessig utvikling av dem begge.

Så følgjer innskotet, og det har denne ordlyden:

Det er selvfølgelig ikke meningen at ville fremvinge en kunstig sproghed; men komitéen maa altid ha for øje at den skal aapne vejen for en utvikling frem imot national samling paa grundlag av folkevirkelige talesprog.

He was slightly ill (mentally) and had an angry outburst as we arrived, so he went to the lawn and sat on a bench. He was very angry and shouting and swearing at us and at the sky. He was screaming and shouting at us and at the sky. He was screaming and shouting at us and at the sky.

Vendinga «folkets virkelige talesprog» skulle koma att i mandatet til rettskrivningsnemnda av 1934 som «norsk folkemålsgrunn» og i føremåls-paragraphen for Norsk språknemnd av 1952 som «norsk folkemåls grunn». Det var såleis denne vendinga som kom til å gje grunnlaget for norsk språkpolitikk i ein lang og viktig periode.

Kor mykje statsråd Bryggesaa hadde hatt med personalet å gjera, er uvisst. Når det galdt mandatet, har Halvdan Koht fortalt at det var han som hadde ansvaret for at passusen om «folkets virkelige talesprog», kom inn. Han gjorde det i stortingsdebatten om rettskrivinga av 1938;

Eg kann vel no fortelja den loyndomen, som til i dag har vore ein loyndom millom ekspedisjonschef Hougen i Kykjedepartementet og meg, at denne setninga um at samlinga skal byggja på «folkets virkelige talesprogs», den er det eg som har skrive. Det er eg som har skrive ho og fått Kykjedepartementet til å setja ho inn i mandatet. Og det som den gongen var mandaet, det er det som sidan har vore mandaet for alt det arbeidet som har vore gjort i denne saka.  
(Stortingstidende 1937, s. 1756.)

Løyndomen hadde rett nok ikkje vore så løymleg som Kohl sa. Alt i 1918 fortalte han såleis neit det same i eit brev til Marius Hægstad (brev til Hægstad, Nord. inst., Bergen). Etter eit møte om rettskrivinga som dei bære var på sisti april 1918, og der Hjalmar Falk og Hægstad tala, fekk

Hægstad brev frå Halvdan Koht, der han takka for tala og for «grete og gode ord». Brevet var nok helst skrive ikkje før å føre fram denne takken, men for å fortelja Hægstad om «ei rein personleg glede for meg sjølv» som Koht hadde hatt fordi Hægstad hadde lagt så mykje vekt på det mandatet sa om «den levande folketalen i bygd og by». Koht ville fortelja Hægstad «i trumål» at det var han, Koht, som hadde fått inn det som stod om dere, då Høugen i departementet hadde late han få lesa utkastet til mandaat. Truleg hadde Koht teke fram den same løyndomen i trumål fleire gonger når det var nokon som ville lyde på.

Ein kan jarnføre tre handskrivne tekstuksnitt for å sei at nokon som hadde skrive innskotet i margen av brevet med mandaatet. Ved å jarnføre skrifforma i hovudteksta og innskotet kan ein sjå at innskotet er skrive med ei anna hand enn hovudteksta. Ved å jarnføre margininskotet med ei prøve på handskrifta å Halvdan Koht, til dømes i brevet til Hægstad frå 1918, kan ein dinest sjå om Koht gav korrekte opplysningar då han ville ha forfattarreitten til innskotet som inneheld kjerneordet «folkets virkelige talesprog». Det ser ut til at det gjørne kan vera den same skrivarhanda som har ført pennen i innskotet og i brevet til Hægstad. Etter det må ein kunne ta Halvdan Koht på ordet: Det må vera han som skreiv dette.

Tryti 1953:131 og etter han Vinje 1978:299 har siterat det Koht sa om forfattarskapen til denne setninga, og dei har utan vidare godteke at han hadde fått Hougen til «å sei ja ho inn i mandaatet», men rett nok utan å gjå inn på korleis det hadde gått for seg. Vinje legg til at det i det fyrste utkastet hadde stått «det dannende talesprog» i staden for «folkets virkelige talesprog». Det må vera gale, det finst ikkje noko slike i det ukastet som Riksarkivet har, der dette tilleggret står, og det er vel heller ikkje rimeleg ut frå bakgrunnen og samanhengen at nett «det dannede talesprog» kunne høvere der.

Eit par ord om reaksjonar på valtet av talsfolk for landsmålet i reitskrivningsnemnda: Landsmålsbladet Den 17de Mai var storleg nøgt med dei som var oppnemnde. Bladet tok opp att nokre krav som det sjølv hadde nemnt, om sakkunnskap, pietetskjensle og tiltru, og slo utan etterhånd fast at dei nynorske medlemene sletta alle tre krava: «Ja, med menn som Lars Eskeland, Knut Liestøl og Jens Tvedt kan maalfolket kjenne seg fulltrygge paa, at arbeidet er i gode hender.»

Gula Tidend og dei krinsane bladet var talerøy for, var derimot korkje trøystefulle eller smilande. Dei hadde nær sagt gått i spinne av frustrasjon og vondtote heilt frå saka kom opp. GT (14.6.) brukte overskrifta «Sam-

røringsnemndi vedteki» då bladet melde at Stortinget hadde gjort vedlak om å setja ned ei nemnd. Stortingsvedtaket var «eit slag i andlitet paa vestlandisk maalarbeid innistø». I eit typisk lesarinngleg venta forfattaren Ragnvald Vaage seg ikkje noko godt av «denne maalmakarmenndi».

#### Rettsskrivningsnemnda av 1913 og arbeidsnemnda av 1916

Den nylissette rettskrivningsnemnda kom saman til det fyrste møtet sitt 29.9.13, og nemndmennene gjekk frå kvarandre 4.10. (D17M 30.9. og 7.10.). Då dei skildest, hadde dei bytt arbeidet mellom seg, og dei skulle truleg møtest att ved nyttår. Som kjent kom ikkje nemnda til å leggje offentleg fram noko resultat frå arbeidet sitt. Kor mange møte nemnda hadde, ser ut til å stå på kva ein legg i møte, om ein meiner samankallinger eller dagar. Jens Tvedt (sjå nrf.) skreiv at det hadde vore to møte i alt, og han meinte nok med det samankallingar, som for han og Eskeland etterville sein reiser til Kristiania. Det har vore vanleg kjent at då formannen Alf Torp døydde i september 1916, hadde nemnda ikkje vore saman på over to år. Om dei verkeleg møtest ved årsskiftet 1913–14, som avtala var, så var det jamvel nærrare tre år som hadde lide. Men det er uviss. Det er ikkje funne dokument av noko slag som fortel om det, og heller ikkje er det funne noko om det i målblaada Den 17de Mai og Gula Tidend frå den tida.

Departementet tok visst fråfallet å Torp som eit signal om at det no var høvet til å koma vidare med rettskrivingssaka. Liestøl, som hadde vore sekretær i Topp-nemnda, skreiv brev til medlemene i den nemnda 16.10. og bad dei «utan drygging» sende inn det dei måtte ha av nemndifang av seg sjølv eller andre. Av brev dei sende inn, som ligg i Riksarkivet, kan ein sjå kor mykje dei sende, og det var i det heile lite.

Eit par veker etter dette hadde departementet sondert terrenget så mykje at det 28.10. gjekk ut brev til medlemmer i den gamle nemnda som departementet ikkje ynskte å ha med vidare, og brev til dei som det ville ha i den nye nemnda. Dei fyrste breva gjekk til Eskeland, Løken og Tvedt, dei andre til Alnæs og Liestøl av den gamle nemnda og til dei nye medlemene Hjalmar Falk, Didrik Arup Seip og Marius Hægstad. Den 30.10. vart det sendt ut melding til pressa om at den gamle nemnda var opplyst, og at det var sett ned ein «arbeidskomite» til å fullføre arbeidet, og vidare var det sagt kven som skulle vera med i den nemnda. Det er tydeleg at departementet då hadde vore i innmøg kontakt med dei utpeikte kandidatane. Pressmeldinga hadde denne ordlyden:

Paa grund av den ved prof. Torps død opstaade situation har departementet fundet det mest hensigtsmæssig at opøse den tidligere nedsatte retskrivningskomite, og har efter konferanse med mænd fra begge sproglige nedsat en arbeidskomite, bestaaende av mænd bosatte i Kristiania, for at arbeidet kan bli fremskyndet mest mulig.

#### Brevet til dei oppsagde medlemene lydde såleis:

Herved meddeles at deipet foranlediget ved prof. Alf Torps død har opstået den i 1913 nedsatte komite til at ta under overveielse spørsmålet om revision av landsmalets og bokmålets retskrivning (Retskrivningskomiteen).

De arbeider som foreligger for komiteen fra forskjellige av dens medlemmer, vil bli gjennemgaat av en arbeidskomite her paa stedet.

Regning over Deres eventuelle tilgodehavende bedes sendt departementet direkte.

Den nye nemnda kom etter dette til å ha fem medlemmer mot seks i den gamle. Såleis vart det eit skjevt høye mellom målformene. Den nye riks-målsprofessoren Seip (han var utnemnd i det nye embetet i 1916) hadde rett nok vore målmann som student, og somme meinte ein kunne sjå på han som representant for både måla. Men dei fleste nynorskfolk såg nok med noko skepsis på Seip som målmann. Den skepsisen vart ikkje mindre etter kvart.

I pressemeldinga er det, sikkert med eit poengert føremål, lagt vekt på at alle medlemene av den nye nemnda var busette i hovudstaden, og at tanken med det var å få arbeidet snøgt unna. Orda «hensigtsmessig» og «arbeidskomite», som også er brukte i oppnemningsbrevet til dei nye medlemene, peikar i same lei. I brevet til dei oppsagde medlemene er dei orda ikkje med. Dei fekk i dei heile ei påfallande kaldt foretningsbrev, utan noko forklaring eller takk for (lite) velgjort. Dei fekk ikkje eit halvkloyyt ord som kunne synne at departementet hadde tenkt seg inn i situasjonen at dei som vart vraka. Likevel var brevet sikkert ikkje medvite eller tilskitta kaldt og upersonleg, det var berre eit automathrev, konspiserte av ein departemental maskinhjerne. Ikkevel minst med ordet «arbeidskomite» har departementet drege eit skilje mellom den gamle og den nye nemnda.

Med å gjera arbeidskomiteen til ei rein Kristiania-nemnd vart det teke omsyn både til økonomi og effektivitet. Ein skulle likevel tru at dei som sette saman nemnda, måtte ha tenkt mest på fagleg dugleik og målpolitiske mål. Det er ikke uvanlig at et departement med eit slikt forslag til et nytt arbeidskomite først tar opp saken i et møte med andre departementer.

plassering. Departementet hadde visst ingen særlege målpolitiske tankar med skifte av medlemer. Det departementet ynskte, var ei arbeidsfør nemnd, og ynskjemålet om å få det til gjorde at det ikkje vart lagt opp til noko fraksjonsterking eller noko målgeografisk mønster. Det skulle seinare vise seg å få store verknader.

Ein av medlemene i den gamle nemnda, Jens Tvedt, reagerte sterkt då han fekk brevet frå departementet med melding om at nemnda hadde vorte omorganisert. Han skreiv attende, og sa at han meinte «det høgvrysste styre» hadde fare anleis fram em Stortinget hadde føresett. Avferda at Torp var eit tap for landet og nemnda, men det gav ikkje grunn til å vøle om på nemnda. Framgangsmåten skapte eit inntrykk av at det var vestlendingane som hadde seinka arbeidet, men det hadde Eskeland og han verkeleg ikkje gjort. Berre to gonger var dei til sagt til møte, med stuttast mogeleg varsel, men dei to vestlendingane hadde vore til stades då dei skulle, så dei hadde ikkje skulda for at dei ikkje vart fleire møte. Tvedt var tydeleg djupt krenkt.

Eskeland var også krenkt, og han skreiv seinare om saka i GT (6. og 8.2.19). «Men han kom snart over den støyten. Jens Tvedt derimot ikkje,» skriv biografen å Tvedt (Espeland 1959:136). Brevet Tvedt sende til departementet, finst no i Riksarkivet, og det er også prenta i Espeland 1959. Ein kan koma fram til ei meining om grunnen eller grunna til at den første nemnda ikkje fekk gjort noko, ved å byggje på det Eskeland og Tvedt hadde sagt, og det som GT så skreiv på grunnlag av opplysingane frå dei to. Eskeland hadde hatt ein samanstøyt med Torp om vokalane, og nemnda hadde vedteke at talsfolka for kvart mål skulle arbeide for seg, og at kvar gruppe skulle ha ansvaret for sitt mål. Det var truleg dei vanskelege aspektane som etter dette låg over arbeidet til nemnda, som gjorde at Torp miste trua på at dei kunne få gjort noko særleg, og at han så gav opp å kalle saman nemnda att. Ein annan grunn var at Alf Torp hadde mykje å gjera; ved sida av arbeidet som professor heldt han på denne tida på som hardast med det som skulle bli *Nynorsk etymologisk ordbok*.

#### Arbeidet med rettskrivinga av 1917

Når den nye nemnda arbeidde så snøgt og effektivt, er det grunn til å tro at det ikkje minst kom av den eruptive og dynamiske krafta som Seip stod for. Dei andre måtte sjølv sagt vera med på farten. Av ymse brev frå formannen Falk som no finst i Riksarkivet, kan ein foresten sjå at Falk tok seg av korrespondansen til nemnda, og av anna samarbeid han hadde

med Hægstad, og mykje anna arbeid han gjorde med norsk språk, er det tydeleg at han ikkje nokon gong var berre ein gallionsfigur. Hægstad gav Falk lovord for engasjement og interesse. Etter det Vinje skriv (1978:299), var Torgeir Krogsrud sekretær for nemnda. Det må vel vera rett, men kor mykje Krogsrud gjorde, er uvisst. Han er ikkje nemnd i *Indst 1917* og ikkje i papira i Riksarkivet.

Medlemene skreiv under på *Indst 1917* og leverte ho til departementet 12.12.17. *Indst 1917* seier i det stutte førordnet at nemnda ikkje hadde laga eit detaljert framlegg. Utgreiinga måtte difor følgjast opp av ordlistar. Framlegga var borne av eit sams grunnsyn og kunne ikkje løysast frå kvarandre, ein laut ta alt eller lata det vera.

I innleiinga, som følger etter førordnet, har nemnda under tittelen «Komiteens mandat», gjort greie for mandatet den første nemnda hadde fått. Det hadde altså ikkje kome nokon nytt til om målet som nemnda av 1916 skulle arbeide mot. Det dei hadde å reite seg etter, var det som Hougen (og Koht) hadde sett opp.

*Indst 1917* er ført i pennen på riksmaål. Målforma er sjølvsagt ikkje noko prov på at Hægstad og Liestøl ikkje hadde skrive noko, men tanke- måten, ordlegginga eller prøvføringa ber heller ikkje nokon stad sterke vitnemål om at dei to landsmålsmedlemmene hadde ført pennen. Tvertimot skulle ein tru dei må ha hatt visse vanskar med å godkjenne eit og anna av det som står der, og å skrive under på det alt saman. Ein påstand som ei dårleg samsvar med den ortodokse nynorske læra dei båe stod for, er det såleis at «det offisielle lm. i fremtrædende grad er et vestlandsmaål» (s. 5). Det same gjeld for den advokatur som blir ført for nye, og det vil sia austnorske, former i landsmålet. Mykje av dette må vera eit uttrykk for ånda åt D.A. Seip i Østlandsk Reising-perioden hans. Seip var nok hovudforfattaren. Falk hadde truleg skrive noko, og det kan vera at noko kom frå Alnæs. I eit brev til departementet i juli 1919 nemnde Liestøl at han hadde skrive om «De svake hunkjønnsord i lm.» på s. 62f. Kva som elles kan ha kome frå Hægstad og Liestøl, er uvisst. I alle fall skulle ein tru at Hjalmar Falk må ha hatt den siste handa med alt saman. Ved eit nøgnare studium av tekst og innhald skulle det vera mogeleg å finne ut noko meir om forfattarskapen til dei einskilde boklane.

*Indst 1917* sluttar med særverta frå Hægstad og Alnæs. I særveretumet åt Hægstad sa han at jamvel om han var usamdi i sonyt, så ynskte han likevel at framleget skulle bli vedteke fordi det kom frå den fyrste sammendøma for både måla der medlemene var samde om at grunnlaget for målurtviklinga skulle vera «det nedervde norske folkemalet», og det var ei nemnd

som samstundes hadde teke sikte på «*eit* heilnorsk bokmaal for alle nordmenn» (*Indst 1917*, s. 82).

Særveretumet åt Alnæs var sterkeare som motlegg enn det Hægstad leverte. Alnæs var særlig redd det skulle bli sterke «rivninger» i og utanfor skulen. Med det må han fyrst og fremst ha tenkt på motstand frå konsernative riksmaisfolk.

Særveretumet åt Hægstad reiser spørsmålet om rammen for eit «heilnorsk» mål som var noko anna enn landsmål, og spørsmålet om kva dei nynorske medlemene kan ha gjort seg for tankar om eit slike mål. Alt kring hundreårskiftet hadde Hægstad vore open for å ta pedagogiske omsyn til både måla. Likevel kan det sjå ut som han no hadde gått lengre enn før til møtes med bokmålet, og at han hadde valt samarbeid framfor strid meir enn han ville ha gjort før. Det gjaldt synet hans på landsmål i høve til riksmaål. Noko anna var synet på norma åt landsmålet. Hægstad hadde alltid vore ein talisman for ein klassisk nynorsk, Asen-normalen eller Hægstad-normalen. Med sideformene som var sett opp i *Indst 1917*, var det opna for eit alternativ til klassisk nynorsk, noko som ein særleg kan konkretisere til merkelappane *a*-mål ved sida av *i*-mål. Då ei tidlegare rettskrivningsnemnd sluttførte arbeidet sitt i desember 1900, hadde Hægstad vore med på å opne for Midlandsnormalen «i bygder og byar som maatte ynskja dei» («Tillæg», s. 20), men også Midlandsnormalen hadde halde på *i*-forma. Vidare vart det no opna for noko slike som -er ved sida av -or i fleirtal av linne hokjønnsord, for infinitiv på -e og for austlandske former som *brott* og *drom*. Slik var alt anna enn klassisk nynorsk.

Dei nye, folkemålsnære formene var likevel berre eit mogeleg val; dei vart ikkje sett i staden for dei klassiske formene, jamvel om det vel og var ørme på at i villaust klassiske former vart skuvde heilt ut av normalen. I all hovudsak var dei gamle formene med, så endå om Hægstad gjekk med på å ta inn somme nye former, kunne han halde oppre trua på at dei klassiske formene kom til å vinne til slutt. Eit kjemepunkt som valct mellom *i*-forma og *a*-forma drog sjølvsagt også inn tilhøvet til det andre målet i landet. Det måtte vera berrsyn for alle, også for Hægstad, at landsmålet ikkje kunne møtast med riksmalet som eit *i*-mål. For riksmalet var dei ikkje råd å koma lengre enn til -a, det var plent umogeleg å koma til -i.

## I departementet går det snøgt

Då departementet fekk *Indst 1917*, tok det seg av saka med ein gong. Ho vart lagd fram i statsråd 21.12., det vil sei å dagar etter underskrivingsdatoen. Då var ho bokstaveleg tala endå heilt blodvarm. Statsrådane fekk avtrykk av fyrstekorrekturen (Jahr 1978:109), men framleggет gjekk igjennom og vart vedteke i det statsrådet. Det var hevda etterpå at dette var uforståelig snøgg saksførehaving, og det var gjerne rett. I foredraget til den kongelege resolusjonen gav vel departementet eit slags verjemål føreåt for mogelege klager om hastiverk. Departementet sa der at det innstille «paa sagens avgjørelse straks», og viste til at det eigenleg var tale om «en meget begrænsede rettskrivningsreform». I den samanhengen peikte det på at «Den egentlige sprogeforni foreslaes valgfri og overgives dermed til ny prøvelse og forisat diskusjon» (Gundersen 1967:86).

## Hægstad om rettskrivinga

Hægstad sa kva han meinte om rettskrivingsframleggет i særvotumet sitt. Det har elles ikkje vore kjent at han sa noko meir, eller at han utdypa meiningsane sine noko. Det er berre det ein kan vente, for Hægstad var ikkje mykje aktiv med normeringstrever eller rettskrivingstankar etter 1917. Han let ikkje høyre frå seg i skriflege ordskifte om rettskrivinga og prenta ikkje noko om henne elles heller, men han var då med på nokre møte om saka. Etter referatet frå eit møte i Oslo Maallag 30.12.17 (GT 31.12.) hevda han der at den obligatoriske rettskrivinga som «dansken» her i landet no skulle få, ikkje ville få mange levedagar. Det ville halde fram med brigding, og etter det ville striden stå mellom berre norske former. Han sa at «alle eller flestal» av nemndmennene var overtydde om at rettskrivinga for riksmalet ikkje kom til å stå så mange år, det var nemt fem. I norskem stod Ivar Aasens form framleis ubrigda. Hægstad lét vel over professor Falk, som hadde gjort eit framifrå arbeid. Etter foredraget var det ikkje noko ordskifte. Etter referatet som D17M gav, ser det ut til at Hægstad ikkje tok for seg anna enn riksmalet i tala si.

Om Hægstad sa lite eller ingenting offentleg, uttala han seg derimot privat om heile rettskrivinga for landsmål. I eit brev til Peter Hognestad, den seinare bispen, som då var prest i Bergen, kom han inn på arbeidet i nemnda. Særleg gjennom nokre sommarkurs for prestar, som Hognestad styrte og Hægstad underviste ved, hadde dei to vorte nære venner. Brevet var skrive i januar 1919, etter at det hadde vore og framleis var stor strid om rettskrivinga for landsmål. Hægstad skreiv at då han sa seg vijug til å gå inn i nemnda, var det berre tale om å jamne ut skrivemåtar. Men

mandataet frå departementet gjekk vidare, og mestå heile målet vart reviert. Så siterer eg:

Me rekna enno Seip som maalmann, daa me byrja arbeidet i nemndi. Men det vart meir og meir til det at han vart representant for kaos i baae maali, visst med den velmeinte tanken aa skapa eit maal i landet i «ein slektid». Til studnad for denne uppgaava drog han fram alle roteperar i dansk og norsk. Eg var sumtid so arg at eg kunde vilja renna fraa det heile; men nær eg so kom til å tenkja paa at noko likevel måtte gjeraast for skulen skuld, og at det kunde koma ein inn i nemndi som var veikare enn eg, heldt eg ut likevel. Og naar eg no ser paa utfallet i det heile, er det so lite som er brigda i den norske normalformi, at det ikkje veg mykje mot den grunnstøtten som det danske bokmaalet hev fenge. Dei nye sideformerne i norskem er ikkje andre enn dei som roteperar i landsmaalet hev drive seg med og venteteg vil koma til åa driva paan med framleides.

Også til den austnorske målmannen Peder Holter gav Hægstad ei forklaring på kvifor han hadde vore med på framlegg om ny rettskriving. Holter måtte skjøna at det skulle til sterke grunnar for han gjekk ned på den valfrie kløyvinga i norskem. Med den nye rettskrivinga hadde målfresinga utan *tvil* lide eit tap i den *kvalitative* styrken som det gav å ha ei grei monstervern med faste, klåre og formfine konturar, men etter det som austlandske og trøndsk mālfolk hadde skrive og tala om, sterkare og sterkare, og i den seinaste tida med *stormrop* i «*den austlandske reising*», måtte han ha grunnt til å tru at dei ville vinne så mykje i *kvantitativ* styrke at dei fekk våge ferda.

Personilhøve og personlege relasjonar kan ha hatt noko å sei for mange politiske og språkpolitiske avgjerder. Ein kan berre gjeta på at det kan ha vore slik her og. Mellom Hægstad og Falk, formannen i nemndna, var det ein djup personleg venskap. Den hadde vaks fram gjennom eit langt samarbeid først og fremst om stadnamnsmørking, men og i samarbeidet om å gjera ferdig Alf Torp: *Nynorsk etymologisk ordbok* og endeleg altså også i vanleg normeringsarbeid. Hægstad kom med meininger om Falk meir enn ein gong. Han skreiv til kona si at Falk gjekk meir og meir i norsk lei. Ein annan gong roste han Falk for at han, riksmalemen, gjekk så heilhuga inn for å norske opp riksmalet. Då Hægstad sommaren 1917 var lærar på eit prestekurs i Kviteseid, kom Falk og dit for at dei skulle arbeide saman om Torp-ordboka. Falk fekk seg fyrst husrrom eit par km unna kurset, men det vara ikkje lengre før det lukkaast å skaffe rom åt han på gangen beint imot Hægstad og midt mellom alle

prestane. Lojalitet og venskapsband til Falk kan ha hatt noko å seia for korleis Haugstad stelte seg i rettskrivningsnemnda.

### Dei som ikkje hadde bruk for frelse

Vestmennene tok rettskrivinga tungt. Det kom fram i Gula Tidend nokså snøgt, og motstanden vara ved i heile 1918 og vart aller sterkest på etterjulswinteren og våren 1919. Men alt i desember 1917 skreiv H(ans) A(arnes) slik som dette:

Myrdingi av det norske maalet er no vedteki ogso av vaart «nationale vinstriekstyre». Og myrdingsmaaten er den felaste som kann verta nyttar; seigpinning med sundbrötjing av ryggbeini.

Riksstyret hev ogso fastsett myrdingsdagen. Den 1. juli 1918 skal udauden bera til. Daa skal det norske maalet faa daudardasken.

Dei som vil skada oss sit alt ved kongsbordet. Dei me trudde oss til, hev svike oss. Vinstre som lova aa reisa det norske maal hev lyft hanaren og vil drepa det.

På etterjulswinteren 1919 var Gula Tidend som før målberar for morørsla, og det var to førarar for henne. Den eine var bladstyraren i GT, Johs. Lavik, den andre var Lars Eskeland på Voss folkehøgskule. På den andre sida stod målbladet i Oslo, D17M.

Eskeland fortalte fleire gonger, i bladstykke og på møte (t.d. GT 6.2.19), om grunnen til at den fyrste nemnda vart opployst, hermde mykje frå fuljmakta som nemnda hadde fått, og fortalde om arbeidet i nemnda. Han sa og skreiv at medlemene arbeidde mykje med saka kvar hjå seg, og han hadde aldri reknad dette for noka hastesak. Eskeland meinte ikkje som Lavik at statsråd Løyland hadde brigda mandatet for å få eit anna resultat, men av di mandaet var så lite presist, kunne den nye nemnda ta det på ein annan måte enn den fyrste hadde gjort. Ordet «samnøring» var mykje framme. I den fyrste nemnda hadde formannen Torp først lagt opp til ei samnørlingsline med di han hadde gått inn for at landsmålet skulle ta opp visse brøge i grammatikken og vokalskipnaden. Til det hadde målsfolka for norskene svara at dei ikkje ville vera med på noko nemndarbeid der andre enn dei som brukte norsk sjølv, fekk avgjera korleis han skulle vera. Torp hadde fått forståing for det. Dei hadde så gjort vedtak om «at kvar nemndarflok skulde hava fullt andsvar for sitt mål utan innblanding i avgjersla frá hi sida» (GT 8.2.19).

Eskeland hadde høyrt at dei ikkje hadde gjort det slik i den nye nemnda, til dauden», det var overskrifta over ei rad stykke i GT som skulle syne

og resultatet vitna godt nok om det. Eskeland vissste kven som hadde hatt makta i nemnda:

Professor Seip hev i minsto vore med i avgjerslone på bæ sider, og han er ein mykje verre samnøringssmann en nokon som var med i den fyrste nemndi. Den einaste som der kunde koma upp mot han i det stykket var Haakon Løken. Ein kann segja at professor Torp og var samnøringssmann, og det var han som mest freista seg ned á få samnøring til, elder brubyggjing som dei og hev kalla det. Men han hadde for stort eit målskyn til á driva det vidt, og han var for rettvis og vyrdsam imot dei andre til á freista iverga seg fram.

Um Seip vart sett inn i nemndi på den måten at han skulle vera oddemann i kvar av flokkane, det er ikkje so godt á segja. Men at det vart endelykti, er lett á sjá. Og på den måtjen hev han fengte største magti. I hovudsaki hev dei gjenge som han ynskte. Og er det ein mann i landet som ikkje burde setja stemmeleidi i desse ting, so er det professor Seip. Det vantar han ikkje på kunniskap. Men det vantar han på målskyn. Han er både i eitt og hitt merkeleg lik Knud Knudsen, og for han veit me det galdt á få eit norsk mål «utan omsyn paat fint eller ufint».

Den 23.2.1919 vart det halde eit protestmøte i Bergen mot rettskrivningsbrigda for nynorsk. Der vart det vedteke ei fråsegn med krav om å få ei visa som lærebokform, krav om at ci rettskrivningsreform aldri måtte gjekkast på denne måten meir, og endeleg eit krav om at folk som sjølvre ikkje nyttia landsmål, ikkje skulle ha noko å sei for normeringa av målet.

Nokre tala imot å veda noko i det heile eller å veda delar av fråsegna. Ein grunn var at dei ikkje ville vera med på «medhogging av vaar største maalhovding i dag» (Løvland), som ein av avvikkarane ordla seg. Ein annan var at dei med ei slik fråsegn ville stø riksmafsfolket, som nett då fylka seg for å få rettskrivingsvedtaket omgjort. Ein tredje var at saka alt var avgjord, og det var gale å blaßc henne meir opp.

I D17M 19.4.19 tok Olav Midtun fram ein bundel av utsegner som vestlendingar hadde karakterisert rettskrivningsbrigdet med. Det var slike som «samnøring», «lepjemaal», «sunderbrotning» og «operation til dauden». Det var før jul 1918 nemninga «Lepjemaale» hadde vorte lansert. Då stod det i GT fleire inlegg under den overskrifta (kva ho no elles skulle tyde). I alle fall var det målet «i synd avla og i misgjerd født» (13.11.18). Dei vende seg mot Midtun og forsvarer hans for rettskrivninga, men også nemndfolk og Løvland fekk passa sine påskrivne. Litt ut på nyåret 1919 vart rettskrivinga karakterisert som «Operation til dauden», det var overskrifta over ei rad stykke i GT som skulle syn

kor meiningslaust galen ho var. Mange punkt vart tekne opp. For Lars Eskeland var det viktigaste det som til sist vart fastsett om eintal av linne hokjønsord. Om det skreiv han i ein polemikk med Liestøl og Midttun (D17M 8.4. og 1.5.19, GT 5.4. og 30.4.19). På protestmøtet i Bergen 23.2. var det – som vi såg – også dette eine punktet som vart særa ut. Til det knynte det seg etter kvart ein viss historikk eller ei utvikling med varierande vedtak, for i tilrådinga om ny rettskriving hadde nemnda først teke med både typane *vise* og *vise* i ubunden form, og dei som la vekt på tradisjonen, mente vel at *vise* skulle vera hovudform. Dette vart halde oppe i *Reglar og ordlistor*, som kom sommaren 1918, og skuleboknemnda sa seg sand i det på måte i november. Men etter vedtak av rettskrivningsnemnda før jul 1918 skulle bøtere *vise* vera lærebokform. Det punktet vart etter kvart hovudsaka i den vestnorske motstanden mot rettskrivinga av 1917.

Det som vestmannmotstanden mot rettskrivinga samla seg om, var altså noko som var sagt uttrykkjeleg først etter 1917. Vestmennene bar dessutan fram ein vondoite for at endinga -e i substantiv ville dra etter seg -e i infinitiv og. Motstanden toppa seg i et skriv til Kyrkje- og undervisningsdepartementet i april 1919 underskrive av 63 kjende målfolk som kravde at *ei visa* måtte få vera lærebokform framleis. Brevtiffang i Riksstad var viljug til å koma vestmennene i møte og fullt ut gjera *ei visa* til lærebokform ved sida av *ei vise*. I et brev underskrive av Falk og Hægstad 17.4.19, som departementet hadde bygt på, stod det at bøker med den valfrie forma *ei visa* kunne brukast i skulen der som skuleskyra ynskte den forma. Liestøl og Midttun (som var med i nemnda frå 2.11.18) heldt seg derimot harde og sa tvert nei til å godkjenne fullt ut bøker med slike former. Formannen Falk slo i et brev fast at heile nemnda «unntagen Hægstad» her slutta opp om dei to.

### Etterpåtankar av ein son

I brevet til Peder Holter kom Hægstad med eit ynske om at opninga mot austlandsmåla måtte føre til kvalitativ framgang for landsmålet. Ein av sonene å Hægstad, Sigvat Heggstad, kom i et manuskript med ein merknad til dette fromme ynsket i 1944. Han meinte å kunne si fast at vona å faren ikkje hadde gått i oppfylling. Han underbygde det med å vise til at då om lag 1900 krimesar hadde teke opp dei valfrie formene, fekk dei ingen stønad av førarane for den austnorske reisinga, Berggrav og Seip. Då dei to såg at Østlandsk Reisning hadde løyst oppgåva si med å spre-

gje landsmålsfronten, tyktest dei å ha mist all interesse for austlandsmålet og skreiv pyntelegr bokmål som før. Då så skulekrinsane med valfritt mål såg seg svikne både av pressa og førarane, gjeikk dei difor attende til dei obligatoriske formene, og målbygdene vart aleine om rotet. Dette var ein beisk kommentar av ein son om noko far hans hadde vona på. S. Heggstad seier ingenting om at Hægstad hadde sett det slik. Den utviklinga sonen skildra frå sin synsstad i krigstida, 25 år etter 1919 og 17 år etter Hægstad døydde, var godt på veg hjå sonne målfolk alt med Hægstad leide og førte såleis til ein like beisk kommentar av Gustav Indrebø i artikkelen «Einskap i rettskriving» (1929). Det var berre to år etter at Hægstad døydde.

### Merknad om kjeldene

Denne artikkelen bygger på arkivtiffang frå Riksarkivet, brev frå Marius Hægstad i Handskriftsamlinga på Universitetsbiblioteket i Oslo og ei mappe med arkivsaker etter Marius Hægstad som finst på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen. Tiffanget frå Riksarkivet er i KUD, 2. skulekontor, Rettskrivningskomiteen 1917 I–II, pakke 174, hylenummer 3A 03744-5. Vidare er det bygt på avisar frå denne tida, særleg dei to målbilada Den 17de Mai og Gula Tidend. Sjå elles litteraturlista.

### Litteratur

- Den nye rettskriving. Reglar og ordlistor. II Landsmål*, Kristiania 1918.  
D17M = Den 17de Mai, avis i Kristiania.  
«Framlegg um skrivereglar for landsmålet i skularne.» I *Universitets- og skoleannaler*, Kristiania 1899.  
GT = Gula Tidend, avis i Bergen.  
Gundersen, Dag 1967: *Fra Wergeland til Vogt-komiteen*. Oslo.  
Haugen, Einar 1969: *Riksspråk og folkemål*. Oslo.  
Indrebø, Gustav 1929: «Einskap i rettskriving». I Gustav Indrebø: *Nynorsk og bokmål*. Bjørgvin 1932.  
*Indret 1917 = Indstilling fra Rettskrivningskomiteen*.  
Jahr, Ernst Håkon 1978: *Østlandsmåla fram*. Oslo.  
Kirke- og undervisningsdepartementet 1917: *Indstilling fra Rettskrivningskomiteen*. Kristiania.  
Moe, Moltke 1926: *Moltke Moes samlede skrifter* II. Utgitt ved Knut Liestøl. Oslo.  
Seip, D.A. 1917: *Eitt mål i Norge. Målsstriden avgjort av denne generation?* Kristiania.  
*Stortingstidende* 1937.

## **Stjornarmøte i Vestmannalaget 21. september 2000**

Stad: Irsk Pub på Bryggja

Til stades Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Sigbjørn Huun, Kjell Henry Knivsflå og Helge Liland.

Skrivaren hadde meldt forfall pga sjukdom i familien. Stjorni valde Harald Linga til referent. Bladstyrar Marøy og rekneskapsførar Liland hev ikkje røysterett i saker som gjeld Vestmannen. Marøy og Liland røysta ikkje under saki.

I Formannen informerte um at Jostein Krokvik hadde sagt frå seg forretningsförsla for Vestmannen. Krokvik heldt fram med forretningsföringi etter at Marøy vart bladstyrar. Han hev sett opp Marøys namn og adressa for alle kontaktar med Vestmannen. Krokvik betalar rekningar ut månaden. Deretter må stjorni ha ny forretningsförarar. Formannen meinte at det var prinsipielt feil at bladstyrar og forretningsförarar var same person. Men han var viljug til å yvertaka den daglege drifti med Vestmannen inntil stjorni kunde få tid på seg til å gjera eit velgrunna vedtak.

Marøy og Liland var med på dei innleidande dryftingane. Men forlet møtet då endeleg vedtak skulde gjerast.

Vedtaket vart fylgjande :

Stjorni i Vestmannalaget konstituerar Lars Bjarne Marøy som forretningsförar for bladet Vestmannen inntil stjorni gjer anna vedtak. Stjorni kjem attende til saki når varafomannen og skrivaren hev havt høve til å vurdera henne nærmare. Stjorni skal samstundes arbeida for å tilsetja fast forretningsförarar for Vestmannen. Det vert ikkje gjeve honorar for forretningsförsla i konstitusjonsperioden. Marøy fær fullmakter til Vestmannens kontorar, og fær fullmakt til å delegera arbeid til rekneskapsföraren, Helge Liland. Liland fær likeins kontofullmakt til Vestmannens kontorar. Stjorni kjem attende til saki når varafomannen og skrivaren hev havt høve til å vurdera henne nærmare. Dei melder frå til formannen som set saki på saklista.

Harald Linga, referent

Bergen, den 21. september 2000.

Til Stjorni for Vestmannalget,  
5000 Bergen.

Eg har hatt diverse utlegg og andre utlogar i samband med  
revisjon av rekneskapen for bladet Vestmannen i åra 1997 til  
og med 1999 á kr. 300.- = kr. 900.- som bes tilsend meg.

Med helsing

  
John Marhaug,  
revisor.

Vedl.: Bankgirotalang.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Gode lagsfolk.

Bergen 11. september 2000

Vel møtt til ein ny møtesesong i Vestmannalaget. Stjorni kann upplysa um at me hev konstituert oss. Stjorni er no fylgjande :

Lars Bjarne Marøy, formann  
Harald Linga, nestformann  
Bjørn Tormod, skrivar  
Sigbjørn John Huun, rekneskapsførar  
Finn Vabø, stjornarmann

Stjorni vil segja seg leid for at me måtte avlysa turen til Bjørn West-Museet i Masfjorden i mai. Det var diverre so fåe påmeldingar at me ikkje tykte det var økonomisk forsvarleg å gjenomføra turen. Programmet for hausthalvåret er no på det nærmaste klårt, og me legg det fram nedanfor.

### **Torsdag 21 september klokka 19.00 på Bryggens Museum**

Kari Losnedahl talar um Kommediateatret i Bergen. Kommediateatret var eit sersyn i teatersoga. Det vart drive utan noko tilskot og heldt det gåande i umlag 30 år. Losnedahl hev med seg ljosbilete.

### **Torsdag 12 oktober klokka 19.00 på Bryggens Museum**

Kolbjørn Heggstad talar um språktknologi. Heggstad er ein nestor innanfor arbeidet med språk og data. Heggstad er knytt til Nordisk Språktknologi.

### **Torsdag 9 november klokka 19.00 på Bryggens Museum**

Kjartan Rødland talar yver emnet på nye vegar i Hordaland. Rødland hev skrive bok um vegutbygging i Hordaland, og han hev sett seg svært godt inn i dette emnet.

### **Torsdag 7 desember klokka 19.00 festmøte**

Møtet vert truleg halde i festsalen til Kreditkassen, men dette er ikkje endeleg klarert i skrivande stund. Talar er ikkje uppsett enno. Det vert varm mat og bordseta. Påmelding til formannen i brev eller på telefon. Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG, tlf. 55 34 33 77.

Me heissar dykk velkomne på møti.

Med vennleg helsing

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy, formann.

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## **Arbeidsavtale**

Millom

stjorni i Vestmannalaget som òg er bladstyre for Vestmannen

og

Lars Bjarne Marøy

er det gjort fylgjande avtale :

Marøy skal redigera og ha andsvaret for utgjevingi av Vestmannen.


Marøys adressa og telefon


Eliasmarken 14, 5163 LAKSEVÅG, tlf 55 34 33 77

Det er tri månaders innbyrdes uppsegjingstid. Marøy skal ha 3000 kr. i løn for kvart nummer.

Avtalen er skriven i two eksemplar, eitt til stjorni ved nestformann Harald Linga og eitt til Lars Bjarne Marøy.

Bergen 4. september 2000

  
Harald Linga  
arbeidsgjevar

  
Lars Bjarne Marøy  
Arbeidstakar

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget  
v/Fritz Monrad Walles fond  
Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG

Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
Blomsterdalen

Bergen 25 september 2000

## Fritz Monrad Walles fond

Eg som styreformann meiner det er grunn til å vurdera kostnadene ved Fritz Monrad Walles fond. Eg meiner at stjorni i Vestmannalaget no må vurdera å gå burt frå å ha ein sjølvstendig rekneskapsførar for Fritz Monrad Walles fond og lata kassastryraren for Vestmannalaget yvertaka desse uppgåvone. Dette kjem eg til å taka upp på stjornarmøte i Vestmannalaget i nærmeste framtid. I samband med det er eg interessert i å vurdera posten Dykkar som rekneskapsførar. Det er då turvande å vurdera kva for rettstilhøve det finst millom Fritz Monrad Walles fond og Dykk som rekneskapsførar. Sidan De sit med arkivet til fondet, treng eg å få utlevert opplysningar frå Dykk.

Eg vil difor beda um at De innan 14 dagar legg fram fylgjande :

- 1 Kopi av alle avtalor millom Dykk og Fritz Monrad Walles fond, t.d. vedtak frå styremøte der De vart engasjert og eller evt. uppdragsavtale. I fall det ikkje finst noko skriftleg, bed me um at De gjer skriftleg greide for evt. munnlege avtalor.
- 2 Upplysningar um kva konkrete uppgåvor De hev utført for Fritz Monrad Walles fond.
- 3 Kopi av fakturarar og giroyverføringar frå Fritz Monrad Walles fond i samband med rekneskapsføraruppdraget
- 4 Eg bed um kopi av innmelding av løns- evt næringsinntekt og evt årsuppgåvor for skattetrekk og arbeidsgjevaravgift.

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Um det ikkje hev vorte gjort slike innmeldingar som nemnt i punkt 4, bed me um at det gjer greida for og grunngjев det skriftleg.

Eg bed um at De legg fram desse upplysningane i punkt 1-6 innan 14 dagar. Upplysingane må må liggja fyre skriftleg. Um De treng meir tid til å leggja fram nokon av desse upplysningane for meg, må De koma med grunngjeve skriftleg svar til meg innan 14 dagar. Um De ikkje ynskjer å svara på eit eller fleire av desse spørsmåli bed eg um at De kjem med ei skriftleg grunngjeving for det.

Med helsing

*Lars Bjørne Marøy*  
Lars Bjørne Marøy



**posten**

Ta vare på kvitteringen.  
Vis kvittering ved eventuell klage.


Posten Norge BA  
Foretaksnr: 976 949 757 MVA

### Kvittering

Til		Adresse		Gjeld/gjeld	
Leivur F. Losland		Gjeldsendu uregn - 132		5258 Bolundsfjord	
Frak sending		Tidsgaranti		31. 20	
<input type="checkbox"/> Betalt postoppkrev		<input type="checkbox"/> Bedriftspakke Postkontor			
<input type="checkbox"/> Andre data					
Kontonr./reg.nr.		Norgespakke Nummerekken fra adressekortet limes her			
RR 5211 7545					
Vekt (Pakke)		Utl.beløp			
Kurs		Beløp i NOK		Kvitteringsavtrykk av skrankemaskin eller datostempel og signatur:	

Bl. 700/5.00 5.000.000 - 04 2000 Beyer-Hecos

Betalt for	Verdibetlop kr	Serie
<input type="checkbox"/> Luftpost		
<input type="checkbox"/> Ekspres		
<input type="checkbox"/> Postoppkrev		
<input type="checkbox"/> Tidsgaranti		
<input type="checkbox"/> Post/post- avgifter		



Signatur

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget  
v/Fritz Monrad Walles fond  
Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG

Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
Blomsterdalen

Bergen 25 september 2000

## **Fritz Monrad Walles fond**

Eg som styreformann meiner det er grunn til å vurdera kostnadene ved Fritz Monrad Walles fond. Eg meiner at stjorni i Vestmannalaget no må vurdera å gå burt frå å ha ein sjølvstendig rekneskapsførar for Fritz Monrad Walles fond og lata kassastyraren for Vestmannalaget yvertaka desse uppgåvone. Dette kjem eg til å taka upp på stjornarmøte i Vestmannalaget i nærmeste framtid. I samband med det er eg interessert i å vurdera posten Dykkar som rekneskapsførar. Det er då turvande å vurdera kva for rettstilhøve det finst millom Fritz Monrad Walles fond og Dykk som rekneskapsførar. Sidan De sit med arkivet til fondet, treng eg å få utlevert upplysningar frå Dykk.

Eg vil difor beda um at De innan 14 dagar legg fram fylgjande :

1 Kopi av alle avtalor millom Dykk og Fritz Monrad Walles fond, t.d. vedtak frå styremøte der De vart engasjert og eller evt. uppdragsavtale. I fall det ikkje finst noko skriftleg, bed me um at De gjer skriftleg greide for evt. munnlege avtalor.

2 Upplysningar um kva konkrete uppgåvor De hev utført for Fritz Monrad Walles fond.

3 Kopi av fakturarar og giroyverføringer frå Fritz Monrad Walles fond i samband med rekneskapsføraruppdraget

4 Eg bed um kopi av innmelding av løns- evt næringsinntekt og evt årsuppgåvor for skattetrekk og arbeidsgjevaravgift.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Um det ikkje hev vorte gjort slike innmeldingar som nemnt i punkt 4, bed me um at det gjer greida for og grunngjев det skriftleg.

Eg bed um at De legg fram desse upplysningane i punkt 1-6 innan 14 dagar. Upplysingane må må liggja fyre skriftleg. Um De treng meir tid til å leggja fram nokon av desse upplysningane for meg, må De koma med grunngjeve skriftleg svar til meg innan 14 dagar. Um De ikkje ynskjer å svara på eit eller fleire av desse spørsmåli bed eg um at De kjem med ei skriftleg grunngjeving for det.

Med helsing

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget  
v/Fritz Monrad Walles fond  
Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG

Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
5258 BLOMSTERDALEN

Bergen 16. oktober 2000

## **Fritz Monrad Walles fond**

Eg viser til mitt brev av 25. september. Det hev gjenge 14 dagar, og det hev ikkje kome noko svar. Eg bed um at De svarar snarast.

Med helsing

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy

## **Upprit frå stjornarmøte 30. november 2000**

Til stades: Lars Bjarne Marøy, Bjørn Tormod Ringdal og Harald Trefall.

1 Upprit frå fyrre møte. Punktet vart utsett av di det ikkje var ordna upp med uppriti.

2 Formannen fekk høve til å forma ut brev der Fleslands tilhøve til Fritz Monrad Walles fond måtte avklårast av Flesland og der det vart signalisert at uppsegjing av uppdragsavtala med Leiv Flesland var den sannsynlege utgangen.

3 Lovframlegg for Vestmannalaget. Stjorni dryfte lovarbeidet so vidt. Saki vart utsett til neste stjornarmøte.

4 Vestmannen ymse saker. Dette punktet gjekk ut av di rekneskapsføraren for Vestmannen ikkje var til stades.

5 Formannen fekk godkjent utlegg han hadde havt til bussutlegg og internett.

6 Det vart vedteke å yverføra 15 000 kronor frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannalaget.

*Bjørn Tormod Ringdal*  
Bjørn Tormod Ringdal.

Blomsterdalen postkontor  
5868 Bergen


Blomsterdalen 23.11.00

Vestmannalaget  
v/Lars B. Marøy  
Eliasmarka 14  
5163 Laksevåg

Rek. brev adr.til Leiv Flesland

Ang. rek. brev med reg. nr. 5811 89 373 NO kan jeg bekrefte riktig utlevering den 28.09.00.  
Deretter kan jeg bekrefte at det er sendt ut duplikatmelding på rek. brev nr. RR5811 7545 9  
NO den 01.11.00 som også kopien på brevet deres viser. På duplikatmelingen bekreftes  
siste mulig dato for utlevering.

Jeg håper du nå har fått svar på dine spørsmål.

Med hilsen  
Anette Eikeland  
  
fung. poststyrer

# VESTMANNALAGET

*kladd*

Vestmannalaget <sup>stifta 21. januar 1868)</sup>  
v/Lars Bjarne Marøy, formann  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG

Til postsjefen i Bergen  
Boks 1350  
5811 BERGEN

Bergen 23. november 2000

## Um framsending av bladet "Vestmannen" til tingarar og kommisjonærar.

På vegner av Vestmannalaget ved underteikna kontakta Ludv. Jerdal Dykk 8. Juli 2000. De svara 18. juli. Bakgrunnen for klaga var treg utsending av bladet og at bladet ikkje kom fram til kommisjonærane.

Nr. 3 og nr. 4 som skulde vera ute i april fekk eg personleg ikkje kommisjonärblad på. Eg vende meg til postkontoret på Laksevåg i april/mai og spurde etter kommisjonärbladi. Dei måtte ha nummeret på sendelappen. Det hadde eg ikkje fyre meg, og eg hadde ikkje høve til å fylgja upp saki den gongen. Umlag 18. oktober i år fekk eg hentelapp frå postkontoret i Laksevåg. Då hadde Vestmannen nr. 3 som kom ut i april kome til rette! Etter at me klaga hev det vore ei klår betring. Bladet til tingarane kjem langt raskare fram i posten.

Kommisjonärbladi hev kome trygt fram frå nr. 5 som kom ut i juli og fram til nr. 7 som kom ut kring 1. oktober. Me set stor pris på denne betringi.

Men no kom ikkje oktobernummeret fram til two av kommisjonærane her i Bergen. Dette er sers uheppe for oss av di dei bladi som det her gjeld er ei pakka på 20 og ei pakka på 25 eksemplar. 25 eksemplar gjeng til meg sjølv og 20 eksemplar til Ludvig Jerdal. Me nyttar bladi til reklame, og me når ut til mange på den måten.

Frå nr. 5 som kom ut i juli og fram til og med nr. 7 fekk eg bladi beint i postkassen. Det hev ikkje kome nokon hentelapp. Det kom heller ikkje nokon hentelapp for Vestmannen nr. 8. Bladi er sende i god tid frå prenteverket i Fiskåbygd. Det vanlege abonnementsnummeret nådde fram til tingarane 1. november både i Oslo og Bergen. Når me no skriv 23. november og ingen kommisjonärblad er komne til oss, tykkjer me dette er for lang tid.

For orden skuld legg eg ved adressene til prentverket i Fiskåbygd, Ludvig Jerdal og underteikna:

Nytrykk, 6143 FISKÅBYGD, tlf. 70 02 13 07

Ludvig Jerdal, Helgesensgt. 4, 5004 Bergen, 55 31 29 79

Lars Bjarne Marøy, Eliasmarken 14, 5163 Laksevåg, tlf 55 34 33 77, epost: lbmaroy@c2i.net

Me takkar for tidlegare hjelp, og me vonar at De kann finna ut kva som kann ha skjedd denne gongen. Det er til tap for bladet at det ikkje kjem fram og vert spreidd so mykje som det kann spreidast.

Med venleg helsing

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy

Vestmannalaget  
Fritz Monrad Walles fond  
v/Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG  
tlf 55 34 33 77  
Epost lbmaroy@c2i.net

Posten Norge BA  
Blomsterdalen  
Ytrebygdsveien 250  
PB. 73  
5868 BERGEN

Bergen 22.november 2000

**Rekommanderte brev til Leiv Flesland**


Eg viser til 2 rekommenderte brev som er sende til Leiv Flesland, Fleslandsvegen 132, 5258 Blomsterdalen gjennom Dykkar postkontor. Det eine var sendt 25 september.  
Registreringsnummeret var 5811 89 37 3NO. Eg viser til vedlegg. Eg bed um å få **skriftleg stadfesting** på at dette brevet er **henta av Leiv Flesland**.

Eg viser vidare til brev poststempla 16.10 som er kome i retur frå Dykkar postkontor.  
Registreringsnummer 5811 7545, 9 NO. Eg bed um at de gjev **skriftleg tilbakemelding** på at det var sendt ut fleire **varsel til Leiv Flesland** um at dette rekommenderte brevet var kome fram og **måtte hentast**.

Eg vonar De kann hjelpa meg med dette og at eg høyrer frå Dykk so snart som råd.

Med venleg helsing

Lars Bjarne Marøy



# BYGDELAGSNEMNDI i BERGEN

v/Eldbjørg Gunnarson  
Morvikbrekkna 31  
5124 Ulset  
tlf. arb. 55582970, pr. 55531194  
e-post: torgrim.ljones@online.no

Til rådsmedlemene/medlemslag

Bergen, 21.11.00

## PÅMINNING

Vi minner med dette om omframt årsmøte/rådsmøte **tysdag 5. desember kl. 19.30**  
på Hotell Hordaheimen, ref. brev av 6.10.00. **NB: Merk dagen!**

Før rådsmøtet, **kl. 18.30**, vert det middag, juletallerk med dessert + kaffi, for dei som ynskjer det. Pris vert kr. 175,- pr. person. Dei som ynskjer å vera med på middagen må melda frå til underteikna, tlf. 55 53 11 94, **seinast tysdag 28.11.**

Det vert levert ut korrekturlese lovframlegg på møtet.

Denne påminninga vert send til rådsmedlemer med kjend adresse. Vi ber laga syta for at alle vert informert om møtet.

Vel møtt!  
for styret

*Eldbjørg Gunnarson*

Eldbjørg Gunnarson, formann

Helsing til laga:

Vi går ut frå at valnemndene i laga kjem i arbeid snart. Iflg. den nye lova som vi reknar med vert sett i kraft frå årsmøtet 2001, treng laga no ikke velja rådsmedlemer, desse kan peikast ut til kvarst møte. Et medlem i kvarst lagstyre skal kunne stilla til val til styret i Bygdelagsnemnda (arb. oppgåver - sjå lovframlegget). Dette føør konsekvensar for vala i medl. laga.

Eg

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget  
Fritz Monrad Walles fond  
v/Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG  
tlf. 55 34 33 77

Bergen 1. desember 2000

Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
5258 BLOMSTERDALEN

## **Dykkar tilknyting til Fritz Monrad Walles fond**

Eg viser til mitt brev av 25. september 2000. Etter at det hadde gjenge 14 dagar utan svar,skreiv eg på nytt 16. oktober 2000. Det hev ikkje kome noko svar på dette brevet. Postkontoret i Blomsterdalen kann dokumentera at De hev henta brevet frå 25 september. De hev fenge fleire varsel på brevet av 16.oktober, utan at De hev henta det. Um De kann forklåra kvifor De ikkje hev henta brevet, bed me um at De gjer det skriftleg, snarast råd.

Stjorni i Vestmannalaget som òg stjornar Fritz Monrad Walles fond hev i stjornarmøte 30. november kome til at me reknar Dykkar tilhøve til Fritz Monrad Walles fond som eit uppdragstilhøve.

Me ser ikkje noko haldepunkt, og me kjenner ikkje til noko tilhøve, som underbyggjer at De hev eit arbeidstilhøve til fondet. Styret er heller ikkje kjent med at det skal liggja fyre noko serskilt krav til oppsegjing/avvikling av det oppdraget De hev havt for fondet. Slik situasjonen no ligg fyre ser ikkje styret seg tent med at De lenger skal ha noko oppdrag for fondet. Difor ynskjer styret å segja upp/avvikla avtalen.

Dersom De meiner at det ligg fyre eit arbeidstilhøve som må bringast til opphør etter dei fyresegner som gjeld for slike, eventuelt at De meiner det ligg fyre ei anna form for avtale med serskilde fyresegner for upphør/avvikling, må De møta fram til møte med underteikna og stjorni: **Fredag 8. desember, klokkeslett: 18.00. Møtestad: Gimle, Kong Oscarsgt 18, 2 høgdi.** De hev høve til å ha med advokat/rådgjevar.

Um De ikkje kjem på møtet 8.desember, legg stjorni til grunn at uppdraget Dykkar kann avviklast utan vidare og fyreset i samsvar med styrevedtak at avtalen då vil verta rekna som uppsagt. Stjornarmøtet vårt vert halde 11. desember. De vert då løyst frå alle uppgåvor som De måtte ha havt for Fritz Monrad Walles fond frå 11. desember.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Um utgangen vert at me segjer upp uppdragsavtalen med Dykk på stjornarmøtet 11.desember, vil me alt no varsla um at De må levera frå Dykk arkivet til fondet med rekneskapsvedlegg og alt anna som hører Fritz Monrad Walles fond til. Me bed um at De leverar frå Dykk arkivet til formannen innan torsdag **14. desember**. Um De ynskjer at me skal henta arkivet må De mælda frå **innan 12. desember** til formannen.

Med helsing

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy, formann.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## Samrådingsmøte med Leiv Flesland 8. desember 2000 klokka 18.00 i Gimle andre høgdi etter innkalling frå formannen.

Til stades frå stjorni var Lars Bjarne Marøy, Harald Trefall og Helge Liland.

Formannen synte til innkalling av stjornarmedlemer og av Leiv Flesland.  
Flesland hadde teke med seg Leidulf Hundvin og John Marhaug, revisoren i  
laget som rådgjevarar.

Formannen gjorde det klårt at stjorni no ynskte å segja upp Leiv Flesland  
frå arbeidet med rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. Grunngjevingi  
var å spara pengar og at Flesland og styret hadde samarbeidsvanskar. For  
at uppsegjing skulde skje måtte det klårgjerast um Flesland var personleg  
tilsett eller tilsett på uppdrag. Leidulf Hundvin tidlegare formann i  
Vestmannalaget og Leiv Flesland slo bæ fast at Flesland hadde fungert på  
uppdrag for Vestmannalaget.

Leiv Flesland og stjorni vart samd um fylgjande avtale. Flesland fører  
rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond fram til juni 2000 og gjer den  
ferdig seinast innan 31.12.2000. Flesland sender rekneskapen yver til  
kassastyrar Huun i Vestmannalaget so snart han er ferdig. Stjorni kann  
henta alt anna rekneskapstilfang som hører fondet til hjå Leiv Flesland  
14. desember 2000 millom klokka 14 og 15..

Upprit

Lars Bjarne Marøy, 8. desember, 2000

Godtar:

Harald Trefall  
Helge Liland

## **VESTMANNALAGET**

### **UPPRITT**

#### **Stjornarmøte 11. Desember 2000**

Stjornarmøte i Vestmannalaget blei halde mandag 11. Desember 2000 kl. 18.00 på Hordaheimen. Til stades var:

Lars Bjarne Marøy  
Sigbjørn Huun  
Harald Linga  
Harald Trefall  
Helge Liland

#### **1. Uppsegjing av Leiv Flesland**

Formannen viste til brev av 25 september 2000 med purring 16. oktober um vurdering av Leiv Fleslands uppdragstilhøve for Fritz Monrad Walles fond. Han viste vidare til brev av 1. desember. Dessutan til opplysningar framkomne på møtet millom stjorni og Leiv Flesland 8. desember. Formannen hadde sett opp protokoll frå møtet med Leiv Flesland.

Av protokollen gjekk det fram at det var eit uppdragstilhøve millom Walles fond og Leiv Flesland. Stjorni slo fast at Flesland er tilsett i eit uppdragstilhøve til fondet og at stjorni kan segja han upp utan vidare. Både Flesland og tidlegare formann i Vestmannalaget Leidulv Hundvin hev kunna stadfesta denne uppfatningi.

I brevet av 1 desember gjorde formannen kjend at stjorni vilde taka upp Fleslands uppdragstilhøve til vurdering på stjornarmøte 11. desember 2000 og at uppsegjing var eit aktuelt utfall.

Stjorni konkluderte no med å segja upp Leiv Flesland. Flesland vert frå 11 desember løyst frå alle uppgåvor han hev havt for Fritz Monrad Walles fond, burtsett frå at Flesland skal sluttføra rekneskapen 2000 fram til juni.

Stjorni gav formannen fullmakt til å utføra dei praktiske handlingane ved uppsegjingi. Formannen viste her til munnleg avtale av 8. desember. Då vart stjorni og Leiv Flesland samde um at han fører rekneskapen ut juni månad og sender denne yver til kassastryren i Vestmannalaget. Formannen syntet vidare til munnleg avtale um utlevering av alt arkivtilfang som høyrer fondet til og som ikkje trengst til å gjera ferdig rekneskapen frå januar til juni 2000. Avtalen for yverleveringi av dette var heime hjå Flesland 14 desember 2000 millom klokka 14 og 15.

Stjorni oppsummerte med at grunngjevingi for at Leiv Flesland no vert løyst frå uppdraget med oss er at kassastryren i laget vil yvertaka rekneskapsarbeidet med Fritz Monrad Walles fond. Det vil spara fondet for pengar.

Stjorni vedtok at kassastyraren i Vestmannalaget yvertok rekneskapsføringi for Fritz Monrad Walles fond etter Leiv Flesland.

## **2. Fritz Monrad Walles Fond**

Formannen leverte ut kopi av eit brev frå adv. Berle vedr. bruk nr. 17, gards nr. 90. Lars Bjarne Marøy meinte at det kunen vera truleg at advokaten hadde gjort ein feil. Div. dokument vedr. tomtene blei gjennomgått. Det var semje om å gjera nærmare etterøkjingar. Det blei vedteke å gje Lars Bjarne Marøy og revisoren i Frits Monrad Walles fond, John Arthur Marhaug fullmakt å gå på tinghuset og få kopiar av dei dokumenti som er naudsynt.

## **3. Budsjett for Vestmannen**

Budsjettet for Vestmannen blei delt ut og stjorni gjekk gjennom det. Budsjettet blei samråystes vedteke.

## **4. Løyving frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannen**

Formannen gjorde framlegg um å løyva kr. 15.000,00 til Vestmannen. Grunngjevingi var at det vilde betra resultatet til Vestmannen som hadde fenge ein stor kostnadsauke i lønskostnader. Det blei samråystes vedteke å løyva kr. 15.000,00 til Vestmannen.

## **5. Halldor O. Opedals fond**

Formannen gjorde framlegg om Asbjørn Litlere til ny revisor for Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking. Dette blei samråystes vedteke. Dette blir då framlegget frå Vestmannalaget til styret i Halldor O. Opedals fond

## **6. Vedtekter for Vestmannalaget**

Harald Linga la fram framlegg til nye fyresegner for Vestmannalaget. Dette framlegget blei diskutert, og det kom ein del merknader. Harald Linga vil laga eit nytt utkast som blir sendt til stjornamedlemene. Dei kan då gjeva skriftlege kommentarar til framlegget, fyre det blir lagt fram for årsmøtet i Vestmannalaget.

Bjørgvin, 3. juli 2001

For stjorni  
Vestmannalaget

Helge Liland

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vestmannalaget  
Fritz Monrad Walles fond  
v/Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 LAKSEVÅG  
tlf. 55 34 33 77

Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
5258 BLOMSTERDALEN

Bergen 12. desember 2000

## Uppsegjing av uppdragstilhøve for Fritz Monrad Walles fond

Eg viser til brev av 25 september 2000 med purring 16. oktober um vurdering av Dykkar uppdragstilhøve til oss. Eg viser vidare til brev av 1. desember. Dessutan til opplysningsar framkomne på møte med Dykk 8. desember. På bakgrunn av dette møtet konkluderar stjorni med at De er tilsett i eit uppdragstilhøve til fondet og at stjorni kann segja Dykk upp, utan vidare. Både De og tidlegare formann i Vestmannalaget, Leidulv Hundvin, hev kunna stadfesta det.

I brevet av 1 desember gjorde eg kjend at stjorni vilde taka upp Dykkar uppdragstilhøve til vurdering på stjornarmøte 11. desember 2000 og at uppsegjing var eit aktuelt utfall.

Stjorni ynskjer no å segja Dykk upp. De er frå 11 desember løyst frå alle uppgåvor De hev havt for Fritz Monrad Walles fond, burtsett frå at De skal sluttføra rekneskapen 2000 fram til juni. Me viser her til munnleg avtale av 8. desember. Då vart me samde um at De fører rekneskapen ut juni månad og sender denne yver til kassastyraren i Vestmannalaget. Me syner vidare til munnleg avtale um utlevering av alt arkivtilfang som høyrer fondet til og som ikkje trengst til å gjera ferdig rekneskapen frå januar til juni 2000. Avtalen for yverleveringi av dette var heime hjå Dykk 14 desember 2000 millom klokka 14 og 15.

Grunngjevingi for at De no vert løyst frå uppdraget med oss er at kassastyraren i laget vil yvertaka rekneskapsarbeidet med Fritz Monrad Walles fond. Det vil spara fondet for pengar.

Med helsing

Lars Bjarne Marøy  
Lars Bjarne Marøy, formann.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Adressa til kassastyraren i Vestmannalaget er:

Sigbjørn John Huun  
Nordåstræet 24  
5235 RÅDAL


## HUSLEIGEKONTRAKT


Bergen Nei til EU leiger kontor og møterom i C. Sundtsgt. 28 av eigaren, C. Sundtsgt. AS på årsbasis. Etter leigekontrakten, skal Bergen Nei til EU ha rett til framleige av deler av arealet dersom eigar samtykkjer i det.

Mellan Bergen Nei til EU og Vestmannalaget i Bergen er difor inngått følgjande leigekontrakt:

1. Leidgetakar skal leiga 15 m<sup>2</sup> golvareal til boklager frå og med 1.1.01. Grensa for arealet skal markerast med ein lettvegg.
2. Leidgetakar skal ha rett til å nytta toalettet ute i gangen i 2. etasje.
3. Husleiga er fastsett til kr 6 000 pr. år inkludert straum. Husleiga skal betalast forskotsvis og halvårleg. Ved eventuelle endringar i husleiga som Bergen Nei til EU betalar, skal husleiga kunna aukast tilsvarande.
4. Leidgetakar skal ha rett til eigen telefon og telefonlinje, men må betala utgiftene til dette sjølv.
5. Bergen Nei til EU skal ha rett til fri passasje gjennom det bortleigde arealet til sitt lagerrom.
6. Leidgetakar må sjølv forsikra inventar og utstyr på sin del av kontoret.
7. Leidgetakar må elles retta seg etter dei reglane som er nedfelt i Bergen Nei til EU sin leigekontrakt med eigaren.
8. Kontrakten kan seiast opp innbyrdes med 6 månaders varsel. Oppseininga må vera skriftleg.
9. Vestmannalaget skal ha rett til framleige til Norsk Bokreidingslag, Vestlandske Mållag og Nord- og Midthordland Sogelag. Vestmannalaget betalar leiga for desse lagi, og krev sjølv inn delleiga for dei. Vestmannalaget vil ikkje driva framleige til andre.
10. Denne leigekontrakten blir skriven ut i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Bergen, 27. desember 2000

for Bergen Nei til EU  
  
Oddvar Skre  
(kassastyrar)

for Vestmannalaget i Bergen  
  
Lars Bjarne Marøy  
(formann)

Jpprit frå stjornarmøte 14.08. 2000

Stjornarmøte i Vestmannalaget vart halde mandag 14. august på kontoret i Torgegården.  
Desse stjornarlemene møtte:

Lars Bjarne Marøy

Sigbjørn John Huun

Harald Linga

Harald Trefall

Helge Liland

Møtet hadde denne saklista

1 Upprit frå fyrre stjornarmøte

- 2 Fullmakt til å gå i bankboksen
- 3 Kontorlokale
- 4 Fullmakt vedkomande lovnemnd
- 5 Ymse

Stjorni bad Helge Liland um å føra møteboki for dette møtet.

1 upprit frå fyrre stjornarmøte

Dette punktet vart utsett av di skrivaren ikkje var møtt.

2 Fullmakt til å gå i bankboksen

Marøy og Liland fekk fullmakt til å gå i bankboksen til Vestmannalaget.

3 Kontorlokale

Marøy gav ei orientering um stoda når det gjeld kontorlokale. Vestmannalaget hev havt ein framleigeavtale med Bergen Nei til EU. Bergen Nei til EU hev sagt opp dette kontorlokalet av di leiga er vorte dubla, og Vestmannalaget lyt difor flytta frå kontoret. Marøy la fram ei løysing når det gjeld kontor:

Ny framleigeavtale med Bergen Nei til EU i C. Sundtsgate. Der vert leiga på kr. 5000 i året. Opedalsfondet er interessert i å ha lokale i lag med Vestmannalaget, og hev sagt seg viljug til å betala helvti av husleiga. Marøy sat at han gjekk inn for denne løysingi.

Det var semja um at Marøy ser på og vurderar lokal i C. Sundtsgate fyrr ein tek ei endeleg avgjerd.

### 3 Lovbrigdenemnd

Marøy gjorde framlegg på tidlegare politmeister Oskar Hordnes som formann i lovbrigdenemndi. Han nemnde og Arne Holm og Leiv Samdal som andre moglege namn. Det var semja um at Marøy fær fullmakt til å koma med framlegg på medlemer i lovbrigdenemndi. Det vart understreka at fyremålsparagrafen er sers viktug, og at den bør byggja på "Vestmannasynet". Harald Trefall meinte at "Vestmannasynet" burde inn i fyremålsparagrafen. Marøy meinte at det er viktug å få med at Vestmannalaget byggjer på 1917-rettskrivingi.

### 4 Ymse

Marøy orienterte um møtedagane for Vestmannalaget

21. september

12. oktober

For stjorni i Vestmannalaget

Helge Liland.

## **Stjornarmøte i Vestmannalaget måndag 10. juli.**

Stad: Kontoret til Vestmannalaget i Torgegården.

Til stades: Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal og Kjell Henry Knivsflå. Dag Hagen Berg var innkalla av formannen for å vitra um stoda i Halldor O. Opedals fond.

1 Stjorni vedtok å sletta dei gamle konfullmaktene for Vestmannalaget.

Stjorni vart orientert um at Halldor O. Opedals fond no var komen i ein rettsleg prosess med Leiv Flesland og at Leiv Flesland nekta å levera frå seg rekneskapsvedleggi til fondet, jamvel um han ikkje hadde uppgåvor i fondet lenger og hadde fenge uppsegjingsbrev. Stjorni vart likeins informert um at Leiv Flesland ikkje hadde autorisasjon og registrering som rekneskapsførar og at han difor ikkje hadde hove til å føra rekneskap i næring. Likevel opererte Flesland med eige rekneskapsfirma.

Stjorni tykte det vart brysamt å ha ein kontohavar som hadde so mange tvilsame drag ved seg. Stjorni vedtok difor å sletta kontofullmaktene til Leiv Flesland for Fritz Monrad Walles fond. Stjorni vilde likevel ikkje gå til uppsegjing av Leiv Flesland av di det kunde føra til ein rettsleg prosesse og av di det var for tidleg å gå inn på dette fyrr ein visste kva som låg attum utleveringsnekten i Opedalsfondet.

Nye kontofullmakter til Fritz Monrad Walles fond vart gjeve til formannen, Lars Bjarne Marøy, og rekneskapsføraren, Sigbjørn John Huun.

Hun og Marøy fekk òg kontofullmakter til høgrentekontoen til Vestmannalaget.

2 Stjorni dryfte utviklingi i Halldor O. Opedals fond. Styreformann Dag Hagen Berg i Opedalsfondet var til stades og orienterte. Berg hadde sendt brev til formannen og vist til vedtekten i Opedalsfondet og peika på at Leidolv Hundvin ikkje oppfylte dei kriterumi som vedtekten sette for ein målsmann. Hundvin er yver 75 år. Og det stend i lovane at aldersgrensa er 75 år. Rettsleg sett kann ein ikkje fråvika desse fyresegnene. Det er grunn til å visa respekt for vedtekten dimeir av di Opedal let til å ha tala med advokat fyrr han sette upp vedtekten.

Stjorni meinte det var rett at Hundvin no trekte seg og at det vart vald ein ny målsmann. Stjorni vedtok å senda eit brev til Hundvin der han uttala seg um saki, um han ikkje svara vilde han automatisk kunna reknast som løyst frå vervet. Um ikkje skulde saki takast upp på ny.

Bjørn Tormod Ringdal

*Bjørn Tormod Ringdal*

# Halldor O. Opedals fond

for norsk målreising og måldyrking  
 Postboks 919 – Sentrum  
 5808 BERGEN

Oslo, 10. juli 2000.

Til  
 Vestmannalaget  
 v/Stjora

**Ad: Måsmannen.**

Eg hev fenge informasjon um at den måsmannen som De nemnde upp til å sitja i styret i Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking er eldre enn 75 år og hev sete i fondsstyret i yver 12 år.

Styret i fondet kann og vil sjølv sagt ikkje leggja seg upp i kven som vallagi nemner upp til styret, men eg vil gjera merksam på at vedtekten som Halldor O. Opedal sette upp for fondet den 29. desember 1971 hev klåre fyresegner. § 3 i vedtekten stende det:

*Ein styresmann eller ein varamann bør ikkje stå lengre enn tolv år. Aldersgrensa oppover er 75 år.*

Ut frå ordvalet og skrivemåten, der han hev skilt millom "bør ikkje stå lengre." og "Aldersgrensa er", er det klårt at han hev vore sers medviten um kva verknader dei ulike fyresegnene hev.

- Styremennene bør ikkje stå lengre enn; sidan Opedal nyttar umgrepene "bør" og "er" er fylkesegn preseptorisk, altso kann vallagi fråvika denna fyresegni.,
- Aldersgrensa er oppover 75 år; sidan det er nytta umgrepene "er" – er denne fylkesegn preseptorisk. Vallagi kann difor ikkje rettvist fråvika denna fyresegni.

I mange tilfelle vil ein ikkje berre måtta vurdera ordvalet som er nytta i vedtekten, men òg umstendi rundt nedskrivingi av vedtekten. Vedtekten som Opedal sette upp var dryfta med advokat fyrre dei vart sett upp. Detta tyder på at fyresegnene i vedtekten var godt gjenomdryfta, og at ordvalet var gjort etter ei nøye vurdering. Opedal hev heilt tydelegt skilt millom "bør" og "er", og at han var medviten um den rettslege verknaden av skiljet

Ei aldersgrensa oppover til 75 år tykkjer heller ikkje vera unaturleg. Det er, etter det styreformannen, skyner ingen moment som i dag skulde tyda på at dessas hev misst rettskraft eller at vallagi kann sjå burt frå dei.

Eg hev dryfta detta spørsmålet med advokaten vår – Per J. Jordal – som held på med å vurdera brigde i § 4 i vedtekten. Han hev munnlegt meldt i frå at han òg meiner at § 3 siste punktum er preseptorisk, og at vallagi ikkje kann fråvika denna fyrsegni.

Eg vil difor beda stjorni i Vestmannalaget sjå på oppnemningi på ny og eventuelt nemna upp ein målsmann som stettar kravi i vedtekten.

Vyrdsam helsing

Halldor O. Opedals fond  
for norsk målreising og måldyrking



Dag Hagen Berg  
- styreformann -

## **UPPRIT**

### **Upprit frå stjornamøte i Vestmannalaget 19. juni på kontoret i Torggården**

Til stades: Lars Bjarne Marøy, Finn Vabø, Harald Trefall, Bjørn Tormod Ringdal  
Ikkje møtt: Sigbjørn Huun, Harald Linga, Kjell Henry Knivsflå, Helge Liland

1. Upprit frå fyrre stjornarmøte ved Ringdal.

Uppritet vart godkjend med merknader.

2. Søknad frå Fridtjov-teateret til Vestmannalaget um stønad til å gjeva ut CD.

Vedtak: Vestmannalaget ser seg ikkje råd til å stydja prosjektet.

Vedtaket var samrøystes.

3. Kontofullmakter.

a) Vestmannen.

Vedtak: Stjorni utvidar kontofullmaki slik at ogso formannen, Lars Bjarne Marøy kann disponera bankkontoen til Vestmannen.

b) Høgrentekontoen.

Vedtak: Stjorni gjev formannen, Lars Bjarne Marøy og kassastyraren, Sigbjørn Huun fullmakt til å disponera høgrentekontoen til Vestmannalaget

c) Henrik Krohn og Hustrus Legat.

Vedtak: Stjorni gjev formannen, Lars Bjarne Marøy fullmakt til å disponera bankkontoen til Henrik Krohn og Hustrus Legat.

d) Fritz Monrad Walles Fond.

Vedtak: Stjorni utvidar kontofullmaki slik at ogso formannen, Lars Bjarne Marøy og kassastyraren, Sigbjørn Huun kan disponera bankkontoen til Fritz Monrad Valles Fond.

Alle desse vedtaki var samrøystes.

4. Statuttar for Fritz Monrad Walles Fond.

Trefall orienterte um statuttane til fondet og kom med framlegg til endring av deim. Dette skal avgjerast på eit seinare stjornarmøte når alle stjornarlemene hev havt høve til å vurdera brigdi.

5. Landsmøtet til Noregs Mållag.

Formannen oppmoda stjornarmennene til å vera med på landsmøtet til Noregs Mållag i Bergen 25.-27. juli.

6. Pengeyverføring frå Fritz Monrad Walles Fond.  
Vedtak: Det skal førast yver kr 15 000 frå Fritz Monrad Walles Fond sin bankkonto til Vestmannalaget sin bankkonto. Vedtaket var samrøystes.

7. Arbeidsprogram og budsjett.  
Formannen orienterte um laget sitt arbeidsprogram og budsjett.

8. Framlegg frå Eigil Lehmann.  
Saki vart utsett til neste stjornarmøte.

9. Ymse.  
a) Stjorni tala um spliden i laget og dryfta kva ein kan gjera for å bøta på denne.

Møtet tok til 18.35 og var slutt 21.00.

Bjørn Tormod Ringdal  
*Bjørn Tormod Ringdal*  
Skrivar

## **Upprit frå stjornamøte i Vestmannalaget 5. juni på kontoret i Torgegården.**

Til stades: Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Sigbjørn Huun, Harald Trefall, Kjell Henry Knivsflå, Helge Liland og Bjørn Tormod Ringdal.

1. Upprit frå fyrre stjornarmøte ved Marøy. Uppritet vart godkjend med merknader. Stjorni skal røkja etter eventuelle endringar i dei upphavelege lagsfyresegnene.

2. Formannen las upp brev frå Sissel-Anny Hjelmtveit. Det vart røysta yver um Eigil Lehmann skulde få høve til å koma med protokolltilførsel til det umframme årsmøtet i april d.å., sjølv um han ikkje var til stades på møtet.

Vedtak: Eigil Lehmann fær ikkje høve til protokolltilførsel til årsmøtet i april. 4 røysta for, 1 røysta mot. Det var Harald Trefall som røysta for protokollmerknad. Han bad um at dette vart tilførd protokollen.

3. Fritz Monrad Walles fond. Saki vart utsett.

4. Vestmannen. Bladstyraren og rekneskapsføraren orienterte um Vestmannen. Det vart dryfta godtgjersla til bladstyraren og auka godtgjersla til rekneskapsføraren. Marøy og Liland forlét møtelokalet fyre den endelege dryftingi og røystingi tok til. Vedtak: Stjorni gjeng inn for at bladstyraren skal få ei godtgjersla på kronor 3000 pr. nummer av bladet. Rekneskapsføraren får ei årleg godtgjersla på kronor 10 000. Vestmannen skal svara arbeidsgjevaravgift av desse godtgjerslone. I tillegg skal bladet dekkja dei faktiske utlogone til kontorhald og telefon i samband med arbeidet til bladstyraren og rekneskapsføraren. Vedtaket var samrøystes.

5. Reforhandling av leigeavtalar med Bergen Nei til EU og med Torgegården. Formannen orienterte um saki, og han skal røkja etter um laget kan få høve til å leiga lokale i Fensal.

6. Arbeidsprogram og budsjett. Formannen delte ut framlegg til arbeidsprogram og budsjett. Det vert dryfting um desse på neste stjornarmøte.

7. Ymse. Formannen orienterte um stoda i Halldor O. Opdals fond.

Møtet tok til 18.10 og var slutt 20.00. Neste møte vart sett til 19. juni 2000.

*Bjørn Tormod Ringdal*

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 7. september 2009

Gode lagsfolk.

Møteprogrammet for hausten 2009 ser slik ut:

**Torsdag 17. september kl 19.00 på Bryggens Museum**  
"Fråhaldssak og drikkekultur i 150 år" ved Sissel-Anny Hjelmtveit.

**Torsdag 15. oktober klokka 19.00 på Bryggens Museum**  
"G. Armauer Hansen". Film/kåseri ved Aksel Schreiner.

**Torsdag 19. november klokka 19.00 på Bryggens Museum**  
Professor Atle Kittang talar um Knut Hamsun.

**Tysdag 1. desember klokka 19.00 i Bergens skipperforening, Vågsallmenning 7**  
Jolemøte med festmiddag. Program ved Professor Willy Dahl ("Somrene med Book-Jenssen").

Påmelding til Bjarne Storheim: 56-371071 eller Leidulv Hundvin: 55-163732.


**Torsdag 21. januar klokka 19.00 på Bryggens Museum**  
Åshild Ulstrup kåserer um Lars og Severin Eskeland.

Møti vil òg verta kunngjorde i *Vestmannen* og i *Bergens Tidende* (laurdagen fyreat).  
Til dei som skuldar lagspengar for 2009, minner me um kontonummeret vårt: 6504.10.04511.  
Er du i tvil um du hev svara lagspengar, bed me deg kontakta kassastyrar Bjarne Storheim,  
5938 Sæbøvågen, telefon 56371071.  
Elles uppmodar me lagsfolk um å tinga bladet *Vestmannen*. Bladpengar, kr 200,-, kann  
sendast til Vestmannen V/Helge Liland, Nattlandsvegen 80 B, 5094 Bergen, konto:  
7877.06.59913.

Dei som ynskjer det, kann no få møteprogram og annan informasjon elektronisk. Då fær dei  
ogso ei påminning um kvart einskilt møte i laget. Gjer vel å meldu frå til  
[jon.askeland@if.uib.no](mailto:jon.askeland@if.uib.no) um du vil ha møteprogrammet tilsendt elektronisk.

Me ynskjer kvar einskild lagsmann velkommen til møti våre, og tak gjerne ein kjenning med.

Med venleg helsing  
For stjorni i Vestmannlaget

  
Jon Askeland (formann)



(skipa 21. januar 1868)

Bergen 2 februar 2000

Forretningsførar for Fritz Monrad Walles fond  
Leiv Flesland  
Fleslandsvegen 132  
5068 FLESLAND

**Yverføring til Vestmannalaget frå Fritz Monrad Walles fond.**  
Stjorni i Vestmannalaget, som og stjornar Fritz Monrad Walles fond, hev vedteke at

**kr. 10 000,-**  
skal yverførast til :

Vestmannalaget  
v/ kassastyrar Bjarne Storheim  
5123 Sæbøvågen

**kontonr. 6504.10.04511.**

Vedtaket vart gjort på stjornamøte 13 januar 2000

Me bed um at pengane vert yverførde snarast råd.

Med venleg helsing  
for Vestmannalaget

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy, formann.

Kopi av brevet til kassastyrar Bjarne Storheim

**WESTMANNALAGET**

(skipa 21. januar 1868)

## **Upprit – stjornamøte i Vestmannalaget 10. mai 2001**

Til stades:

Jon Askeland, Harald Linga, Lars Bjarne Marøy, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann og Sigbjørn John Huun.

### Upprit

1 Skiping av stjomi. Stjomi skipa seg med Sissel-Anny Hjelmtveit til varaformann, Harald Linga til skrivars, Bjarne Storheim kassastyrar for Vestmannalaget og Sigbjørn John Huun forretningsførar for Fritz Monrad Walles fond.

2 Formannen orienterte um 17. mai.

3 Formannen la fram skriv um tur til Bjørn West-museet.  
Sissel Anny Hjelmtveit vitra um programmet for turen.

4 Formannen la fram skissa til program for hausthalvåret. Stjomi dryfte denne skissa.

### 5 Ymsepostar

Lars Bjarne Marøy heldt fram at det må ordnast med trygding for dei lokali som Vestmannalaget er leigar av. Det hastar for den noverande trygdingi skulde ha vore betalt i midten av april, men den dekkjer ikkje dei lokali som laget no sit inne med, difor må det tingast fram ei ny avtala.

Harald Linga og Sigbjørn John Huun heldt sterkt fram at arbeidet med lovbrigde må halda fram i arbeidsbolken.

Harald Linga understreka at alle varamennene må kallast inn på stjornarmøte.

## Upprit – stjornamøte i Vestmannalaget 28. juni 2001

**Stad:** Romansk Institutt, Øysteins gt. 1, 5. høgdi (Jon Askeland)

**Frammøtte:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim

**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Møtet tok til klokka 17.00

### 1. Gjennomgang av upprit for stjornamøtet 10. mai 2001

Det vart ordskifte umkring eit skjema for registrering av Vestmannalaget med fyretaksnummer i Brønnøysundregisteret. I og med at Fritz Monrad Walles fond ikkje er ei sjølvstendig juridisk eining er Vestmannalaget andsvarleg for dette fondet. Fondet fungerar som ei stifting og fondet hyser dessutan store verdiar, difor er det viktig at ein hev orden på dei formelle sidone. Fondet er ikkje lausrive frå laget sjølv. Difor er det Vestmannalaget som må stå fram som juridisk eining og vera juridisk andsvarleg for alle avgjerder.

*Aksjon:* Formannen røkjer etter kva lover, fylkesegner og krav som gjeld for lag som Vestmannalaget.

### 2. Orienteringssaker

- Vestmannalaget hev skrive under på upprop sendt til Stortinget om lausriving av Færøyane frå Danmark.
- Vestmannalaget v/formannen hev sendt tilrådingsbrev til A. Bjørndals Samlinger um tildeling av Kongens Fortenestemedalje til Finn Vabø.

### 3. Program for hausten

Tema og fyredragshaldarar for haustmøtene er fastsett slik:

- 20. september: *Arne Garborg*. Sveinung Time m/evt. Liv Marit Aksnes talar.
- 18. oktober: *Ikkje fastsett*
- 15. november: *Indrebø & norsk målsoga*. Oddvar Nes talar.
- 13. desember: *Folkemusikktradisjonar frå Hordaland og S&Fj.* Redun Horvei m/ evt. fylkesmusikarane. (Merk spesielt studnadsskjema frå Folkeakademiet her).

Til januarmøtet hev formannen avtalt med Kjartan Fløgstad um å tala um temaet "Løyndemål".

For oktobermøtet kom det framlegg um tema som motstandsrørsla i Hjelmås (Sjur Dykollbotn), emne frå Bergenssoga (Jo Gjerstad), reiserapport frå Færøyane (Astrid Dypvik), Skrivekunstakademiet (Arild Dahl), rehabilitering av Oster (broder Lehmann), nynorsk i tungindustrien (Robert Hermansen), Tyssøy-kruna (broder Lehmann)

*Aksjon:* Sissel-Anny spyr Sjur Dykollbotn um å halda fyredraget på oktobermøtet.

### 4. F.M. Walles fond

*Rekneskap:*

Denne posten var noko merkt av at Sigbjørn John Huun ikkje var til stades og kunde vitra um rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. Formannen vitra um bakgrunnen for Fritz Monrad Walles fond og fortalte at etter at Flesland vart uppsagt som forretningsførar for fondet hadde

(skipa 21. januar 1868)

han levert rekneskapen for fondet til revisor Marhaug. Huun hadde so levert inn rekneskapen for andre halvår til revisor Marhaug. Marhaug hadde vorte sitjande med rekneskapane og hadde ikkje makta å setja dei saman fyre årsmøtet. Marhaug hadde inkje å merka til nokon av føringane til Flesland og uppsettet til Huun. Men han meinte rekneskapsuppsetti var utilrådelege å leggja fram av di rekneskapane låg fyre kvar for seg. Heile rekneskapen måtte leggjast fram samla.

**Aksjon:** Huun samordnar rekneskapet for 2000 ved å leggja inn føringane frå Leiv Flesland og leverar den samordna rekneskapen til Marhaug for revisjon. Det lyt røkjast etter um rekneskapen for 1999 er sendt Fylkesmannen (jmfr. årsmøtevedtak i 1999). Stjorni treng og yversikt yver innfridd/ ikkje innfridde utetlingar og kva tidsfristar som gjeld for desse.

**Fyresegner:** Brigde i fyreseggnene for FMW fond vart seinast gjort av stjorni på stjornarmøte 18. april etter at H. Trefall hadde gjort ein grundig gjennomgang av testamentet. Dei nye fyreseggnene slær fast at det ikkje kann løvvast pengane til kulturelle fyremål, med mindre saki hev vore uppe til ordskifte og røysting på eit lagsmøte. Målpolitiske fyremål kann stjorni løyva til etter eige godtykke.

**Aksjon:** Formannen sender ut kopi av testamentet til stjornarmedlemene.

**Søknader/utetlingar:** Årlege innkomor (bygselsavgifter) utgjer umlag kr. 70.000,-. Av dette har umlag 40.000,- gjenge til drifti av Vestmannalaget.

- På stjornarmøtet i april vart kr. 5.000,- løyvt til Norsk Bokreidingslag for utgjeving av diktsamlingi Villmarkstonar av Martin Votlo.
- Søknaden frå Norsk Bokreidingslag um ny studnad til Norsk Målsoga vart og fyrehavt på stjornarmøtet i april der det vart vedteke å be um finansieringsplan fyre handsaming av søknaden.
- Søknad frå Islands konsul, Holm, um studnad til døypefont til Reykholtkyrkja på Island:  
*Vedtak:* Stjorni steller seg positiv til utetling, og formannen gjev fråsegn til konsul Holm um dette men utan at nokon sum kann fastsetjast enno.
- Søknad frå Kari Gaarder Losnedal um studnad til boki "Mellom scene og sal":  
*Vedtak:* Stjorni kan ikkje gjeva utetling her ettersom bokverket som er på bokmål ikkje stettar fyremålet til FMW fond.

## 5. Rekneskap for Vestmannen

Rekneskapsførar Liland er sjukmeld og rekneskapen ligg enno ikkje fyre.

## 6. Ymse

- Formannen purrar Klaus Jon Myrvoll um uppritet for årsmøtet i april.
- Nytt songhefte: Trykking av 100 heftor a 16 sidor (1 typografisk ark) kjem på kr. 3.700,-. Det skal hentast inn pris på 32 sidors hefte, 200 eksemplar. Formannen sjekkar dette. Stjorni vert oppmoda um å koma med framlegg til nye songar. Sissel-Anny redigerer framleggi.
- *Neste møte:* 30. august kl. 17.00, Romansk Institutt, Øysteins gt. 1, 5. høgdi (Jon Askeland)

Møteslutt umlag klokka 19.15

## Upprit – stjornarmøte i Vestmannalaget 30. august 2001

**Stad:** Romansk Institutt, Øysteins gt. 1, 5. høgdi (Jon Askeland)

**Frammøtte:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun

**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Møtet tok til klokka 17.00

### 7. a. Upprit for stjornarmøtet 28. juni 2001

Burtsett frå ei namneuppretting var det ingen merknader til uppritet.

### b. Upprit for årsmøtet 28. april 2001

Formannen delte ut uppritet og hadde elles ingen merknader til innhaldet. Eventuelle merknader frå andre stjornarlemer lyt fyrehavast på neste stjornarmøte.

## 8. Program for hausten – utsending/kunngjering

*Uppdatering med merknader:*

- 20. september: *Garborg-kveld*. Sveinung Time m/evt. Liv Marit Aksnes talar.  
Tuftekall: Leidulf Hundvin
- 18. oktober: *Strilar i sivil motstandskamp* - Sjur Dyrkollbotn (14 år).  
Dryfting etterpå: *Lov for Vestmannalaget*.
- 15. november: *Indrebø & norsk målsoga*. Oddvar Nes talar.  
Tuftekall: Nils-Aksel Mjøs (Islandsferd)
- 13. desember: *Folkemusikktradisjonar frå Hordaland og S&Fj*. Reidun Horvei m/ fylkesmusikarane. (Ingen kostnad for Vestmannalaget)  
Tuftekall: Gunnar Gilberg vert kontakta av formannen.

Til januarmøtet 24. januar hev formannen avtalt med Kjartan Fløgstad at Fløgstad skal tala um temaet "Løyndemål".

Haustprogrammet skal sendast ut innan 8. september. Saman med utsendingi skal girotalongar leggjast ved for dei som ikkje hev betalt lagspengar i år.

*Aksjon:*

1. Utsending av haustprogrammet – arbeidsykt Strandkaien 4 torsdag 6. september – *Jon og Sissel-Anny*
2. Kunngjering i BT laurdag 15. sept. evt. andre media for fyrste lagsmøte - *Jon*

## 9. F.M. Walles fond

### a. Rekneskap for 2000

Rekneskapsførar Sigbjørn John Huun gjekk gjenom samordna og revidert rekneskap for 2000 som syner eit årsyverskot på kr. 7.136.

*Aksjon:* Sigbjørn fyrebur framleggjing av rekneskapen på fyrstkomande lagsmøte.

Stjorni dryfta avkastningi for likvide midlar i fondet.

*Aksjon:* Sigbjørn fyrebur framleggjing av alternativ plassering av midlane.

### b. Fyresegner

Etter dryfting av testamentet til Fritz Monrad Walle gjorde stjorni fylgjande vedtak:

*Paragraf 5 i fyresegnene for Fritz Monrad Walles Fond for norsk målreising vert endra attende til ordlyden vedteke av stjorni av Vestmannalaget 10/11-1981. Dette fører med seg at dei 2 siste setningane i §5, "Midlar kann og nyttast til kulturelt arbeid på breidare grunnlag. Men då berre etter at saki hev vore til dryfting og røysting på eit lagsmøte", fell burt.*

### c. Godtgjering for rekneskapsføringi

Under dette punktet forlet rekneskapsfyrar Huun møtet.

Formannen gjorde framlegg um at rekneskapsføringi skulle godtgjerast, serskilt ut frå alt arbeidet dette umfattar millom anna med arbeidet med uppjusteringar o.s.b. ein ser koma. Godtgjering var og tilrådd av revisor Marhaug. Kronor 7.500,- lik godtgjeringi for 2000 vart fyreslege. Sissel-Anny heldt fram at argumentet for å skifta rekneskapsførar siste året var å få ned utlogone og at denne godtgjeringi dermed burde vera mindre.

*Vedtak: Rekneskapsførar Sigbjørn John Huun får kr. 5.000,- i godtgjering for år 2001. Denne summen skal justerast upp for år 2002.*

## 10. F.M. Walles fond –utetlingar

### Søknad frå Norsk Bokreidingslag um tilskot til Norsk Målsoga:

Finansieringsplan for utgjevingi var lagd fram av Jon som formann i Norsk Bokreidingslag.

Stjorni dryfte gildskapspursmålet. Jon sa seg ugild og forlet møtet under fyrehavingi.

Trass i at Frøydis Lehmann hev fungert som nestformann og framleis er stjornarlem i Norsk Bokreidingslag, vilde ikkje Lehmann segja seg ugild. Lehmann vart sitjande under dei vidare fyrehavingane.

Stjorni var samde um at sjølv um tilskotet det var søkt um, kr. 65.000,- , skreid langt yver den normale årvisse summen av utetlingar, umlag kr. 20.000,- , var dette tiltaket so viktig for målarbeidet at ein kunne taka frå grunnstolen i fondet.

*Vedtak: Vestmannalaget løyver kr. 65.000,- til utgjevingi av Norsk Målsoga. Pengane vert løyvdे når fyrste upplaget av bokverket er ferdig trykt, men under fyresetnad av at dette er gjort innan 31. desember 2001.*

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Upprit stjornarmøte mai-des. 2001

## **Søknad frå Arne Holm, konsul for Island, um kr. 15.000,- som gāve til døypefont i Reykholtkyrkja på Island:**

På fyrre møtet vedtok stjorni å løyva pengar til fyremålet, men utan at summen vart fastsett. Formannen heldt fram at søknader um utetlingar til Island er sjeldspurde og at ein burde gjeva heile søknadsummen. Harald gjorde framlegg um å gå inn for ein lægre sum ettersom ein med dei vedtekne løyvingane i år vilde tæra hardt på grunnstolen til fondet.

Vedtak: *Vestmannalaget løyver kr. 10.000,- til døypefonten i Reykholtkyrkja når denne er ferdig og oppført i kyrkja.*

## **11. Rekneskap for Vestmannen**

Rekneskapen er til fyrehaving hjå revisor. Saki held fram på neste møte.

## **12. Heiderslagsmenn – helsingar**

Det vart vedteke å heidra desse med blomehelsing eller liknande på runde dagar som kjem:

Alv Askeland – 90 år (Sissel-Anny fylgjer upp)

Nils Haukås – 90 år (Jon)

Jostein Krokvik – 75 år (Jon)

Egil Lehmann – 95 år (Jon)

## **13. Nytt songhefte**

Sissel-Anny delte ut framlegg til nye songar. Saki må utsetjast til neste møte. Innspel kan sendast Sissel-Anny pr. e-post.

## **14. Ymse**

- Sigbjørn yverleverer ved høve rekneskapsvedleggi for 2001 til Bjarne (rekneskapsførar for Vestmannalaget). Ajourført medlemsliste pr. 28. april (årsmøtetidspunktet) til nytte for utsending av purringar av medlempengar skal ettersendast.
- Jon greider med bankkontofullmakt for rekneskapsførar.
- Jon etterrökjer saksdokumenti (årsmelding) for Opedalsfondet.
- Neste møte: Fyrste veka i oktober (formannen kjem attende med dato).

Møteslutt umlag klokka 19.30

Harald Linga, skrivar

## Upprit – stjornarmøte i Vestmannalaget 16. oktober 2001

**Stad:** C. Sundts gate 28/ Kaigt. 9 (Statens Hus)

**Frammøtte:** Jon Askeland, Frøydis Lehmann, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal (tilstades under sak 1). Revisor Marhaug var tilstades på fyrehaving under sak 1-4.

**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Formannen hadde kalla inn til møte i lokali i C. Sundts gate kl. 17.30. Det synte seg at lokali der var upptekne, men Sigbjørn Huun makta å få det til slik at stjornarmøtet kunne haldast i Statens Hus. Formannen sa seg leid for at han på fyrehand ikkje hadde sjekka at lokali i C. Sundts gate var ledige.

Møtet vart sett kl. 18.15.

Formannen sa seg leid for at han på fyrehand ikkje hadde sendt ut sakspapir på fyrehand slik stjorni hadde bede um.

### 15. Målsmann for Opedalsfondet

Formann Askeland gjorde framlegg um å underkjenna vedtak frå stjornarmøtet 1. mars 2001.

På dette stjornarmøtet vart det konstatert at Leidolv Hundvin ved eit mistak vart vald til målsmann frå Vestmannalaget. Stjorni hadde handla i god tru då Hundvin vart peika ut, men etter at Dag Hagen Berg i Opedalsfondet hadde peika på at dette var brot på dei fyresegnene som Opedal sette upp og at fyresegnene var sette upp med rettsleg bindande kraft, kunde ikkje stjorni vera i god tru. På møtet var det heilt klårt for stjorni at sedvanen i fondet ikkje kunde gå fyre det som var lovi. Stjorni kom då til at det måtte peikast ut ny målsmann. Stjorni peika 1. mars 2001 samrøystes ut Bjørn Tormod Ringdal til målsmann for Vestmannalaget ut den perioden Hundvin var vald for.

Formann Askeland gjorde vidare framlegg um å setja Leidolv Hundvin attende i vervet.

Askeland hevda at styreformannen i Opedalsfondet, Dag Hagen Berg, brukte pressmiddel mot stjorni for å få vedteki utnemningi av Ringdal. Askeland la fram eit 7-sidors notat um Opedalsfondet, der det var referert og sett fram ei rad påstandar um verksemdi i Halldor O. Opedals fond. Det vart millom anna hevda at Dag Hagen Berg hadde handla kritikkverdig, serskilt då han løyste tidlegare forretningsførar i Opedalsfondet Leiv Flesland frå uppdraget med å føra rekneskap for fondet. Askeland synte til at Vestmannalaget ved two tidlegare høve hadde brote fyresegnene for fondet ved å peika ut målsmenn som var eldre enn 75 år, og hevda at det dermed var sedvane for å sjå burt frå fyresegnene på dette punktet.

Huun, Linga og Ringdal avviste påstandane til Askeland um at Dag Hagen Berg hadde nytta pressmiddel mot stjorni korkje fyre eller etter stjornarmøtet 1. mars 2001. Huun lasta formannen for at han la fram vedtaksframlegg og eit notat på sju sider i ei sak utan på fyrehand å gjeva stjornarmedlemene noko slags varsel og utan å gjeva stjorni høve til å fyrebø tilsvart på

(skipa 21. januar 1868)

påstandane i notatet som Askeland delte ut under møtet. Huun gjorde soleis framlegg um å utsetja saki.

Linga hevda at fyresegnene i Opedalsfondet var klåre, og eit ein ikkje kunne setja fyresegner og lover ut av spel ved å bryta dei mange nok gonger og deretter visa til sedvane. Linga meinte og at denne saki galdt Vestmannlaget si handheving av fyresegnene til Opedalsfondet, og at Hagen Berg si stjorning av Opedalsfondet ikkje var sakssvarande for å gjera seg upp ein mening um vedtaket av 1. mars 2001.

Huun sitt framlegg um å utsetja saki vart vedteki.

## 16. Rekneskapen for Vestmannen

Revisor John Marhaug synte til lagsmøtet 18. oktober der revisormeldingi for rekneskapen, men ikkje sjølvre rekneskapen vart lagd fram. Marhaug sa at han ikkje hadde utført nokon kritisk revisjon, men heller ein usikker og skjematiske revisjon. Han påpeika at det var viktige manglar ved forretningsførsla, men at rekneskapsførar Liland ikkje kunne lastast for dette. Som døme på manglande oppfylgjing og kontroll vart nemnd justering av bladpengar, mangelfulle påføringar på utsende postgirotalongar for bladpengar og utbetaling av mangelfulle fakturaspesifikasjonar frå "Nytrykk".

Formannen delte ut eit 6-sidors brev frå Jerdal datert 12. oktober 2001 um bladet Vestmannen og Vestmannen-rekneskapen for år 2000.

### Aksjonar:

- 1) Instruks og retningslinor for forretningsførsla skal arbeidast ut av revisor John Marhaug innan 1.november.
- 2) Formannen kallar inn rekneskapsførar Liland til neste stjornarmøte etter at instruksen frå Marhaug er distribuert til stjorni.
- 3) Formannen sender brevet frå Jerdal til redaktør Marøy og bed Marøy vurdera brevet.

## 17. F.M. Walles fond

Revisor Marhaug melde i frå at han ville fullføra revisorjobben for rekneskapsåret 2001 for FMW fond og Vestmannen, men at han etter det vilde slutta i revisorvervi. Marhaug understreka at det var viktig at festekontraktane låg fyre for kvar tomt og tilrådde at Vestmannalaget tok denne kostnaden. Han synte til at tidlegare forretningsførar Flesland hadde hatt ei mangelfull oppfylgjing av uteståande krav. Marhaug meinte òg at det var uheldig at tidlegare forretningsførar hadde teke seg godtgjering utan at han på fyrehand hadde fenge godkjenning for godtgjeringi av stjorni.

Revisor Marhaug meinte vidare at FMW fond skulde registrerast i Brønnøysund-registeret etter at det var registrert som anten privat stifting eller næringsstifting.

*Aksjon:* Forretningsførar Huun fylgjer upp registreringsrutinane.

(skipa 21. januar 1868)

## 18. Upprit

### a. Årsmøteuppritet for 2001.

Stjorni tok uppritet til vitring, men Frøydis Lehmann ytra at uppritet var uturvande langt og deltaljrikt.

### b. Uppritet for stjornarmøtet 30. august.

Det kom merknad til punkt 3.c der stjorni hadde meint at godtgjeringi for forretningsförsla for FMW fond skal justerast for år 2001, men at ordlyden ”justerast upp” likevel kunde stå.

## 5. Lageravtale

Formannen kom med framlegg um at lageret til Vestmannalaget (3/15) skulde flyttast til til Kronstad saman med Nord- og Midthordland Sogelag (4/15) og Norsk Bokreidingslag (8/15). Talet i parentes utgjer brøken av leigesummen for lageret. For Vestmannalaget kjem årleg leige på kr. 3.000,-.

Vedtak:

*Stjorni vedtok å gå inn for leigeavtalen i hopehav med Nord- og Midthordland Sogelag og Norsk Bokreidingslag der utlogone for Vestmannalaget utgjer kr. 3.000 pr. år.*

Aksjon:

Formannen undersøkjer um stoda for branngjengi av lokalet og um branndør eller andre gonger må monterast. Verdfulle dokument og originalar skal plasserast og tryggjast i Vestmannalaget sin bankboks inntil vidare.

## 6. Lokalet i C. Sundts gt. 28

Lokalet som Vestmannalaget leiger hjå Nei Til EU hev vorte lite nytta, og formannen slo frampå å avvikla leigetilhøvet. I uppseilingstidi (6 mnd.) må lagnaden til den nye kopimaskina avgjerast, men ei millombels løysing kann vera å plassera ho i lageret på Kronstad.

Vedtak:

Vestmannalaget segjer upp leigetilhøvet Nei Til EU i C. Sundts gt. 28.

## 7. Lovarbeidet

På lagsmøtet 18. oktober er det i haustprogrammet kunngjort at det skal vera ordskifte um lovvarbeidet.

Aksjon:

Harald Linga innleider um lovvarbeidet på lagsmøtet.

## 8. Godtgjering til tidlegare forretningsförar i FMW fond Leiv Flesland

Formannen meinte at for å få tilhøvet til tidlegare forretningsförar Flesland ut av verdi, måtte det økonomiske uppgreret med Flesland no avsluttast og for det arbeidet han hadde utført for perioden januar-mai 2000, trass i at det er gjeve kritiske merknader til forretningsförsla.

Vedtak:

- a) *Leiv Flesland fær til utbetaling den fakturerte summen, men utan at det skal betalast moms slik det er sett fram krav um.*
- b) *Godtgjering for forretningsförsla for perioden juni-desember 2000 som utført av Sigbjørn John Huun skal takast upp på neste stjornarmøte.*

(skipa 21. januar 1868)

## 9. Ymse

- "Lause trådar": Til neste lagsmøte lagar skrivaren til ei lista yver saker som er vedtekne, men ikkje uppfylgde og ikkje er fullførte. Denne lista, uppdaterert, skal gjennomgåast på stjornarmøti.
- Godtgjering for rekneskapsføringi for Vestmannalaget skal diskuterast på neste stjornarmøte.
- Sigbjørn Huun understreka at det på lagsmøti måtte gjerast klårt for fyredragshaldarane på fyrehand kor lang tid dei hadde til rådvelde (45 minutt), og at møtestyraren måtte handheva dette under møtet.

Møteslutt umlag klokka 21.00

Harald Linga, skrivar

## Upprit – stjornarmøte i Vestmannalaget 12. november 2001

**Stad:** Romansk Institutt, Øysteins gt. 1, 4. høgdi

**Frammøtte:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun.

Rekneskapsførar for Vestmannen, Helge Liland var tilstades på fyrehaving under sak 3.

**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Møtet vart sett kl. 17.40.

### 19. Gjennomgang av upprit for stjornarmøtet 16. oktober 2001

Uppritet vart godkjent med desse merknadene:

- Storheim hadde notert seg at formuleringi "på fyrehand" var skrivi ein gong for mykje i avsnittet fyre sak 1.
- Hjelmtveit imøtegjekk utsegni frå revisor Marhaug um at tidlegare forretningsførar i FMW fond, Leiv Flesland, hadde teki seg godtgjering for rekneskapsføringi utan at han på fyrehand hadde fenge godkjenning for summen frå stjorni (sjå sak 3 i uppritet). Hjelmtveit viste til samtale med tidlegare formann Hundvin som hadde fortalt Hjelmtveit at han som formann hadde avklåra denne praksisen med Flesland då Flesland yvertok rekneskapsføringi tidleg på 1990-talet.

### 20. Målsmann for Opedalsfondet

Formann Askeland innleida med at han vilde halda uppe framleggsett sitt frå fyrra stjornarmøtet der han ville ha underkjent vedtaket frå stjornarmøtet 1. mars 2001.

Vedtaket frå 1. mars førde med seg at Leidulv Hundvin vart løyst frå vervet som målsmann for Vestmannalaget til Opedalsfondet. Dette var ein konsekvens av at stjorni på det tidspunktet var fullt klår yver at det var i strid med fyresegni til Opedalsfondet og norsk lov at Hundvin vart sitjande som målsmann for Vestmannalaget. Stjorni valde samstundes Bjørn Tormod Ringdal til ny målsmann for Vestmannalaget.

Askeland meinte at det var praksis å sjå burt frå §3 i fyresegni um aldersgrensa for målsmenn. Han meinte soleis at utnemningi av Ringdal ikkje var godtakande og vilde at Leidulv Hundvin skulde halda fram i umbodet.

Hun og Linga la fram eit 7-sidors motlegg til notatet utlevert av Askeland på fyrra stjornarmøtet.

I motlegget vart påstandane som var sette fram i notatet frå Askeland gjenge gjennom. Serskilt vart det lagt vekt på tilhøvet millom fyresegni til Opedal og dei juridiske fylgjone av fyresegni knytt upp til norsk lov på den eine sida og den subjektive forståingi, tolkingi og tankemåten attum notatet til Askeland på den andre sida. I tillegg vart det peika på at formannen i Opedalsfondet vart utsett for sers grove skuldingar, utan at noko tilfang frå Opedalsfondet vart lagt fram. Framstellingi i notatet var sett fram mot Opedalsfondet og Berg på ein einsidig måte og med beinveges personåtak mot Dag Hagen Berg, utan at Opedalsfondet eller Berg på nokon

måte fekk høve til å koma med sin versjon. Berre ein gong tidlegare hev det hendt at ein målsmann frå Vestmannalaget hev vorte utnemnt til målsmann etter at han er fylt 75 år, og dette var heilt klårt eit undantak. I motlegget vart det dimeir understreka at fyresegni i Opedalsfondet berre kann brigdast av Fylkesmannen, og ikkje ved at dei einskilde vallagi i Opedalsfondet hevdar sedvanerett.

Hun og Linga sa at dokumentasjonen som vart lagt fram i dette motlegget var viktig som bakgrunnsinformasjon for fyrehavingi av saki um målsmann for Opedalsfondet. Linga tilrådde at motlegget, som var eit umfattande dokument, vart lesi gjennom i fred og ro av stjornarmedlemene og at ein deretter seinare kunne taka saki uppatt. Askeland såg ikkje dette som naudsynt og ville gå til røysting. Med studnad frå Hjelmtveit formulerte Askeland dette framlegget til vedtak:

”Styret i Vestmannalaget hadde uppe spurgsmålet um målsmann i Halldor O. Opedalsfond. Me finn det uheldig at det skjer endringar i valperioden og gjer slikt vedtak:

*Styrevedtaket frå 16. november 1999 tek til å gjelda att med det same, slik at Leidulf Hundvin er styresmann i Opedalsfondet ut bolken 2000-2003, og Sissel-Anny Hjelmtveit hans varamann. Styreformannen melder vedtaket til fondet.*

*Styreformannen orienterer Leidulf Hundvin, takkar han for arbeidet i fondet og bed han bera over med det leie avbrotet. Likeeins orienterer formannen Bjørn Tormod Ringdal um endringi.”*

Framlegget vart vedteki med 4 røyster for (Askeland, Hjelmtveit, Lehmann og Storheim, varamann med røysterett) og 1 røyst mot (Linga).

Mindretallet la fram ein protokollmerknad til vedtaket (vedlegg til uppritet). Protokollmerknaden var underskriven av stjornarlemene Linga, Hunn (varamann, men ikkje røysterett på møtet) og Marøy (forfall til møtet).

## **21. Vestmannen – økonomi og drift (Rekneskapsførar Liland var tilstades under fyrehavingi av denne saki)**

Formannen Askeland vitra um at ”instruks og retningslinor” for forretningsførsla som revisor John Marhaug skulle utarbeida til 1. november ikkje var ferdig.

Askeland streka under som særskilt viktig at rekneskapen, ferdig revidert, låg fyr til årsmøtet slik at ein kunne unngå dette årvisse ankepunktet på årsmøtet. For å få dette til måtte Liland ha tilgjenge til rekneskapsvedleggi regelbunde, og for dette året snøggast råd. Likeeins måtte rekneskapen liggja fyr til revisor innan utgangen av januar 2002.

### *Aksjon:*

- Bladstyrar Marøy vert uppmoda um å gjera klår og eventuelt yversenda dei uppsamla rekneskapsvedleggi for 2001 til rekneskapsførar Liland snøggast råd.

Askeland såg det som vanskeleg som andsvarleg bladstjorn å halda yversyn yver bladdrifti og hadde heller ikkje motteke Marøy sine vurderingar av brevet frå Jerdal dagsett 12. oktober 2001. Storheim heldt det fram som særskilt viktig at synspunkt til Marøy måtte koma fram. Det vart ikkje lagt fram synspunkt på bladdrifti frå Marøy på stjornarmøtet.

Det var tidlegare på møtet gjort framlegg um å hevja bladpengane til 200 kronor for 2002 og fyra på girotalongane ”bladpengar for 2002” slik at ein kunne få orden på innbetalingane ein stjornarmøti mai-des.

(skipa 21. januar 1868)

gong for alle. Formann Askeland ville ikkje auka bladpengane fordi han ikkje visste kor mange nummer av bladet som vilde koma til neste år.

*Aksjon:*

- b. Formann Askeland sender brev til bladstyrar Marøy der han bed bladstyraren avklara sitt syn på drifti av bladet framryver.

## 22. Songheftet

Hjelmtveit la fram liste yver songar til det nye songheftet. Arbeidet med å få fram teksti på elektronisk form vart delt millom stjornarlemene.

*Vedtak:*

Det vert trykt eit upplag på 200 eksemplar (å 32 sider). Jo Gjerstad vert spurta um framlegg til umslag. Songheftet skal ligga fyre til jolamøtet, og det vert bede um ei symbolsk gåve på kr. 30,- til finansiering av trykkingi.

## 23. Ymse

- c. Seminar – Arne Bjørndals Samlingar

Formannen orienterte um seminaret 22.-23. november.

- d. FMW - godtgjering for Leiv Flesland for 2000 (jmfr. sak 8 stjornarmøtet 12. okt.)

Lehmann fortalte at Flesland hadde ytra til henne at tenesta hans for FMW fond var momspliktig.

*Aksjon:*

Huun sjekkar saki vedgåande momsplikt.

- e. FMW - godtgjering for Sigbjørn John Huun for 2000 (jmfr. sak 8 stjornarmøtet 12. okt.)

Under dette punktet forlet Huun møtet.

Huun tok yver rekneskapsføringi etter Flesland i 2000 og stod andsvarleg for perioden juni-desember 2000 og likeeins sluttføringi av rekneskapen for 2000 som vart lagt fram for revisor. Hjelmtveit heldt fram at argumentet for å skifta rekneskapsførar var å få ned utlogone og at denne godtgjeringi dimed burde vera mindre enn det som Flesland fekk.

*Vedtak:*

*Rekneskapsførar Sigbjørn John Huun får kr. 2.500,- i godtgjering for år 2000.*

- d. Driftsmidlar til Vestmannalaget frå FMW fond

*Vedtak:*

*Etter samråding mellom rekneskapsførarane for Vestmannalaget, Storheim, og FMW fond, Huun, yverfører Huun ein sum til Vestmannalaget stor nok til at Vestmannalaget hev nok likvide driftsmidlar ut året.*

- e. Lovarbeidet

Lov for Vestmannalaget skal dryftast på neste møte både når det gjeld innhald og tidsplan fram til årsmøtet.

- f. FMW-fond: Status for utetlingar i 2001.

Løyvingane til Bokreidingslaget for diktsamlingi til Votlo og målsoga til Indrebø er ikkje etla ut enno.

Møteslutt umlag klokka 20.30  
Harald Linga, skrivar

**Vedlegg: Protokollmerknad til sak 2**

**Protokollmerknad til sak på stjornarmøte 12. november 2001.**

**Sak 2: "Målsmann for Opedalsfondet"**

Til saki um målsmann for Opedalsfondet vil me ha denne protokollmerknaden:

Me syner til vedtaket gjort på stjornarmøtet 12. november 2001 der eit fleirtal i stjorni hev underkjent tidlegare vedtak i stjorni av 1. mars 2001 og soleis sett til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond. Me syner og til notatet "Motlegg til notatet frå Jon Askeland lagt fram på stjornarmøtet 16. oktober 2001" der påstandar kring stjorning av Opedalsfondet og freistnaden på å setja til sides fyresegnene i Halldor O. Opedals fond vert imøtegått.

På stjornarmøtet 1. mars 2001 vart det konstatert at Leidulv Hundvin ved eit mistak vart vald til målsmann frå Vestmannalaget. Stjorni hadde handla i god tru då Hundvin vart peika ut, men etter at Dag Hagen Berg i Opedalsfondet hadde peika på at dette var brot på dei fyresegnene som Opedal sette opp og at fyresegnene var sette opp med rettsleg bindande kraft, kunde ikkje stjorni vera i god tru. På møtet var det heilt klårt for stjorni at sedvanen i fondet ikkje kunde gå fyre det som var lovi. Stjorni kom då til at det måtte peikast ut ny målsmann. Stjorni peika 1. mars 2001 samrøystes ut Bjørn Tormod Ringdal til målsmann for Vestmannalaget ut den perioden Hundvin var vald for.

Askeland hevda at styreformannen i Opedalsfondet, Dag Hagen Berg, brukte pressmiddel mot stjorni for å få vedteki utnemningi av Ringdal. Askeland la fram eit 7-sidors notat um Opedalsfondet, der det var referert og sett fram ei rad påstandar um verksemdi i Halldor O. Opedals fond. Det vart millom anna hevda at Dag Hagen Berg hadde handla kritikkverdig, serskilt då han løyste tidlegare forretningsførar i Opedalsfondet Leiv Flesland frå uppdraget med å føra rekneskap for fondet. Askeland syntet til at Vestmannalaget ved two tidlegare høve hadde brote fyresegnene for fondet ved å peika ut målsmenn som var eldre enn 75 år, og hevda at det dermed var sedvane for å sjå burt frå fyresegnene på dette punktet.

Me meiner at fyresegnene i Opedalsfondet er klåre, og eit ein ikkje kan setja fyresegner og lover ut av spel ved å bryta dei mange nok gonger og deretter visa til sedvane. Denne saki gjeld elles Vestmannalaget si handheving av fyresegnene til Opedalsfondet, og Hagen Berg si stjorning av Opedalsfondet er ikkje sakssvarande for å gjera seg upp ein mening um vedtaket av 1. mars 2001.

Me vil og leggja vedtaket saman med protokollmerknaden og notatet (motlegget) fram for Fylkesmannen. Vidare ser me det som naturleg at Opedalsfondet v/ styreformannen berre kallar inn den målsmannen som stettar fyresegnene i Halldor O. Opedals fond.

**Harald Linga   Sigbjørn John Huun   Lars Bjarne Marøy**

## Upprit – stjornarmøte i Vestmannalaget 3. desember 2001

**Stad:** Romansk Institutt, Øysteins gate 1, 5. høgdi  
**Til stades:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Bjarne Storheim og Sigbjørn John Huun. Harald Linga hadde meldt forfall.  
**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Møtet byrja kl 17.15.

### *Sak 1 Godkjenning av innkalling, saklista og upprit*

S.H. Huun sa frå um at Bjørn Tormod Ringdal lyt få sakspapiri tilsendt per post, fordi e-posten hans ikkje fungerer. Merknader til uppritet vart utsett av di skrivars H. Linga ikkje var til stades. Elles vart innkallingi og saklista godkjent.

### *Sak 2 Vestmannen – økonomi og drift*

Etter ei orientering frå formannen um vanskane med å få kontakt med og informasjon frå bladstyraren, konkluderte stjorni med at som andsvarleg for bladet, er ho komi i eit uføre på grunn av dette. Per 3.12.2001, nær utgangen av rekneskapsåret, hev rekneskapsførar Helge Liland ikkje motteke eitt rekneskapsvedlegg frå bladstyraren. Fleire i stjorni ytra at dei difor var redde for at kunde verta vanskeleg å få ferdig rekneskapen for dette rekneskapsåret i god tid før årsmøtet. Formannen meinte at det var viktig å løysa Lars Bjarne Marøy frå umbodet som bladstyrar ved årsskiftet, for å kunna byrja det nye året med blanke ark. Formannen vilde freista få tidlegare bladstyrar Jostein Krokvik til å ta på seg andsvaret for Vestmannen.

Stjorni røysta yver eit framlegg til vedtak frå Jon Askeland. 4 røysta for ved å halda seg i ro, 1 (S.J. Huun) sa han vilde røysta blankt.

*Vedtak: Stjorni i Vestmannalaget – som og er bladstjorn for Vestmannen – lyt diverre slå fast at Lars Bjarne Marøy i sitt skriv dagsett 30. november ikkje ser seg i stand til å svara på dei punkta som er nemnde i brevet vårt av 15.11. Me skriv i dag 3. desember og stjorni er framleis heilt uvitande um den økonomiske stoda i bladet. Slik kann ikkje eit andsvarleg bladstyre godtaka, og me ser difor ikkje annan utveg enn å løysa Lars Bjarne Marøy frå umbodet som bladstyrar og forretningsførar for bladet Vestmannen med verknad frå 1. januar 2002.*

*Stjorni gjer og vedtak um at formannen vender seg til den tidlegare bladstyraren Jostein Krokvik for å beda honom um å hjelpa til med å få bladet ut i 2002 og å få bladverksemdi til å fungera på godtakande vis.*

*Stjorni vil og på nytt få takka Lars Bjarne Marøy for at han tok på seg å vera bladstyrar i ein akutt situasjon og for det arbeidet han hev gjort for bladet fram til no. Me segjer oss leide for at me i den noverande situasjonen ikkje ser annan utveg enn å gå til uppsegjing av bladstyraren, men me vonar likevel at det vert høve for Lars Bjarne Marøy til å skriva i bladet og fremja arbeidet for Vestmannen i åri som kjem.*

# VESTMANNALAGET

*Upprit stjornarmøte mai-des. 2001*

(skipa 21. januar 1868)

## Sak 3 Møteprogrammet våren 2002

Stjorni sette opp denne planen for møteprogram våren 2002:

24. januar	Talar: Kjartan Fløgstad (um "Løyndemålet")	Tuftekall: Sveinung Ones
14. februar	Talar: Vidar Lehmann (um arbeidet med veteranbåtar)	Tuftekall: Sissel-Anny Hjelmtveit
14. mars	Årsmøte (årsmøte i mars, ev. framhald av utsette saker kann ein då ta upp på møtet i april)	
18. april	Talar: Ludvig Jerdal (upplevelingar frå krigsår og tukthus i Tyskland? – framlegg på medlemsmøte frå Erling Virkesdal)	Tuftekall: Harald Linga?
30. mai	Sumartur til Norheimsund/Øystese med umvising på Hardanger fartøyvernsenter og mat på Sandven Hotel i Øystese	

## Sak 4 Lovarbeid

Harald Linga, som ikkje hadde høve til å vera med på møtet, hadde sendt inn eit framlegg for framdrifti for lovvarbeidet. Stjorni tykte framlegget såg greidt ut og vil freista fylgja planen:

- 15. desember: Skriftlege merknader frå stjornarmedlemene til noverande lovframlegg er sendt til skrivaren.
- 7. januar: Skrivaren hev laga eit samanfatta (revidert) lovframlegg og sender dette til stjorni.
- 14. januar: Skrivaren hev motteki eventuelle siste merknader frå stjorni til lovframlegget.
- 24. januar: Skrivaren hev laga saksdokument med innleiding, klar til utsending til lagslemene.

## Sak 5 Ymse

**Formann Jon Askeland** orienterte um desse sakene:

- Jostein Krokvik vert 75 år 4. januar 2002. Formannen sender blomehelsing.
- Egil Lehmann vert 95 år 29. januar 2002. Formannen sender blomar
- Kopi av brev frå Alv Askeland til Halldor O. Opedals fond der han etterlyser manglande utbetaling frå fondet på kr 20 000 for boki Folkesuvereniteten, Stortinget og Grunnlovi som var løyvd frå fondet i 1996. Boki kom ut i 1997. Løyvingi skulde gå til Bokreidingslaget. Stjorni var samde i at formannen sender brevet yver til Vestmannalaget sin målsmann i Opedalsfondet, Leidulv Hundvin.
- Brev frå Gudmund Harildstad um tinging av heidersskrifstet *Målgranskaren frå Årdal*. Formannen gjer tingangi kjend på jolamøtet den 13. desember.
- Kopimaskina som står i tidlegare kontorlokale i C. Sundtsgate, må ut. Bjarne Storheim hentar henne. S.A. Hjelmtveit kann vera interessert i å kjøpa henne.
- Martin Votlo reagerer på ordet snøbyger i NRK, og vilde ha Vestmannalaget til å ta dette upp med NRK. Stjorni kunde vera samd med Votlo i at andre ord som "snjokave" kunde vera betre, men hev ikkje kapasitet til å fylgja upp dette ynsket frå Votlo no.

(skipa 21. januar 1868)

- Arne Holm hev gjevi melding um at finansieringi for døypefonten på Island er i orden, og bed um å få yverförd løyvingi frå Vestmannalaget.

**Sigbjørn Huun** etterlyste tidlegare sakgang um eit ev. sal av vegstubb i Grønnestølen. Hjelmtveit freistar finna fram tidlegare upprit um dette og sender det til honom.

**Sigbjørn Huun** var usikker på um Leiv Flesland hev rett på eit uteståande krav på kr 1500 for mva. i samband med rekneskapsföringi for Fritz Monrad Walles fond.

**Bjarne Storheim** sa frå at han trong um lag kr 20 000 til drifti av Vestmannalaget. Sigbjørn Huun yverfører denne summen frå FMW-fond til kassastyrar Bjarne Storheim snarast.

Møtet var slutt um lag kl 1900.

Sissel-Anny Hjelmtveit  
møteskrivar denne gongen

# Vedteke mot tri øyde

Framlegg frå Ludv. Jerdal:

Styret i Bygdelagsnemndi i Bergen hev sendt eit framlegg um brigde i Lovi for nemndi, og medlemslagi er uppmoda um å segja si meining um framlegget. For berre eit par år sidan vart det gjort nokre brigde i lov og då heldt nemndi seg til det målet som lovi hev havt sidan nemndi vart skipa 2. juni 1939.

Men denne gongen hev styret i Bygdelagsnemndi akrivek heile lovi til ny rettskriving. I brevet til lagi heiter det at styret tek etterhal um mindre endringar i det endelege framlegget, serleg med tanke på språkleg ~~endring~~ gjenomgåing i samsvar med læreboknormalen.

Då Bygdelagsnemndi vart skipa, var det sers målkunnige folk som laga utkastet til lov, millom deim var professor Gustav Indrebø og og banksekretær Anders Skåsheim. No vil styret i Bygdelagsnemndi byta ut deira målbruk med læreboknormalen som me fekk i 1959 og som hev ført til stor øyding og attendegang for målet vårt.

Noregs Grundlov vart skrivi på dansk i 1814, og seinare brigde i den lovi hev Stortinget utforma på det same målet. Men Bygdelagsnemndi vil no byta ut det målet som skiparane nytta i 1939. Dette er ei vanvyrding av skiparane og deira målbruk. Bygdelagsnemndi er eit "barn" av Vestmannalaget, stend det i soga um nemndi. Det var vestmannen Johs. Lavik som fyrst bar fram tanken um eit sovore samarbeidsligg for norskdomslagi i Bergen.

Vestmannalaget hev stridd imot rettskrivingi som me fekk i 1938 og ~~xlæreboknormalen~~ som fylgte i 1959. Ifall Bygdelagsnemndi held uppe framlegget um lovbrigde til læreboknormal og før det vedteke, melder Vestmannålaget seg ut or nemndi.

//////

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Gode lagsfolk.

På årsmøtet i Vestmannalaget 28. april vart desse valde til styresmenn: Jon Askeland, formann, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Harald Linga og Lars Bjarne Marøy. Varamenn vart Bjarne Storheim, Bjørn Tormod Ringdal og Sigbjørn John Huun.

Stjorni ser det som si uppgåva å samla laget og å halda fram med byggjande arbeid til bate for norsk målreising og kulturliv.


No i vår stend det att berre ein post på det faste programmet, men me vil uppmoda lagsfolk um å slutta upp um Vestmannalaget i 17. mai-toget og elles vera med på dei samkomor og tilskipingar som laget gjer upptak til.

Tur til Bjørn West-muséet torsdag 7. juni kl 16.00

Me vonar at mange finn hove til å melda seg på til denne utferdi med laget til Masfjorden. Turen gjeng med buss frå Strandkaien kl 16.00 og kostar kr 150,-. Me reknar med å vera attende um lag kl. 22.00.

Påmelding i god tid til Leidulv Hundvin, telefon 55-163732, eller Bjarne Storheim, telefon: 56-371071 (helst på kveldstid).

Venleg helsing

  
Jon Askeland  
formann

## Lars Bjarne Marøy

---

**Fra:** Harald Linga <harald.linga@online.no>  
**Til:** Jon Askeland <Jon.Askeland@sfu.uib.no>; <hjelmtveit@c2i.net>; <lbmaroy@hotmail.com>;  
       <LBmaroy@c2i.net>; <fr-lehm@online.no>; <yuko@online.no>; <bstorh@frisurf.no>  
**Kopi:** <sigbjorn.huun@c2i.net>; <sjh@snd.no>  
**Sendt:** 21. februar 2002 00:24  
**Emne:** Årsmeldingi

Bladet Vestmannen.

Som mange lagsfolk truleg kjenner til, hev det ei tid vore uro kring bladet Vestmannen. Millom anna kom det fram sterkt misnøgje med rekneskapen for år 2000, som vart lagd fram meir enn eit halvt år etter årsmøtet i april 2001. Den 15. november vart rekneskapen lagd fram på eit lagsmøte, men han vart ikkje godkjend, berre teken til vitande. Sameleis hev det frå fleire hald kome innvendingar mot redigering, bladbunad m.m. Sjølve veteranen i laget vårt, Ludvig Jerdal, sende stjorni eit brev der han sette fram ei rad kritiske merknader til den måten bladet vart drive på. Han sakna òg stoff frå lagsarbeidet, og tykte det var ille at Vestmannalaget nærast vart "tagd i hel" i det bladet som laget sjølv gjev ut.

Stjorni i Vestmannalaget er og bladstyre for Vestmannen, men sambandet millom styret og bladstyraren, Lars Bjarne Marøy, som også er forretningsførar for bladet, hev det siste halvåret ikkje vore slik det burde. Styret uppmoda sterkt um å få til eit møte med bladstyraren i Bergen i oktober, men sistnemnde fann ikkje høve til det. Styret fekk heller ikkje tilbakemelding frå bladstyraren um hans syn på dei kritiske merknadane frå Jerdal. Og då me bad um å få opplysningar um økonomien i bladet pr. 01.11. 2001 (yverslag yver utlogor og innkomor, inneståande på bankkonti o. l.), fekk me innan den uppsette fresten ingen informasjon um tilstanden.

Eit fleirtal i stjorni (Sigbjørn Huun røysta blankt, medan Harald Linga, som ikkje var til stades seinare hev gjort det klårt at han var usamd i både framgangsmåte og vedtak) vedtok difor på møtet den 03.12.2001 å løysa bladstyraren frå arbeidsuppgåvone som bladstyrar/forretningsførar for Vestmannen med verknad frå årsskiftet 2001/2002. Samstundes vart det vedteke at stjorni skulde venda seg til Jostein Krokvik for å beda honom um å hjelpe til med å driva bladet vidare i 2002. Krokvik vilde gjerne at det skulde skipast ei skriftnemnd/bladnemnd og ynskte millom anna å få dei tri som i praksis hev drive bladet siste halvåret, Marøy, Myrvoll og Torheim, med i arbeidet.

I samsvar med dette tok formannen i Vestmannalaget kontakt med Marøy for å freista få til eit møte med honom i Bergen kring årsskiftet, med tanke på ei umleggjing av bladdirfti. Marøy ynskte ikkje eit slikt møte og i brev til stjorni dagsett 10.01.2002 gjorde han det klårt at han av formelle grunnar ikkje godtok brevet frå 03.12.2001 som uppsegjing. Han rekna seg framleis som bladstyrar og hadde fyrebudd og alt sendt nummer 1 år 2002 til prenteverket.

Stjorni ynskte å få til ein mjuk yvergang og sette difor ikkje noko inn på

å stogga utgjeving av januarnummeret. Men det vart teke kontakt med andre som eventuelt kunne taka på seg det vidare arbeidet med bladet. Det var likevel uheldig at formannen sette bladpengane opp til kr. 200,- og godkjende utsending av girotalong med januarnummeret, sidan me enno ikkje veit kor mange nummer som kjem ut i 2002.

Etter at brevet frå Marøy av 10.01.2002 kom på bordet i midten av januar d.å. og etter at stjorni fekk greide på at inneståande på Vestmannen sine bankkonti kann ha minka med um lag 100.000 kronor det siste året, hev me kome fram til at ei umleggjing av bladdirfti kann koma til å taka lengre tid enn fyrst planlagt. Stjorni vedtok difor 24.01.2002 å senda Marøy nytt uppsegjingsbrev - som fullt ut skulde vera i samsvar med reglane i arbeidsmijølovi - og stogga samstundes fleire utgjevingar av bladet til saki med Marøy er avklåra. Marøy hev seinare bede um grunngjeving for uppsegjingi, og nytt brev som syner til vedtaket 03.12. 2001 hev vorte utferda. Stjorni fann og at den økonomiske stoda no er slik at me bør leggja årsrekneskapen for 2001 til grunn for å kunna planleggja bladdirfti vidare framover.

Marøy hev etter arbeidsavtalen med Vestmannalaget tri månaders uppsegjingstid. Det kann difor koma til å gå ei tid før neste ordinære nummer når fram til lesarane.

I vyrdnad for det heilhuga arbeidet Krokvik hev gjort for Vestmannen, må me som hev andsvaret, gjera det som stend i vår makt for å tryggja bladet i åri som kjem og ikkje øyda på stutt tid dei midlane som grunnleggjaren møydesamt - og utan tanke på eigenbate - hev skote inn i bladet.

**Lars Bjarne Marøy**  
Glåmlidvegen 17  
2213 Kongsvinger  
tlf. 62 81 43 95  
e-post: lbmaroy@c2i.net

Kongsvinger, 11. februar 2002

### Gode tingar av Vestmannen

Stjorni i Vestmannalaget, som òg er bladstyre for Vestmannen, hev no stogga drifti av Vestmannen. Eg vil i dette brevet freista å gjera greida for det eg meiner er bakgrunnen for dette og leggia fram den prosessen stjorni hev nytta til å segja meg upp.

Vestmannen hev i dei 17 åri bladet hev vore til, vore so godt som den einaste talerøyri for høgnorsk målreising og Vestmannasynet. Ivar Aasen-sambandet, Vestlandske Mållag og lokallagi under desse hev ikkje havt nokon annan kanal enn denne. Bladet hev synt seg å femna vidare enn til berre høgnorsk målreising; det hev vore eit blad med vid synskrins. Likevel hev det berande for bladet vore å vera ein talsmann for i-målet.

Dei siste two-tri åri hev det stade fram two flokkar i Vestmannalaget: Den eine flokken er knytt til fleirtalet i den sitjande stjorni (3 av 5 stjornarmenner). Dette fleirtalet ynskjer ikkje arbeidsprogram eller budsjett for Vestmannalaget, og dei hev ikkje ynskt å segja frå um kva dei vil gjera for laget. Likevel må ein kunna segja at dei hev stade upp imot folk i laget som legg grunnleggjande vekt på målreising, ordskifte og utetterretta målarbeid. Desse målreisarane er den andre flokken som hev stade fram.

Jamvel um fleirtalet i stjorni ikkje hev sagt klårt ifrå um kva dei vil, er det openberty at dei ynskjer å setja ymse kulturspursmål framfyre offensivt målarbeid. Dei vil stydja tiltak som ikkje er seinveges knytte til målsak med pengehjelp og andre ressursar. Stjorni let jamvel til å nedprioritera målsaki. Det hev millom anna ført til at stjorni i år for fyrste gong ikkje hev løyvt pengar til Vestmannen gjennom Fritz Monrad Walles fond.

Når det gjeld syn på striden for Vestmannasynet og i-målet hev Sissel Anny Hjelmtveit uttala seg soleides i Dag og Tid 8. juni 2000 (i eit lesarbrev):

"Det kan vera at nokon reagerer på at eg ikkje bruker 1917-rettskrivinga når eg er så fri å stilla som formannskandidat i Vestmannalaget. Til det vil eg seia at eg har all respekt for dei som vel å nytta ei anna rettskriving enn læreboknormalen, men eg oppfattar denne normalen som den rette for meg personleg. Skulle eg skriva på vegner av Vestmannalaget, ville eg nok brukt ein del andre former, former som mange oppfattar som sjølve identiteten til laget."

Hjelmtveit er den sentrale aktøren i fleirtalsflokkene, og ho er no næstformann i laget.

Eg vil segja meg leid for at eg er nøydd til å senda dette brevet. Men eg meiner de som tingar bladet hev krav på å få vita kva som hender. Slik stoda er, hev dei målpolitiske motsetnadene utvikla seg til ein strid um formalitetar kring tilhøvet millom meg som redaktør og stjorni. Eg meiner at eg hev gjort greida for alle dei tilhøvi som stjorni hev spurt etter. Eg legg ved eit notat der eg gjeng inn på dei handfaste sidone ved saki.

Med venleg helsing

*Lars Bjarne Marøy*

Lars Bjarne Marøy  
bladstyrar i Vestmannen

## **Notat um Vestmannen**

På årsmøtet i Vestmannalaget 28. april 2001 vart Jon Askeland valt til formann i laget. Etter den tid var han soleis den øvste andsvarlege for Vestmannen med di stjorni i Vestmannalaget er bladstyre for Vestmannen. Frå årsmøtet og fram til 19. oktober tok ikkje Jon Askeland på noko tidspunkt kontakt med meg som var bladstyrar eller kom med spørsmål kring Vestmannen. I august flutte eg frå Bergen til Kongsvinger. Då laut eg lata att i Bergen det meste av det som galdt Vestmannen. Det hev gjort at eg ikkje hev havt seinverges yversyn yver alt som gjeld bladet. Eg hev heller ikkje havt høve til å møta på stjornarmøte i Vestmannalaget. I den same tidarbolken hev eg vore nøydd til å leggja um redigeringsarbeidet drastisk. No set me bladet ferdig på data fyre det vert sendt til prenteverket, og eg hev engasjert two hjelpesmenn, Olav Torheim og Klaus Johan Myrvoll. Dette arbeidet hev vore sers tidkrevjande. Det hev tidvis vore vanskar med utformingi av bladbunaden, men etter mitt syn hev desse vanskane løyst seg.

Det hev kome kritiske spørsmål til økonomien å Vestmannen, både frå stjorni og Ludvig Jerdal. Millom anna hev det vorte reist spørsmål ved at eg hev fenge løn. Det stemmer at eg hev fenge løn, men det hev vore løn med skattetrekk, og sjølv hev eg ikkje havt nokor stor vinning av dei summane som hev vorte utbetala. Mesteparten hev tvert imot gjenge burt i skatt av di stjorni ikkje hev vilja registrera Vestmannen i fyretaksregisteret. Soleis sat eg att med ei nettoinnkoma på umlag 9000 kronor i 2000. Dette er mindre enn den årlege gåva som stjorni gav Jostein Krokvik i bladstyrartidi hans. Dersom stjorni vilde ha gjort brigde i lønnskipnaden, kunde ho ha teke det upp med meg. Det gjorde ho aldri. Elles vil eg få streka under at eg hev fylgt budsjett for Vestmannen som vart framlagt 11. desember 2000, med undantak for naudsynte innkjøp av data- og kontorutstyr på i underkant av 15 000 kronor. Stjorni hev aldri gjort korrigeringar i budsjettet, og ho hev ikkje på noko tidspunkt kome med innspel til korleis me kunde auka innkomone åt bladet.

Pr. i dag er økonomien til Vestmannen prega av vantande innkomor og driftsunderskot. Det driftsunderskotet som kjem i 2001, kjem seg i stor grad av at det var uråd å få fastsett ein auke i bladpengane. Soleis fekk me ikkje sendt ut innbetalingsgiroar til tingarane i november/desember. Det må stjorni taka på seg skuldi for. Vantande innbetalinger av bladpengar for 2002 i slutten av 2001 utgjer truleg so mykje som kring 50 000 kronor (medrekna gåvor). Attåt kjem vantande tilskot frå Vestmannalaget gjennom Fritz Monrad Walles fond (15 000 kronor) og frå Halldor O. Opedals fond (10 000 kronor). Stjorni hev elles med framferdi si skapt so mykje uvissa kring framtid til Vestmannen at det hev vore uråd å drive noko serleg økonomiarbeid med freistnader på å skaffa nye tilskot til bladdrifti. Det gjer at Vestmannen vert ståande att med eit stort driftsunderskot i 2001. Dessutan kjem ikkje bladøkonomien til å verta so god som han kunde ha vore i 2002, um bladet fær halda fram.

Mange hev kritisert bladet for at det hev vore for lite tilfang frå lagstivet i Vestmannalaget. Her kann eg berre segja stutt at stjorni hev havt fullt høve til å koma med stoff som gjeld Vestmannalaget. Det hev ikkje kome noko. Elles hev bladbunaden og redigeringsarbeidet kritisert, utan at kritikken hev vore serleg handfast. Då er det vanskeleg for ein bladstyrar å gjera umskifte i arbeidet sitt.

Jon Askeland og stjorni hev klaga yver at det hev vore vanskeleg å få i stand møte eller dryftingar med meg um Vestmannen. 19. oktober vilde formann Askeland ha eit møte med meg i samband med at eg skulde vera i Bergen helgi etter. Fram til då hadde han

som sagt ikkje teke kontakt med meg um saker som galdt Vestmannen. Askeland hadde kunna møta meg og tala uformelt med meg kva tid som helst den helgi, med di eg var med på å skipa til ein målkonferanse som Ivar Aasen-sambandet hadde i Bergen, men han vilde absolutt møta meg sundag ettermiddag. Då var konferansen slutt, og eg laut fara heimatt til Kongsvinger.

I slutten av oktober sende stjorni meg eit skriv frå heiderslagsmannen Ludvig Jerald. Jerald er ein røynd bladmannen og kjenner bladdrifti sers godt. Skrivet fortalte at Askeland og stjorni hadde rota med å få lagt fram rekneskapen for 2000 på eit lagsmøte, og det inneheldt detaljert kritikk av fleire sider ved bladdrifti. Askeland hadde freista å leggja fram rekneskapen utan at revisormeldingi var reidug, og rekneskapen skal heller ikkje ha vore oppkopiert til medlemene i laget! Det undra meg at stjorni ikkje hadde sendt meg korkje rekneskap eller revisormelding. Men på denne tidi var det avgjerande at bladet kom ut. Eg kunde ikkje nyttja tid på å gjera detaljerte etterrøknader og ettervisingar um alle tilhøvi Jerald kom inn på, og samstundes få ut bladet. Formuleringi frå stjorni var heller ikkje serleg forpliktande.

15. november vende stjorni seg til meg for første gong med handfaste spørsmål um bladet. Eg fekk ein frest på fjortan dagar til å svara. Eg sende svar innan fresten der eg forklåra at eg ikkje kunde leggja fram dei upplysingane dei ynskte, av di eg i so fall laut fara til Bergen, og det hadde eg ikkje høve til. Stjorni svara med å gjera vedtak 3. desember um å løysa meg frå umbodet som bladstyrar for Vestmannen. Eg fekk vita um det i e-brev frå Jon Askeland dagen etter.

Då eg var heime i Bergen i romjoli vilde eg rydja upp i sakene. Eg gjekk då gjenom all den dokumentasjon eg sat inne med. Eg svara på skrivet frå Jerald, eg svara på spørsmåli um økonomien til Vestmannen og eg leverte frå meg rekneskapsvedlegg til rekneskapsførar Helge Liland. Dette tok mykje tid. Formann Askeland kontakta meg um eit møte der han vilde dryfta ei løysing med Jostein Krokvik til ny bladstyrar. Eg sende fyllige utgreidinger um stoda der eg la fram mitt syn på denne løysingi, og eg spurde kva tankar Askeland og stjorni hadde gjort seg kring denne og andre løysingar. Svaret eg fekk frå Askeland var at han ikkje var interessert i å svara på "endelause rekkjar av spørsmål". På det grunnlaget uppfatta eg det som vanskeleg å få til ei løysing. Eg fekk dimeir ikkje tid til å gjera meir med saki av di ein nær slektning fall frå, stutt tid fyre eg skulde fara frå Bergen.

Stjorni ignorerte heilt at eg hadde arbeidskontrakt med bladstyret i den prosessen dei dreiv fram til stjornarvedtaket 3. desember og seinare. Difor upplyste eg stjorni um dette i eit brev dagsett 10. januar, endå ho skulde ha visst um det på fyrehand. Det førde til at stjorni vilde segja meg upp. Stjorni hev no sendt eit uppsegjingsbrev utan grunngjeving. Eg reiser tvil ved uppsegjingi og vil fylgja upp saki med stjorni. Det som iallfall er klårt, er at eg er bladstyrar enno i uppsegjingstidi. Stjorni skriv at siste arbeidsdagen min er 30. april. Eg sit pr. i dag med nok stoff til eit nytt nummer av Vestmannen, men stjorni hev tydelegvis so mykje imot at eg og hjelpesmennene mine held fram arbeidet med bladet, at dei ikkje vil gjeva løyve til det. Eg hev jamvel tilbode meg å arbeida vidare etter uppsegjingstidi utan løn, men stjorni hev ikkje vilja gå inn på slike løysingar.

Det ser ikkje ut til at stjorni hev evna eller vilje til å finna nokon ny bladstyrar. Den fyrre bladstyraren, Jostein Krokvik, hev vorte spurd, men han hev sagt at han i høgdi kann gjeva ut seks nummer i året. Difor gjorde han tidleg i januar framlegg til stjorni um at Olav Torheim, som hev stade for bladbunaden, tek på seg bladstyrargjerningi. Torheim

hev i svar på fyrespurnad frå stjoni sagt seg viljug til dette, men han hev ikkje fenge noko svar attende.

Jon Askeland hev ved fleire høve halde attende informasjon for stjorni. Han hev sete med kopi av arbeidsavtala millom stjorni og meg og budsjett for Vestmannen fastsett av stjorni 11. desember 2000. Likeins let det til at stjorni ikkje hev sett seg inn i årsmeldingi for Vestmannen 2000-2001.

Likeins hev Askeland arbeidt mykje på eigi hand utan å konferera med stjorni. Han sende brev til Ludvig Jerdal med rekneskapen og revisormeldingi for 2000 fyre han hadde teke upp rekneskapen i stjorni. Eg fekk rekneskapen først i 2002. Vidare sende han brev til Klaus Johan Myrvoll, som les korrektur på bladet, der han la fram ei rad grunnar til at han ikkje vilde ha meg til bladstyrar. Desse grunnane gjekk på tilhøve som galdt andre saker enn arbeidet mitt med Vestmannen. Askeland hev ikkje vilja segja kva samband han hev havt med andre um bladdrifti, og korleis han eventuelt hev umtala arbeidet mitt med Vestmannen for andre. I januar sette han opp bladpengane til 200 kronor utan å samråda seg med stjorni. Prenteverket i Fiskåbygd kann stadfesta skriftleg at det var Askeland som først tok initiativ til å få sett upp bladpengane.

Frå først av var det på tale at Jostein Krokvik skulde vera forretningsførar og ha kontofullmaktene til bladet. Men på stjornarmøte 24. januar tok Askeland yver kontofullmaktene sjølv i lag med kassastyraren i Vestmannalaget. Samstundes vart både bladstyraren og rekneskapsføraren fråtekne sine kontofullmakter. Rekneskapsføraren, Helge Lilland, hev arbeidt trufast for bladet sidan starten i 1985, og er den andre av dei two tilsette i Vestmannen. Stjorni hev ikkje freista å segja upp Liland.

Lars Bjarne Marøy

Eidsvågneset 3, juni 2000.

Herr Bjørn Tormod Ringdal .

Eg kjenner veldig lite til Dykk , men eg er flau når eg les i B.T. Dykkar innlegg om striden i Vestmannalaget og at De er med i stjorni der .Det er eit gamaalt ord som segjer at « det lest alltid ei visa for den som kveda vil» Slik også her, men det må ha ei mening .

Dei som er oppegåande og leseføre etter å ha lese innlegg og notat frå Frøydis Lehmann, Sissel - Ann Hjelmtveit , Eigil Lehmann og nå sissst Leidulv Hundvin så må det vera klårt at den kritikken mot fru Hjelmtveit er grunnlaus. Går det verkeleg ikkje an å innrøma dette ?.

Lat oss for all del vera ærlege å innrøma at det er både sunnt og klokt mange gonger å ha ulikt syn i ei sak , og benkeforslag er litt av kvardagen . Mange såg vel at med Lars Bjarne Marøy som formann så var framtida for Vestmannalaget ikkje så god .Då var det berre rimeleg at det kom eit benkeframlegg all den tid laget ikkje har valnemnd. At andre såg det onnorleis og ikkje likte resultatet er ikkje å kritisera . Men det høyrer med til vårt demokrati å godtaka lovleg val . Å høyra på pratet om kupp er til å grina av p.gr.benkeforslag . Kor mange gonger har ikkje den gamle journalisten Jerdal vore vitne til det ?


Når ikkje dette gjekk var det å prøva seg med nytt årsmøte. Alt førearbeid med dette er ukorekt . Berre 3 av styremedlemene har skrive under . Men det verste er at 12 maskinskrivne namn skal vera alibi for ei liste på 13. Fakta er at det er berre ei underskrift . Ingen andre stader i vårt land nyttar det å leggja fram ei slik liste og fortelja at det er 13 som har skrive under .

Altså er det sisste årsmøtet ingern ting verd og det må vera flaut å vera med på lasset .

Det er heilt klårt som Eigil Lehmann skriv at den rette formannen i Vestmannalaget heiter Sissel Ann Hjelmtveit . Dei som meinat noko anna må ha flau smak i munnen. Eg vil segja det så sterkt at å vera medlem av denne stjorni er det same som å gå i gjestebod når ein veit at maten er stolen .

Det er mange som ynskjer ei god framtid for Vestmannalaget men det må skje med ærlege midlar .

Torleiv Konglevoll



Lars Bjarne Marøy

Glåmlivegen 17

2213 Kongsvinger

Norsk Bokreidingslag, ved formann

Jon Askeland,

Krohnengsgt. 3,

5035 Bergen

Kongsvinger 20. desember 2001

Gode Jon Askeland

Eg hev motteke skjemaet ditt vedkomande oppdatering av opplysningar i Brønnøysund-registeret og fleire purringar frå deg.

Eg tykkjer det er gildt at Bokreidingslaget no etter fleire år endeleg vil oppdatera opplysningane um laget. Det undrar meg at Bokreidingslaget i år òg utan å spyrja meg vel mèg uppatt til varamann i styret. Når eg ikkje hev svara fyrr, er det av di eg hev ynskt å få klårleik i um eg er tilplikta å stå som varamann i Bokreidingslaget. Etter dei opplysningar eg hev kunna henta inn, kann eg ikkje sjå at eg er pliktig til å stå som varamann i laget. Eg er vald utan å vera spurt, og eg hev ikkje gjeve noko samtykkje til å stå som varamann.

Eg vil med dette gjera det klårt at eg, etter å ha tenkt nøgje gjennom saki, vil meld frå um at eg ikkje vil taka imot umbodet som varamann til styret i Norsk Bokreidingslag. Eg vil beda deg um å leggja fram dette brevet for styret og syta for at folk som vert valde til styresumbod i laget vert spurde på fyrehand. Det tilsende skjemaet vert returnert i same stand som eg hev fenge det.

Med venleg helsing,

*Lars Bjarne Marøy*  
Lars Bjarne Marøy

Vestmannalaget,  
formannen Lars Bjarne Marøy,  
Laksevåg.


Eg viser til samtalor me hev havt um det store målarstykket av Nils Bergslien, det som i uppslagsverk nemnest "Heilag-Olav på Hundorp", og som og hev vore kalla "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen". Målarstykket heng no på veggen ved inngangen til Hotell Hordaheimen. Eg kan stadfesta at Vestmannalaget er eigar.

Laget fekk kunstverket i gåva frå Bergen kommune på 80-årsbildet i 1948. Ordførar Nils Handal gav melding um gåva i ein tale på festsaikoma i Schjøttstovone på Bryggen. Eg viser til det som stend um dette på side 402 i boki "Vestmannalaget i 110 år".

Laget hadde ikkje plass til kunstverket, og det vart gjort avtale med lagsbruksstyret i Lagsbruksi til Bondeungdomslaget L/L. um at biletet kunde hanga på Hordaheimen. Det hekk i nokre år på ein vegg i Kaffistova, seinare vart det flytja til inngangen på hotellet.

Eigartilhøvet er klårt nok. I mange årsmeldingar for laget i åri som fylgde vart det gjort greida for eignalutene til Vestmannalaget, og målarstykket vart då nemnt, saman med andre eignaluter som fanst andre stader. Millom dei som var med i lagsbruksstyret den gongen er Kåre Kolås og Olav Pakke. Dei vil kunna stadfesta eigartilhøvet.

Bergen 17. juni 1999.

  
Ludvig Jerdal,

Vestmannalaget,  
formannen Lars Þurðar Márður,  
Loksevíg.

Eg viser til sancalar me hev latt un det store málarstykket av Vilé Bergslien, det som i uppslagsverk nemnest "Heilag-Olav af Lindorp", og som og hev vore kalla "Hong Olav kristnar i Gildbrandsdalen". Málarstykket hev no på veggen ved inngangen til Hotellet "Vorleiaheimen". Eg kan stadfeste at Vestmannalaget er eigar.

Laget fekk kunstverket i giva fri Bergen konstituene på 80-årsjubileet i 1948. Professor Vilé Mardal gav melding um gjeve i ein tale på Festeskoga i Schjættslova på Bryggen. Eg viser til det som stendt inn dette på side 402 i bokta "Westmannal get i 110 år".

Laget hafde ikkje plass til kunstverket, og det vart gjort evnule med lagbruksstyrket i Lagbruksi til Vorleungdomslaget L/L. Ut av biletet hunde fargar på Vorleiaheimen. Den hekk i nokre år på ein veg i Haffidlova, seinare vart det flytta til inngangen på hotellet.

Eigartilknyvel er klært nok. I mange fremsendingar for laget har dei som følgje vært det gjort greide for eignalutne til Vestmannalaget, og málarstykket vart då nemnt, saman med andre eignalutne som først andre stader. Villom dei som var med i lagbruksstyrket den gangen er Vilé Kolfs og Olav Pakke. Dei vil kunna stadfesta eigartilknyvet.

Bergen 17. juni 1970.

Ludvig Jerdal,  
Ludvig Jerdal,

Vestmennalaget,  
Fornminnen Lars Nansen Marst,  
Volværing.

Åg viser til samalar ne har høvt um det store allærstykket av Vilse Tengslien, det som i uppslagsverk nennest "Heilag-Olav af Windorp", og som og har vore kalla "Hong Olav kristnar i Trondedalen". I "Lærestikket heng no på" veggen ved inngangen til Hordal Vandelvinen. Åg kan stadfesta at Vestmennalaget er eigar.

Ingað fekk kunstverket i giva fri. Bergen kommune på 20-årsdilett i 1942. Erfraom Hordal har melding um giva i ein tale på festdag konu i Schjeldtstovene på Tryggen. Åg viser til det som stend ur dette på side 40 i bokti "Nesumurði get i 110 år".

Laget har ikkje plass til Kunstverket, og det vart gjort avtale med Lagsbruksstyret i Lagsbruket til Bordeungdomslaget L/L. Om å bilest hundre lange i Hordaland. Det hekk i nokre år i ei vei i Haffidova, seinare vart det flytta til inngangen til hotellet.

Tilhaldskvalet er klært nok. I mange frameldinger for laget i ei sen fulgte vort det gjort greida for eignalutane til Vestmennalaget, og miljørådet vart då nemnt, saman med andre eignaluter som først andre stunder. Villon dei som var med i lagsbruksstyret den gongen er Kire Nolfs og Olav Pakke. Dei vil kunna stadfesta eignatillføret.

Bergen 17. juni 1976.

Lindværing  
Lindværing, Hordal,

Harald Trefall, Professorvegen 16, 5072 Bergen, Norway.  
Tlf. 55 28 61 18; Tlf./fax 55 27 13 70.

KOP

29/04/01.

Frøydis Lehman,  
Norsdåsveien 183,  
5235 Rådal.

I brevet ditt datert 1/6-2000 til Ludvig Jerdal, som han siterer på Vestmannalaget sitt Årsmøte igår, skrev du til han:

"Du greidde ditt kupp i Vestmannalaget med god hjelp av Harald Trefall. Syns du at det han stend for er verd å ha med i Vestmannalaget, attpå til som frontfigur?"

I pausen spurde eg kva det var du sikta til, og du svara det var mitt politiske engasjement i Fedrelandspartiet. Du såg visst på innvandringsmotstanden vår som "rasistisk".

Eg tilbaud meg å senda deg programmet vårt og andre skriftstykke som syner kva me "stend for", og du sa ja til det. Eg legg difor ved:

1. Fedrelandspartiet sitt hovedprogram frå 1991.
2. Fedrelandspartiet sitt Idégrunnlag slik det stend i vedtekten våre.
3. "Hva Fedrelandspartiet står for" av underteikna.

Eg ber deg peika på noko som er rasistisk i dette, om du kan.

Eg legg også ved utdrag av FN sine menneskerettskonvensjonar, og av konvensjonen mot rasisme, som programmet vårt byggjer på. Dei to fyrtse seier at alle folkeslag "fremmer fritt sin politiske stilling og fremmer fritt sin økonomiske, sosiale og kulturelle utvikling". Konvensjonen mot rasisme understrekar at statane har rett til å gjera forskjell på statsborgarar og ikkje-statsborgarar. Det me kjempar for er at nordmenn også skal ha desse rettane. Meiner kanskje du noko anna?

Eg vonar difor at når du har lese gjenom det eg har sendt deg, kjem du til at du har ikkje noko grunnlag for utsegna di, og gjev meg den uavkorta orsakinga eg har krav på. For no veit du at det er lygn dét motmennene våre seier om oss, og som du hev truudd på og spreidt vidare.

*Harald Trefall*

Harald Trefall

**Harald Trefall, Professorvegen 16, 5072 Bergen, Norway.  
Tlf. 55 28 61 18; Tlf./fax 55 27 13 70.**

---

**01/05/01.**

**Lars Bjarne Marøy.  
Eliasmarken 14,  
5163 Laksevåg,**

Kjære Marøy!

Eg sender deg med dette kopi av brev til Frøydis Lehmann slik eg baud meg til å gjera, med dei vedlegg som eg sende til henne, så du sjølv kan sjå kva eg stend for. Eigentleg gjeld det berre om å halda Noreg norskt, på same måte som samane vil halda sitt land samiskt.

Det er grotesk at dette skal gjera meg uskikka til å veralagslem i Vestmannalaget. Eg tykkjer det er mi haldning som er i samsvar med "Vestmannasynet", og at det heller er Frøydis Lehmann og hennar tilhengjarar som er uskikka.

Som du vel veit var det Ludvig Jerdal som fekk meg inn i Vestmannalaget omkring 1985, då han vart kjend med meg mens eg representererte Framskrittspartiet i Bergen Bystyre. Eg sette pris på dette og vart med. Og som du og veit hev eg aldri dryfta politikk i lagssamanhang, korkje på lagsmøtene eller på dei stjornarmøti eg hev vori på. Når eg no gjer det, er det berre på grunn av bakhaldsåtaket frå Frøydis Lehmen, og også utsegnene frå den nye formannen Jon Askeland om at han kunne ikkje gå fanevakt i 17.mai-toget medan eg var varamedlem til Stjorni.

Det som no skjer får dei ta skulda for som yppa til strid. For eg vil ha oppreising.

Med helsing,

*Harald Trefall*

Harald Trefall

Kopi til; Ludvig Jerdal.



HOTELL  
**HORDAHEIMEN**

BEST WESTERN HOTELL HORDAHEIMEN

C. Sundts gt. 18, 5004 Bergen

Tlf.: +47 55 23 23 20, Fax: +47 55 23 49 50

Bankgiro: 6504.05.00213, Postgiro: 0813 5699293

Foretaksnr.: NO 933 040 143 MVA

E-mail: info@hordaheimen.hl.no


Vestmannalaget  
v/Lars Bjarne Marøy  
Eliasmarken 14  
5163 Laksevåg

Bergen 09.12.99

Viser til hyggeleg brev av 4.10.99 om tryggding av målarstykke « Kong Olav kristnar Gudbrandsdalen ». Vi har pr. i dag ei vanleg brann og tjuveriforsikring på dette.  
Vi vil i nærmaste framtid teikne ei spesialforsikring for samtlege maleri.  
Vi er svært taksame for å ha dette biletet i resepsjonen, gjestar og tilsette set stor pris på det.

Vi ynskjer ei riktig god jul og eit godt nyttår..

Med venleg helsing  
for Best Western Hotell Hordaheimen

  
Berit Vigdis Ørnhaug  
Direktør



# Vestmannalaget og målsaki

rom i norsk kultursoga. Vestmannene hev også arbeidt med kultur- og miljøvern – lenge før slike ord vart tekne i bruk. Og hadde det ikkje vore for pionerane i laget, hadde neppe Håkonshallen eksistert. Og i dette laget som det praktkyggjet det er.

Dette tradisjonsrike laget vil no ein flokk med yngre målfolk – som for ein stor del er heimehøyrande i andre luter av landet – setja under administrasjon og styra etter eit avgrensa målreisingsprogram. Men på det siste årsmøtet møtte vanlege lagfolk manjamant fram og fekk hindra at dei tilreisande ruska til seg bladet åt laget og gjorde vestmennene til husmenn i sin eigen heim.

Når det er sagt, vil eg understreka at Vestmannalaget sjølysagt – no som i tidlegare tider – vil arbeida for målsaki. Det stend då i vedtekten for laget, og ein treng ikkje leggja fram korkje arbeidsprogram eller budsjett på årsmøtet for å kunnalleva upp til dette kravet. Men det stend også i vedtekten at dei som er med i laget skal «frenja det som kann vera til hugnad, gaman og bate fyre målsaki og samlagts. Denne regelen vart det nok synda

skuldar oss ei klægjering av kva det er han meiner skil Vestmannalaget av 2002 frå Vestmannalaget av 1985 og som gjer at det no ikkje lenger høyrer heime i den landssamskipnaden laget sjølv gjorde oppaket til.

Å koma med skuldingar um at dei som no sit i stjorni ser på målsaki som ei tapt sak, held ikkje. Samleis er det å spela med falske kort å insinuera at underskrivne vil leggja ned *Vestmannen* for å yverfara midlane til Bokreidingslaget – slik eg skynar ryktet gjeng i visse kringar. Bladet *Vestmannen* er då det beste organet me hev for å spreida kunnskap um bokene som forlaget gjev ut.

Nei, målsak er meir enn berre ordskifte og fyreteljingar. Det er blad- og bokutgjeving, det er musikk og kulturverdar, det er å nyta målet både i kvardagslaget og til festbruk. Det er både vidsyn og tvilsyn. Målsak er å spela på mange strengjer. Vestmannalaget vil halda opp denne tradisjonen, og alle som hev det rette skynd for tradisjonen og vil ta del i kampen mot språkleg og kulturell einsretting og tvang er velkomne i laget.

Ivar Aasen-sambandet var det

også vestmennene som skipa i 1985.

Eg tykkjer difor formann Myrvoll

ikke so reint lite mot på årsmøtet 14. mars.

So til roysteretten. Millom floken av langregsfarande var det ei mindre gruppa som hadde svara. Jagspenger so seint, at det ikkje hadde kome melding um innberaling til kassastyraren. I vedtekten stend det at «Nykomande skulo vera innnevnde av ein lagsmann og vedtekne av stjorni». Stjorni godkjende alle nyinnmelle som me hadde fengje melding um, dagen før årsmøtet.

Me var med andre ord so imøtekommende som vedtekten tillet oss å vera. På den andre sida vilde det ikkje hatt innverknad på dei val og vedtak som vart gjorde um alle frammette hadde fenge roystert. Til det var fleirtalet for stort.

Bladet *Vestmannen* hev det vore strid um i det siste, men ingen av dei som sit i styret ynskjer å leggja ned bladet. Tvert imot hev me bede Jostein Krovik um å hjelpa oss med å få til vidare bladdrift – og etter råd frå honom, sende me ved årsskiftet ein fyrspurnad til ein av hjelpesmennene til den tidlegare bladstyraren um å stå andsværlig for bladet. Det svaret me fekk, gav oss ikkje seriege voner um vilje til

For oss er det avgjerrande at styret hev kontroll over økonomien, at aktivitetane i laget syner att i bladet og at Krokvik – so lenge han ynskjer det – får spela ei sentral rolle i bladet. Då kann kanskje etter tingarfalet nå gamle høgder og koma upp mot upplagstalet på 700, som dverre samstavar därleg med summen av innkomme bladpengar i 2001.

Norsk Bokreidingslag er eitt av mange tiltak som vestmennene hev sett ut i活et. Gustav Indrebø var ei drivkraft i både Vestmannalaget og Bokreidingslaget. Det same hev vore tilfelle med Ludv. Jerdal og Conrad Clausen. Det er etter mitt vit litt av eit kunstsstykke Myrvoll gjev seg i kast med når han diktar upp motsetnaden millom desse to lag. På 1800-talet var Vestmannalaget. Tvert imot hev me bede Jostein Krovik um å hjelpa oss med å få til vidare bladdrift – og etter råd frå honom, sende me ved årsskiftet ein fyrspurnad til ein av hjelpesmennene til den tidlegare bladstyraren um å stå andsværlig for bladet. Det svaret me fekk, gav oss ikkje seriege voner um vilje til

insinuera at underskrivne vil leggja ned *Vestmannen* for å yverfara mid-

lane til Bokreidingslaget – slik eg

skyndar ryktet gjeng i visse kringar.

Bladet *Vestmannen* er då det beste

organet me hev for å spreida kunn-

skap um bokene som forlaget gjev

ut.

Nei, målsak er meir enn berre

ordskifte og fyreteljingar. Det er

blad- og bokutgjeving, det er mu-

sikk og kulturverdar, det er å nyta

målet både i kvardagslaget og til

festbruk. Det er både vidsyn og tvil-

syn. Målsak er å spela på mange

strengjer. Vestmannalaget vil halda

opp denne tradisjonen, og alle som

hev det rette skynd for tradisjonen og

vil ta del i kampen mot språkleg og

kulturell einsretting og tvang er vel-

komne i laget.

skuldar oss ei klægjering av kva det er han meiner skil Vestmannalaget av 2002 frå Vestmannalaget av 1985 og som gjer at det no ikkje lenger høyrer heime i den landssamskipnaden laget sjølv gjorde oppaket til.

Å koma med skuldingar um at dei som no sit i stjorni ser på målsaki som ei tapt sak, held ikkje. Samleis er det å spela med falske kort å insinuera at underskrivne vil leggja ned *Vestmannen* for å yverfara midlane til Bokreidingslaget – slik eg skyndar ryktet gjeng i visse kringar. Bladet *Vestmannen* er då det beste organet me hev for å spreida kunn-

skap um bokene som forlaget gjev

ut.

Nei, målsak er meir enn berre

ordskifte og fyreteljingar. Det er

blad- og bokutgjeving, det er mu-

sikk og kulturverdar, det er å nyta

målet både i kvardagslaget og til

festbruk. Det er både vidsyn og tvil-

syn. Målsak er å spela på mange

strengjer. Vestmannalaget vil halda

opp denne tradisjonen, og alle som

hev det rette skynd for tradisjonen og

vil ta del i kampen mot språkleg og

kulturell einsretting og tvang er vel-

komne i laget.

For oss er det avgjerrande at styret hev kontroll over økonomien, at aktivitetane i laget syner att i bladet og at Krokvik – so lenge han ynskjer det – får spela ei sentral rolle i bladet. Då kann kanskje etter tingarfalet nå gamle høgder og koma upp mot upplagstalet på 700, som dverre samstavar därleg med summen av innkomme bladpengar i 2001.

Norsk Bokreidingslag er eitt av

mange tiltak som vestmennene hev

sett ut i活et. Gustav Indrebø var ei

drivkraft i både Vestmannalaget og

Bokreidingslaget. Det same hev

vore tilfelle med Ludv. Jerdal og

Conrad Clausen. Det er etter mitt

vit litt av eit kunstsstykke Myrvoll

gjev seg i kast med når han diktar

upp motsetnaden millom desse to

lagi. På 1800-talet var Vestmannalaget. Tvert imot hev me bede Jostein Krovik um å hjelpa oss med å få til vidare bladdrift – og etter råd frå honom, sende me ved årsskiftet ein fyrspurnad til ein av hjelpesmennene til den tidlegare bladstyraren um å stå andsværlig for bladet. Det svaret me fekk, gav oss ikkje seriege voner um vilje til

**Fra:** LARS BJARNE MARØY <lbmaroy@c2i.net>  
**Til:** hjelmtveit <hjelmtveit@c2i.net>; kjellH.Knivsflaa@snf.no  
<kjellH.Knivsflaa@snf.no>; yuko@online.no <yuko@online.no>; Frøydis  
Lehmann <fr-lehm@online.no>  
**Dato:** 19. februar 2000 15:35  
**Emne:** Vestmannen

---

### Bladstyrarskifte

Jostein Krokvik melde i brev av 26 januar frå um at han ynskjer avløysing som bladstyrar.

Eg tek med nokre av det meste generelle innhaldet i brevet som de vil få sjå seinare.

Til formann og stjorn i Vestmannalaget

Bladstyrarskifte- hastesak

Av helsegrunnar hastar det med denne saki, for å hindra at bladet utan nærmere varsel stend utan bladstyrar. Eg hev nokre framlegg til små justeringar i fyresegnene som må upp både i stjorn og på årsmøte i 2000. Nokre justeringar hev synt seg ynskjelege etterkvar, eller dei hev vore praktisera i mange år utan bokstavheimel (som redaksjonsmålet, § 2, og bladstyrarumbodet med andsvar for forretningsførsla, § 4).

Lenger nede skriv Krokvik :" Sidan helsegrunnar tvingar fram bladstyrarskifte no, meiner eg det viktigaste er å finna ein skipnad som held bladet uppe. So fær andre brigde koma seinare. Eg tvilar på um lysing etter bladstyrar hev stor von um å føra fram. Meir må ein vel venta av beinveges personleiting - "head-hunting". Det hastar, og Stjorni/Vestmannalaget må setja i gang for fullt. Bladstyraren må frå første stund vera heilt på det reine med dei målkravi som fylgjer med arbeidet, og i dag hev me nokre hjelphemiddel i so måte - serleg Lars Eskelands "Norsk Ordliste" og "Norsk Formlæra"."

I tidi etter at eg fekk dette brevet hev eg arbeidt med å klårleggja dei formelle sidone ved bladdrifti og dei tankane og dei tingi eg hev kome fram til hev eg forma i notatet nedanfor. Eg sende dette notatet til Krokvik, og bad um at han kommenterte det. Det var 7.02. 2000. Men two dagar etter fekk eg ikkje noko svar på dette brevet, men brevet nedanfor frå Krokvik :

7.02.2000.

Stjorni i Vestmannalaget  
ved formannen Lars Bjarne Marøy

Eg fekk nett melding um at eg vert innlagd på Volda Sjukehus i morgen (8/2). Kor lenge upphaldet må vera og kva det må føra til, veit eg ikkje. Eg hev halde på å prentebu nr. 2 av Vestmannen. Det er ikkje ferdig når eg kjem frå sjukehuset. Det vert forseinka og etter ruta, men det kann ikkje gjerast noko med. Bladstyring ut yver dette må ikkje medrekna frå min part.

Beste helsing  
Jostein Krokvik.

Dette gjer i praksis at me stend utan bladstyrar frå og med mars. Fyrst notatet og deretter vedtaksframlegg og konklusjonar.

#### Bladstyrarskifte i Vestmannen

Notat ved formannen

Jostein Krokvik hev i brev meldt frå um at han ynskjer avløysing i bladstyraryrkjet. Brev frå Krokvik 26 januar 2000. Krokvik gjev opp helsegrunnar som årsak til at han no vil trekkja seg attende. Denne saki og fyresegnene hev me havt uppe i stjorni fyrr. Eg viser til stjornamøte 16 november. Eg skreiv den gongen eit notat som gjev nærmare opplysningar um bladet og bladsoga. No trengst det å koma nærmere inn på dei tekniske sidone ved sjølve bladet og på korleis dei tekniske uppgåvone kann løysast.

#### Kriterium for den nye bladstyraren

1 Me treng ein bladstyrar som er godt som økonomisk sjølvstendig og som hev god tid til å arbeida med bladet. Bladstyraren må ikkje vera for gamal. Me kann ikkje anna undantaksvis ha ein bladstyrar som er eldre enn 65 år. Um det likevel skulde dukka upp einskildkandidatar før me vurdera dei serskild for seg. Bladstyraren må vidare vera godt inne i norsk mål, og ha allsidige litterære, politiske og akademiske interesser. Det er ein fyremun at vedkomande er knytt til Vestmannalaget og er godt kjend med det laget stend for og arbeider med. Det må vera ein person som det er lett å samarbeida med. Det vil vera ein styrkje um vedkomande bur i eller nært ved Bergen i den fyrste tidi, slik at stjorni kann halda nær kontakt med den me tilset. Men i våre tider med internett treng ikkje dette å vera noko krav.

22.02.00

2 Fyresegner : Krokvik peikar på at det er på sin plass å dryfta fyresegnene for Vestmannen. Han peikar på sedvanen ved bladdrifti. Eg viser her til bladsogenotatet. Eg gjeng gjenom dei punkti som er aktuelle og markerar med uthevja skrift.

I 1988 var det laga fyresegner for Vestmannen dei lyder soleis. Paragraf 1 Namnet på bladet skal vera Vestmannen. Denne paragrafen stend ubrigda. Det er ingen grunn til å brigda namnet i dag.. Paragraf 2 Fyremål Fyremålet for bladet er å reisa og odla norsk mål og gjera sitt til å halda uppe måltradisjoen frå Ivar Aasen i stil, skrivemåte og ordval, so langt som det vil kvar tid let seg gjera. Bladet skal og arbeida for å fremja norrøn og norsk kultur, gjera kjent og verna um grunnsynet soleis som det er utforma i lover og fyresegner for Vestmannalaget og Vestmannasynet.

#### #Tillegg :

Redaksjonsmålet er hovudformene i 1917-rettskrivingi med i-målet som ei serleg viktig form."#

Redaksjonsmålet hev vore hovudformene i 1917-rettskrivingi med i-målet som ei serleg viktig form. Å gjeva ut bladet utan i-mål vil vera å gå imot heile grunnlaget for at bladet vart skipa og hev halde seg i drift, meiner eg. Dette hev ikkje vore sett upp i fyresegnene, men må etter mi og Krokviks meining slåast fast. Ein bladstyrar må binda seg til eit redaksjonelt mål. I bladet elles stend bladstyraren friare. Paragraf 3 Stjorni i Vestmannalaget er stjorn for bladet Vestmannen. Bladstyraren og forretningsføraren hev møte- og talerett i bladstjorni.

Det vil vera ein styrke å ha bladstyraren med i stjorni. Ingen brigde er vel naudsynte her.

paragraf 4 Stjorn Stjorni i Vestmannalaget tilset bladstyrar. #Um bladstyraren ikkje ynskjer å taka administrasjonen med forretningsförsla og rekneskapsföring, syter stjorni for at desse uppgåvone vert fylte.# Bladstyraren skal i alt sitt arbeid verna um og fremja fyremål og grunnsyn for bladet, og elles ha rettar og plikter i samsvar med redaktørplakaten.

Paragraf 5 Vestmannen er utgjeve av Vestmannalaget, men bladet ber sjølv andsvaret for eignaluter og skuld. Dersom bladstjorni skulde finna det uråd å gjeva ut bladet vidare, skal eignalutene gå yver til Vestmannalaget. (Um Vestmannalaget skulde verta uppløyst og bladstjorni ikkje ser seg råd med å gjeva ut bladet lenger, skal eignalutene gå yver til Halldor O. Opedals fond for målreising og måldyrking Eg gjer framlegg um at me stryk denne delen. Vestmannalaget skal ikkje uppløysast i nærmaste framtid.) Dette brigdet er ikkje påkravt og eg vil ikkje gjera nokor stor sak av det, um de vil det skal stå. Men når me fyrt brigdar fyresegnene kann det vera greidt å taka med eit slikt punkt,um stjorni elles er samd i å stryka det.

Paragraf 6 Brigde i fyresegnene Fyresegnene er fastsette etter vedtak i Vestmannalaget 18.desember 1988. Dei kann brigdast berre med two tridjeparts fleirtal av dei frammøtte på vanleg årsmøte i Vestmannalaget.

3 Redaksjonelt arbeid :

Eg kjenner ikkje alt arbeidet med Vestmannen i detalj. Men nokre punkt er viktige.

3.1 Bladet vert sett opp på data. Dvs. at alt stoff må leggjast inn i digital/elektronisk form. Dette arbeidet i seg sjølv hev vore tidkrevjande. Me litt innsats skal det ikkje vera uråd å få tekster innlese på data av anten dei som skriv sjølv eller av hjelpesmenn, men dette må det arbeidast med frå bladstyre og serleg bladstyraren.

3.2. Stoffinnsanking. Her er det lagt i høgnorskrørsla som stend for det mest aktuelle, samkomor/møte, utspel og fyresegner. Dei tillitsvalde og serleg formennene må halda god kontakt med bladet.

Det er fleire miljø i høgnorskrørsla som må få markert seg med stoff som ikkje er heilt dagnært og som ikkje knyt seg beinveges til det organisatoriske. Dei skribentane som let til å ha best kontakt er Steffens, Harildstad og Gjerdåker. Til saman skriv dei mykje i bladet.

Elles er det ei rad einskildpersonar som skriv, som oftast hev dei organisatorisk tilknyting til  
Ivar Aasen- Sambandet.


3.3 Redaksjonelt stoff. Leidarartikkelen er viktig. Krokvik hev som oftast skrive den sjølv, men i sume høve hev det kome inn aktuelt stoff frå Ivar Aasen-Sambandet.

Ordtøkje og avisutklypp og telefonspalta er viktige innslag. Likeins lysingar som skal inn på faste plassar.

Det redaksjonelle arbeidet glid yver i samarbeidet med prenteverket og umbrekkingi.

#### 4 Umbrekking

Prenteverki nyttar i dag Quark express som er eit dyrt setjeprogram. Dette programmet hev me ikkje råd til å skaffa oss, di meir av di det krev ei datamaskin med stor snøgggleik. Krokvik hev teikna upp sidone på papir og levert inn teksti på diskett til prenteverket. I og med at det ikkje ligg fyre korrekturprogram for høgnorsk hev korrekturlesing kvilt på bladstyraren. Det hev gjenge inn under det redaksjonelle andsvaret. Med epost kann korrekturlesingi skiftast ut til mest kven som helst som vil taka dette på seg i kvart



# BYGDELAGSNEMNDI I BERGEN

v/Eldbjørg Gunnarson  
Morvikbrekkena 31  
5124 Ulset  
tlf. arb.55582970, pr.55531194

Til medlemslag og rådsmedlemer

Bergen, 23.2.2000

## FRAMLEGG TIL NY LOV FOR BYGDELAGSNEMNDI

Vi viser til brev sendt 7.2.00. Vedlagt fylgjer framlegg til lovendringar, utarbeidd av styret, til handsaming på årsmøtet 25.5.00. Styret tek atterhald om mindre endringar i det endelige framlegget, særleg med tanke på språkleg gjennomgang i samsvar med læreboknormalen, retting av logiske feil og ting som måtte vera gløymt.


Vi ber om at laga drøftar framlegget i samråd med rådsmedlemene før årsmøtet.

Grunngjeving for endringsframlegget:

Debatt på årsmøte og rådmøte sidan 1996, utmelding og "nestenutmelding" av medlemslag. Organisasjonsforma for Bygdelagsnemndi er for stor og tungrodd i høve til arbeidsoppgåvene nemnda har no. Bygdelagsnemndi har hatt vanskeleg for å visa sin "berettigelse", kvart lag har hatt nok med seg og ikkje krefter eller interesse til det mange oppfattar som ein selskapsklubb for eldre lagsmedlemer. Representasjonsordninga i Bygdelagsnemndi har også kravt ekstra tillitsverv i kvart lag. Dei valde rådsmedlemene og styret i Bygdelagsnemndi har til dels hatt liten kontakt med lagsstyra og det daglege livet i laga.

For å gje Bygdelagsnemndi eit innhald og ei form som meir kan høva til dagens situasjon, legg framlegget hovedvekt på samarbeid mellom laga. Enkeltprosjekt skal utformast av arbeidsgrupper oppnemnt av Rådet, og arbeidsutvalet skal primært ha som ansvar å gjennomføra fellesmøte. Dette vil m.a. krevja færre faste tillitsfolk. Styret meiner også at administrativ hjelp til innkalling og avvikling av møta bør kunna leigast frå dei av laga som har tilsette.

Med helsing  
for Bygdelagsnemndi

  
Eldbjørg Gunnarson

Vedlegg

Lov for  
Bygdelagsnemndi i Bergen  
Vedteken 2.9.1939, siste endring 23.4.1998

FRAMLEGG frå styret  
til endringar, febr.2000

§ 1.	Bygdelagsnemndi er ein samskipnad av frilynde lag i Bergen. Nemndi hev til føremål å vera ein fast bindelekk millom einskildlagi, arbeida for samhald, gje rettleiing i lagsarbeid, vera talerøy til ålmenta i saker med sams interesse for einskildlagi, styrkja og fremja det som kan tena framvokster av folkekultur og norskdom i folket.	§1. <i>Bygdelagsnemndi er ein samskipnad av frilynde lag i Bergen. Nemndi har til føremål å vera ein bindelekk mellom einskildlaga, arbeida for samhald, gje rettleiing i lagsarbeid, vera talerøy til samfunnet i saker med sams interesse for einskildlaga, styrkja og fremja det som kan tena framvokster av folkekultur og norskdom i folket.</i>
§ 2.	Alle frilynde lag som godtek lovene, kan verta med i Bygdelagsnemndi. Lag som ikkje meir vil vera med i Bygdelagsnemndi, må senda skriftleg utmelding til styret innan oktober månad, elles må årspengane for neste år svarast.	§ 2. <i>Alle frilynde lag som godtek lovene, kan verta med i Bygdelagsnemndi. Eventuell utmelding må sendast skriftleg til arbeidsutvalet innan oktober månad, ellers må det betalast årspengar også for neste år.</i>
§ 3.	Bygdelagsnemndi skal ha eit råd. Einskildlag med 50 lagsfolk eller mindre vel 1, lag med 51 til 100 vel 2, og lag med yver 100 vel 3 utsendingar til rådet. Minst ein av utsendingane frå kvart einskildlag skal vera medlem av styret i einskildlaget. Valet gjeld for 1 år.	§ 3. <i>Bygdelagsnemndi er eit råd, heretter kalla Rådet. Rådet er samansett av minst 1 styrerepresentant frå kvart einskildlag. Ved avrøystingar i rådet, skal representanten/ane frå eit lag til saman ha røystevekt i høve til medlemstalet (50 eller mindre 1 røyst, 51 - 100 skal ha 2 røyster og over 100 3 røyster).</i>
§ 4.	Rådet vel eit styre på 5 med 3 varamenn, dessutan 2 ettersynsmenn. Formannen vert vald ved serval for 1 år, dei andre 4 styremedlemene for 2 år slik at 2 gjeng ut kvart år. Varamenn og ettersynsmenn vert valde for 1 år. Styret vel seg imillom varaformann, skrivar og kassastyrar.	§ 4. <i>Årsmøtet i Rådet vel eit Arbeidsutval på 3 med to varamenn (leiari, skrivar og kassastyrar). Leiaren vert vald ved serval for 1 år, dei andre 2 for 2 år slik at 1 går ut kvart år. Varamenn vert valde for 1 år. Ettersynsmenn vert revisor i det medlemslaget som har leiaren. Medlemene i arbeidsutvalet bør vera medlemer av lagsstyra. Arbeidsutvalet skal kalla inn og gjennomföra rådsmøta, krevja inn medlemspengar og halda oversyn over økonomien. Arbeidsutvalet er vedtaksfört når 3 personar er til stades.</i>

Lov for  
Bygdelagsnemndi i Bergen

FRAMLEGG frå styret  
til endringar, febr.2000

	<p>§ 5. Ny - sjå § 8 og 9 i opphavleg lov</p> <p>Rådet har møte minst 2 gonger om året, og elles når arbeidsutvalet eller minst 3 medlemslag krev det. Rådsmøte skal kallast inn skriftleg minst 2 veker på førehand. Leiaren styrer møta. Medlemene i arbeidsutvalet har røysterett på rådsmøta.</p> <p>Kvart år seinast i mai månad legg Arbeidsutvalet fram for Rådet årsmelding og ettersedd rekneskap. Årsmelding og rekneskap bør sendast til einskildlaga saman med innkalling til årsmøte. På årsmøtet skal det veljast arbeidsutval, godkjennast årsmelding og rekneskap, og veljast felles-representantar til eksterne organ, p.t. 17.mai-komiteen i Bergen og Kyrkjenemndi.</p>
§ 5.	<p>Bygdelagsnemndi skal vera eit felles kontakorgan, og skal arbeida for å fremja eit godt samarbeid mellom einskildlaga, m.a. ved at laga informerer om planlagte aktivitetar og samordnar tiltak der det høver.</p> <p>Bygdelagsnemndi kan stå som kontakteledd i høve til offentlege organ, og andre organisasjonar. Felles tiltak vedtekne i rådsmøte skal planleggjast og utførast av prosjektgrupper oppnemnde av dei laga som tek del i aktivitetten. Bygdelagsnemndi står som ansvarleg tilskipar av felles tiltak.</p>
§ 6.	<p>Årspengar for kvart lag er kr. .... som skal sendast Bygdelagsnemndi innan januar månad. Elles hev ikkje einskildlagi økonomisk ansvar for Bygdelagsnemndi.</p> <p>Einskildlagi skal innan utgangen av mars månad fylla ut fastlagt og tilsendt meldingsksjema og senda inn. Bygdelagsnemndi kan elles sjå til å få driftsmidel ved tilskipingar og stemnor. Men det må ikkje vera på ei tid som einskildlag hev til faste møtedagar.</p>
§ 7.	<p>Årspengar for kvart lag er kr. .... som skal sendast Bygdelagsnemndi innan februar månad. Elles har ikkje einskildlagi økonomisk ansvar for Bygdelagsnemndi.</p> <p>Medlemslag skal innan utgangen av mars månad senda inn til Arbeidsutvalet fastlagt og tilsendt meldingsskjema.</p>
Når det er turvande, kan styret eller rådet velja hjelpesmenn millom lagsmedlemene i einskildlagi.	Stryka

Lov for  
Bygdelagsnemndi i Bergen

FRAMLEGG frå styret  
til endringar, febr.2000

§ 8.	
Kvart år seinast i mai månad legg styret fram for rådet årsmelding og ettersedd rekneskap. Årsmelding og rekneskap bør sendast til einskildlagi saman med innkalling til årsmøte.	Sjå ny § 5.
§ 9.	Sjå ny § 5.
Rådet hev møte minst 2 gonger om året, og elles når styret eller minst 10 utsendingar krev det. Rådsmøte vert tillyst av styret med skriftleg varsel til einskildlagi minst 10 dagar fyreåt. Møteinkalling og sakliste skal og sendast til alle utsendingar med kjend adresse. Formannen styrer møti. Styremedlemene hev røysterett på rådsmøti.	
§ 10	§ 8.
Vert det vedteke å leggja ned Bygdelagsnemndi, eller minkar talet på einskildlag som er med, til under 3, skal arkivet og midelen sendast til Universitetet i Bergen til millombels varveitsle. Vil minst 3 einskildlag innan 10 år taka oppatt arbeidet med Bygdelagsnemndi, skal arkivet og middelen gjevast attende til Bygdelagsnemndi. Um so ikkje er tilfelle, vert arkivet Universitetet si eiga, og midelen skal nyttast til gransking av folkeminne på Vestlandet.	<i>Vert det vedteke å leggja ned Bygdelagsnemndi, eller minkar talet på einskildlag som er med, til under 3, skal arkiv og pengar sendast til Universitetet i Bergen til mellombels oppbevaring. Vil minst 3 einskildlag innan 10 år ta oppatt arbeidet med Bygdelagsnemndi, skal arkivet og pengane gjevast attende til Bygdelagsnemndi. Dersom dette ikkje skjer, vert arkivet Universitetet si eiga, og pengane skal nyttast til gransking av folkeminne i Hordaland og Sogn og Fjordane.</i>
§ 11.	§ 9.
Lovene kan brigdast på eit rådsmøte når minst 2/3 av dei valde utsendingane er tilstades, og minst 2/3 av desse røystar for det. Framlegg til lovbrigde skal vera sendt einskildlagi minst 3 månader fyreåt.	<i>Lovene kan endrast på eit årsmøte når minst 2/3 av dei valde utsendingane, rekna etter røystevekt, er til stades, og minst 2/3 av desse, rekna etter røystevekt, røystar for det. Framlegg til lovendring skal vera sendt einskildlaga minst 2 månader på forhand.</i>

"Gamle gode Ervingen"  
fekk storfeld hylling.

-----  
Av Ludv. Jerdal.

*HISTORISK*  
"Me er i gamle gode Ervingen!" sa skodespelar Edvard Drabløs ein geng han gjesta Bondeungdomslaget Ervingen i Bergen. Det var jubileum i laget, og Drabløs las norsk lyrikk på sin sereigne måte. Det er lenge sidan, og eg minnest ikkje årstalet. Men eg hugsar dei ordi som Drabløs nyttå då han steig fram på scena.

Og Drabløs-ordi steig fram i minnet då me sat benkja i den store salen i Gimle som var fullsett på 100-års-festen. Målarstykke som synte mange norske hovdingar lyste imot oss frå veggjene og frå scena, og yver talarstolen såg me fana med bilet av Ivar Aasen. Programmet var innhaldsrikt, med attersyn og framsyn. Og på hundradårsfesten tenkte eg:

Dette er gamle gode Ervingen!

Dette skal ikkje vera eit referat ifrå festen, det skal vera ei hylling til ein hundradåring som synte at han framleis er trufast imot den ideen som skiparane var fyllte av i året 1900. Formannen Bjarte Sæbø helsa gjestene velkomne med nokre ord um kva laget er skipa for, og Bjarne Spangelo las prøgen hadde hadde skrive. Der var det gode og råkande poeng. Og prøgen kom etter at Synnøve Sæmijndsdotter Bjørset hadde spela ein fulltonande lydarslått på hardingfela. At me seinare i programmet fekk høyra eit spelemannslag - gamle gode Fjellbekken - på scena høyrer med.

Festtalen hev alltid vore sterkt påskyna i Ervingen. Og denne gongen var tidlegare formann og no heiderslagsmann Aslaug Kvilekval Breivik komi frå Rogaland. Ho let minni koma til sin rett. Ho skildra so levande at me såg personar og hendingar i farne år, og ho takka for innsatsen og for gode minne.

Og so må feststyraren nemnast med honnør. Oddlaug Samdal batt dei mange programkastane saman. Eit prydleg prenta program var utlagd på festbordi. Der var det òg eit fint utval av songar, og Oddlaug Samdal sytte for at me fekk syngja mest alle. Sjeldan hev eg hørt so mektig og fulltonande song, frå ein festlyd der ein stor part av deltakarane hadde teke nasjonalbunaden på. Og so kjem her ei serskild takk til dei

som hadde fenge prenta songheftet. For dei hadde synt vyrdnad for Aasen, Vinje, Blix og Ørjasæter. Me fekk syngja på deira i-mål, dei var ikkje umskrivne til a-mål og "læreboknormalen". Og me song 102-åringen Hans Hyldbakks herlege "Vårsøg", med tone av Henning Sommerto, på nordmørstmål, utan umskriving til læreboknormal:

Helsingane til 100-åringen.

var mange. Nokre kom fyre og mange kom etter den velsmakande middagen frå Kaffistova til Ervingen. Og dei som helsa hadde gode ord og gávor med. Bergensordførar Anne-Grete Strøm-Erichsen var den fyrste, og so fylgte ei lang rad av organisasjonar: Bondeungdomslag i Oslo, Nidaros og Bergen, Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag, fylkeslag i Hordaland, Bygdelagsnemndi i Bergen, frå formann for Kaffistova, og til slutt Vestmannala-  
get der ideen um å skipa Ervingen i 1900 vart sett fram.

Fire nye heiderslagsmenn

vart utnemnde av formann Bjarte Sæbø. Dei vart kalla fram på scena: Helge Berntsen som hev arbeidt godt med boksamlingi i laget, professor Kårmund Myklebost som hev skrive 100-årsboki til jubileet, Ivar Skjelvan som i 40 år hev vore folkedansleidar i laget, og spelemannen Finn Vabø som hev spela hardingfela so lenge at han hev spela ei avgjerande rolla både for folkemusikken og for Ervingen. Dei fekk alle sine brev på heideren. Og so vart dei seks heiderslagsmennene frå fyrr kalla upp på scena og fekk takkeord. No hev Ervingen altso 10 heiderslagsmenn.

Dansen glymde i Halli

då bordi var rydja burt. Det var mest av songdansar. Og ei tid etter midnatt kom eit langbord på plass, for no var det tid for kaffi og kakor. Jubileumskaka til 100-åringen var i stort format, og talet på andfe kakor var det ikkje mogeleg å rekna seg til. Gamle gode Ervingen:

//////

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 24. januar 2002

Lars Bjarne Marøy  
Glåmlidvegen 17  
2213 Kongsvinger

## UPPSEGJING

Du vert med dette uppsagd frå arbeidet som bladstyrar for *Vestmannen*. Du hev 3 månaders uppsegjingstid, og siste arbeidsdagen din vert då 30. april.

Dersom du gjer gjeldande at arbeidstilhøvet ikkje er lovleg avslutta, kann du krevja tingingar og reisa søksmål i samsvar med § 61 i arbeidsmiljølovi.

Krav um tingingar må setjast fram skriftleg og seinast innan two vekor etter at uppsegjingi er motteki. Du hev i utgangspunktet rett til å halda fram i stillingi so lenge tvisten er under tinging. Me gjer merksam på at me fyrebels hev stogga prenting av nye utgåvor av bladet *Vestmannen*.

Søksmål må reisast innan åtte vekor frå tingingane tok slutt. Dersom det ikkje hev vore tingingar, må søksmål reisast innan åtte vekor frå dato for uppsegjingi. Dersom du berre vil krevja vederlag (erstatning), må søksmål reisast innan seks månader frå dato for uppsegjingi.

Er søksmål reist innan åtte vekor frå tingingi tok slutt eller frå dato for uppsegjingi og innan utgangen av uppsegjingsfrestén, kann du halda fram i stillingi til dess saki er avgjord ved rettskraftig dom. Det same gjeld um du fyrr uppsegjingsfresten hev gjenge ut, skriftleg gjev oss melding um at søksmål vil verta reist innan åttevekors-fresten. Dette gjeld ikkje dersom retten avgjer at du skal gå frå arbeidet medan saki er til fyrehaving.

Arbeidsgjevar og rett saksøkt ved eit eventuelt søksmål er stjorni i Vestmannalaget.

Bergen, den 24. januar 2002  
for stjorni i Vestmannalaget

  
Jon Askeland  
formann

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 31. januar 2002

Nordea  
Allehelgens gt  
telefaks 55-318339


FULLMAKTSENDRING: KONTO for Bladet VESTMANNEN:

6504.10.12484

Frå 01.01. dette året er Lars Bjarne Marøy løyst frå arbeidsoppgåva som bladstyrar og forretningsførar for bladet VESTMANNEN. Han disponerer difor ikkje lenger dei bankkonti som gjeld Vestmannen.

På styremøte i Vestmannalaget - styret i Vestmannalaget er og bladstyre for Vestmannen - vart det vedteke at kassastyrar Bjarne Storheim og formannen Jon Askeland kvar for seg skal disponera ovannemnde konto frå og med 24.01. 2002. Fullmaktsskjema vert ettersende.

For styret i Vestmannalaget

  
Jon Askeland  
formann  
telefaks: 55584260  
telefon: 55589303

Vedlegg:

kopi av underskrive vedlegg til styreprotokoll frå 24.01. 2002

kopi til:

Lars Bjarne Marøy, Glåmlivegen 17, 2213 Kongsvinger



# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 14. februar 2002

Lars Bjarne Marøy  
Glåmlidvegen 17  
2213 Kongsvinger

Vedkomande UPPSEGJING (jfr ditt brev dagsett 11. februar d.å.)


Grunnen til at du er uppsagt som bladstyrar/forretningsførar for bladet Vestmannen er fleire, m.a. at du hev lete vera å gjeva stjorni upplysninga um den økonomiske stoda i bladet, og soleis gjort det umogeleg for stjorni å fylgja med i den økonomiske utviklingi. Dessutan er det urovekkjande at innkomor frå bladpengar hev gjenge drastisk ned i perioden du hev site som bladstyrar. I tillegg er det misnøgje med innhald og redigering av bladet (jfr. brev frå Ludvig Jerdal).

Alt dette meiner me var so ålvorleg at me fann å løysa deg frå umbodet som bladstyrar/forretningsførar for *Vestmannen*.

Dersom du framleis vil ha tingingar med stjorni, må du meldu frå um dette innan utgangen av veke 8.

Brev som du sender i perioden fram til 25. februar, bør stilast til varaformannen, Sissel-Anny Hjelmtveit, 5912 Seim.

For stjorni i Vestmannalaget/Vestmannen



Jon Askeland

formann

## Lars Bjarne Marøy

---

Fra: "Jon Askeland" <Jon.Askeland@sfu.uib.no>  
Til: "Lars Bjarne Marøy" <lbmaroy@c2i.net>  
Sendt: 4. desember 2001 kl 14.19  
Emne: Vestmannen  
Gode Lars Bjarne:

Dette skrivet kjem og som vanleg brev.

Venleg helsing

Jon

Bergen, 4. desember 2001

Lars Bjarne Marøy  
Glåmlidvegen 17  
2213 Kongsvinger

Gode Lars Bjarne.

Vedlagt fylgjer kopi av vedtak i stjorni. Vedtaket medfører at me lyst  
løysa deg frå umbodet som bladstyrar/forretningsførar av Vestmannen. Eg  
vil på nytt få segja meg leid for at me ikkje ser annan utveg i den  
noverande situasjonen, og vil nytta høvet til å takka deg for heilhuga  
stræv for målsak og norskdom.

Vensam helsing

For stjorni i Vestmannalaget/Vestmannen

Jon Askeland  
formann

Møte i stjorni i Vestmannalaget 3. desember 2001  
sak 2 Vestmannen - økonomi og drift

Vedtak:

Stjorni i Vestmannalaget - som og er bladstjorn for Vestmannen - lyst  
diverre slå fast at Lars Bjarne Marøy i sitt skriv dagsett 30. november

04.12.2001

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Vedlegg til Styreprotokoll  
frå styremøte i Vestmannalaget 24.01.2002

## Sak 1: Vestmannen i 2002 - fullmakter til bankkonti

Frå 01.01. d.å. er Lars Bjarne Marøy løyst frå uppgåva som bladstyrar og forretningsførar for bladet Vestmannen. Frå og med same dato disponerer han heller ikkje dei bankkonti som gjeld for bladet.

~~Styret for Vestmannalaget/Vestmannen stoggar utgjeving av bladet til eventuell twist med Marøy er avslutta. I denne perioden skal formannen og kassastyrar i Vestmannalaget kvar for seg disponera bladet sine bankkonti frå dags dato.~~

### Vedtak:

*5038*  
Frå og med 24.01.2002 skal kassastyrar Bjarne Storheim, 65938 Sæbøvågen og formann Jon Askeland, Krohnengsgt. 3, 5035 Bergen ha disposisjonsrett til fylgjande bankkonti for bladet VESTMANNEN:

Den norsk Bank: 7877.06.59913

Sparebanken Hedmark: 1822.10.30334


Sparebanken Møre: 3972.25.21041


Nordea: 6504.10.12484


Postbanken: 0521.68.35109

Formannen kontaktar dei bankane det gjeld og syter for at fullmaktene vert ordna snarast råd er.

Protokollen er underskriven av:

  
Jon Askeland  
formann

  
Frøydis Lehmann  
styremann

  
Harald Linga  
skrivar

  
Sissel-Anny Hjelmteit  
varaformann

  
Bjarne Storheim  
varamann/kassastyrar

Framlegg til **Fyresegner for Vestmannen** (frå Jostein Krokvik 25/1-2000)  
(Med nokre små justeringar)

**§ 1 – NAMN**

Namnet på bladet skal vera *Vestmannen*.

**§ 2 – FYREMÅL**

Fyremålet for bladet er å reisa og odla norsk mål og gjera sitt til å halda uppe måltradisjonen frå Ivar Aasen i stil, skrivemåte og ordval. *Redaksjonsmålet for Vestmannen er klassisk nynorsk (høgnorsk) med i-former, tillempa etter lærebokformene (hovudformene) i 1917-målet.* Bladet skal òg arbeida for å fremja norrøn og norsk kultur, gjera kjent og verna um grunnsynet soleis som det er utforma i lover og fyresegner for Vestmannalaget («Vestmannasynet»).

**§ 3 – STJORN**

Stjorni i Vestmannalaget er stjorn for bladet «Vestmannen». *Bladstyraren hev sjølvskriven plass i bladstjorni, med rekneskapsføraren på varamannsplass.*

**§ 4 – BLADSTYRAR**

Stjorni i Vestmannen tilset bladstyrar og rekneskapsførar. *Bladstyraren er òg forretningsførar (disponent) for bladet.* Bladstyraren skal i alt sitt arbeid verna um og fremja fyremål og grunnsyn for bladet, og elles ha rettar og plikter i samsvar med «Redaktørplakaten». *Til hjelp kann bladstyraren knyta ei skrifinemnd til bladet på eit par dugande personar med sans for bladet og med vilje til å taka på seg visse arbeidsuppgåvor*

**§ 5 – EIGNALUTER**

Vestmannen er utgjeve av Vestmannalaget, men bladet ber sjølv andsvaret for eignaluter og skuld. Dersom bladstjorni skulde finna det uråd å gjeva ut bladet vidare, skal eignalutene gå yver til Vestmannalaget. Um Vestmannalaget skulde verta uppløyst og bladstjorni ikkje ser seg råd med å gjeva ut bladet lenger, skal eignalutene gå yver til Halldor O. Opedals fond for norsk målreising og måldyrking.

**§ 6 – BRIGDE I FYRESEGNENE**

Fyresegne er fastsette etter vedtak i Vestmannalaget 15. september 1988. Dei kann brigdast berre med two tridjedels fleirtal av dei frammøtte på vanleg årsmøte i Vestmannalaget.

**Merknad**

I § 2 er lagt til ci nøgji klårgjering av reksjonsmålet, som ikkje skulde vera til å mistyda. Eg hev dessutan stroke den gamle setningi «so langt som det til kvar tid let seg gjera» (um «å halda uppe måltradisjonen frå Aasen i stil, skrivemåte og ordval»). Eg synest den strokne setningi godt kann takast ut, ho gjer ingi nytta, men ho kann lesast noko meir defensivt enn det er grunn til i dag.

"Å r s m ø t e t"

"Årsmøtet" i Vestmannalaget den 13. april no sist var ikkje lovleg innkalla og difor ikkje vedtaksført, og alle vedtak som var gjorde på dette møtet var dermed ugyldige. Den stjorni som var innsett på det regulære årsmøtet er framleides sitjande stjorn, med Sissel Anny Hjelmtveit som formann.

5238 Rådal den 15. april 2000.

Egil Lehmann  
*Egil Lehmann*

Dette vil eg hava tilført protokollen. D. s.

Til alle medlemene  
i Vestmannalaget

Bergen, 15 mai 2000

Etter oppmoding sender eg dykk ein protokollmerknad frå Egil Lehmann i samband med umframt årsmøte i Vestmannalaget den 13. april d.å.. Samstundes sender eg ei fråsegn frå ein del lagsmenn i Vestmannalaget og andre som kjenner seg knytte til Vestmannen.

Eg ynskjer dykk alle ein god sumar og vonar at stormen i og rundt Vestmannalaget stilnar, slik at laget kan stå fram med vyrdnad.

Med helsing

*Sissel-Anny Hjelmtveit*  
Sissel-Anny Hjelmtveit  
5912 SEIM

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 17. januar 2005

Gode lagsfolk!

Med dette vert det kalla inn til årsmøte i Vestmannalaget torsdag 17. mars kl 19.00 på Bryggens Museum.

Saklista:

- 1) Godkjenning av innkalling og saklista
- 2) Årsmelding
- 3) Rekneskap for Vestmannalaget, Fritz Monrad Walles fond, Bladet Vestmannen, Henrik Krohn og hustrus legat
- 4) Val

Røysterett på årsmøtet hev alle som er upptekne i laget og som hev svara lagspengar for anten 2004 eller 2005. Røysterett hev og alle heiderslagsmenn.

Vel møtt!

For stjorni i Vestmannalaget

Jon Askeland  
formann

Vedlegg: årsmelding (side 2-3)

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Lars Bjarne Marøy

Fyllingsdalen, 06. 03. 1997

Spelemannslaget Fjellbekken  
v/ skrivars Oddmund Dale  
Kloppedalsvegen 26

5043 Hop

Me takkar for eit vakkert og hyggeleg brev frå Dykk, dagsett  
24. januar d.å.

Diverre hev det drygt noko ut med møti våre i stjorni, so difor  
hev dette brevet lege usvara til no.

Når våre representantar på møtet, Finn Vabø og Lars Bjarne Marøy  
tok det standpunktet dei gjorde, understrika dei at dei då berre  
gav uttrykk for sitt personlege syn, noko De ogso skriv i brevet  
til oss.

Av eigi røynsla visste dei at laget vårt, som hev storparten eldre  
medlemer, hadde vanskar med å skaffa folk til dei store tilskipingar  
ein Vestlands- eller Hordakappleik fører med seg. Det synte seg  
ogso på Jubileumskappleiken, då det stort sett var Finn Vabø med sir  
huslyd og Lars Bjarne Marøy som tokmøtstøten for Vestmannalaget.

Ein ny kappleik alt året etter, var då utenkjeleg for representantar  
våre.

Til all lukka ser me no at Fjellbekken, Bygdedanslaget og Fana  
Spelemannslag ikkje kann taka på seg tilskipingi av Hordakappleiken  
1997. Dette gjev oss soleis ei umrømingstid og ein "tenkjepause",  
som det so vakkert heiter, og so fær me sjå um medlemsflokkon vår  
kann verta styrkt med fleire ungdomar til den neste kappleiken  
i Bergen skal haldast.

Me må difor be um at De ikkje avskriv oss heilt, men framleis  
reknar med oss som eit kulturelt lag som stend vakt um folkemusikken  
og det verd denne hev for folk og land.

Me vonar framleis på eit godt samarbeid både med Spelemannslaget  
og dei andre nemnde lagi, og me takkar for all stønad dei gav oss  
både fyre og under Jubileumskappleiken.

Med venleg helsing

for Vestmannalaget

Leidulf Hundvin  
(formann)

Bergen, 1/10 - 2001

Jølle Steffens.

Takk for bren og kork! Artikkelen om Colby Wilkins bok om grundloftslas er godt stor interesse. At likeleddene om dilettacen på Stora har eg ikke lese sano, for jeg held på fortid med Gaiborg. - Det der sein om forskinga, at ho har gaff midlare siden Gaiborg står i Jens Kettles, det tror eg rett og slett. Men Jens Kettles inneheld ikkje eg. Gaiborgs religion eller form for leidstilling. Garborg er den minste voldte dilettar sin han stella opp. Atane samlae partnar med Dostojovskij. Tillikom mellom desse to er kistene tilhørel mellom Jakobos bres (= Gaiborg) og Johannes evangelief (= Dostojovskij). Igen lovg og lovver, Dostojovskij mykje blekk. Det merkelege er likevel at Lovden kvar grøborg (i kr. Ouspenksj-grønfiell) elles engasjera (i Lovaten og Den vestblomme Fabrikk) ikkje blitt tatt motvaldne (men her signert Skarps) dekke. Stridet for myndigheten var inntil jare. Bira ut sunneste til høgga til Vestlandet!

P. S. Mykwall li er en sluss av eureuk brann, men dem og Jølle segt sitt brann! Og der høg deg synne grindar og grindar del lumreiki og det lumreiki, og Olafur li den mest flausas ordna, brann (trum!) var al der de ulagast! Ditt praktdam er altså ein elphant: glashund!

Hører til ein kungs myggleik. Høre rett om dette me! - Dikken fra Sæle hev gjort herra-

- Eg følekk mykje oppringing fra Jørg Aasland, han ville ha røy med i Næringsbyrået Amen med Republik og Forsvare. Eg held mykje i Arts, for da legger ver meg nest trøgg sano freelancer. Men me måtte ve helse-vegen for mykje til skuff. mykje fordi jon Aasland valf skand med me og Vest - mannein måtte fa ei ordals fest og ei deseribar nike dei mykje for hai hatt det i Dag og Tid. Dess fleire duu skriv i Vestnarkunnen, dess meir vil bladet bla lese, it er og og i desse spelene me alle mer miniat on til dømnes spike politek ha levere fram.

Ei skriv til plasty on dette, for eg meiner han har mykje verdihell og leoma med, van ca.

Vell, og mi ikkje ridderhi je me Det merkelege er likevel at Lovden kvar grøborg (kr. Ouspenksj-grønfiell) elles engasjera (i Lovaten og Den vestblomme Fabrikk) ikkje mag for mykje og ein myktig strid on dekk strid for myndigheten var inntil jare. Bira ut sunneste til høgga til Vestlandet!

Best hennar; Vrake

Egg liknar  
monen gadd -  
man hjemmer  
til Audgrøfs  
system.

Bispe hilsing  
Leppo

24. 1. 01

Hinefoss 29.1.02

Gode Krokvik.

Eg skynnar, som eg alt hadde ein tokke av, at der framleis er skjer i sjøen når det gjald framhald av V. Ansvarlege må no ordna oppslik at det er klinkande klårt kven som er ansvarleg redaktør og dei vilkåra som skal gjelda for honom.

Det er forunderleg, tykkjer eg, at det ikkje alt då du var bladstyrar vart (slik eg fleire gonger slo frampå om) skipa eit redaksjonsutval, som ein kunne rekruttera bladsyrrarar frå om naudsynt. Det ideelle no ville vera å ha ein redaksjon på trimedlemer, som bytest om å vera ansvarleg-ei ordning som er vanleg i mange bølgad ein kan samanlikna V. med.

Hertil eit redaksjonsutval der personar som Gjerdåker, du og representantar for dei 6 ulike laga som er innmelde i Sambandet måtte vera med.


Eg fær meir og meir ei kjensle av å sjå utfaldinga av eit syrgjelleg lite drama spela av amatørar som dreg i kvar si leid. Held dette fram kan ein like godt søkkja heile prosjektet.

Som du ser av vedlagde kopi, segjer eg som før radt det eg meiner til Marøy og andre entusiastar. Eg må segja at eg skjemmest over den sjuklege purismen til herr "Barkeljod" og medspelaren hans, "han Klaus". Stykket hans om Heyerdahl hev eit tollekt godt innhald (men er for langt og trøyttande detaljert); det som vekar ~~song~~ ufriviljug sjølvparodi på høgnorsk er målbunaden og den sylvne og prinsippfaste "intelligensen" som ovrar seg i den maniske trængen til fyrenamn og det stupide og pleonastiske hanframfyre dei. Aasen ville hata slikt strupl-språkleg aristokrat som han var.

Men slik er det ofte i små sekter-dei vert rekrutterte av eksentriske entusiastar med "gode ~~fake~~ idear", som stendig må finna på noko sjølvmarkerande og skapa uro og kløyvning.

Beste helsing 

P.s. I siste telefonsamtale med Gjerdåker forstod eg at han tykte det var litt rart at ikke han hadde vorte spurd om å take seg i redaksjonen-sjølvsaikkje på det tekniske omkvervet, men som ein kunnig og idérik mann når det gjeld stofftil bladet.



Til Vestmannalaget  
og Sissel-Anny Hjelmveit  
5912 Seim

"Årsmøtet"

"Årsmøtet" i Vestmannalaget den 13. april no sist var ikke lovleg innkalla og difor ikke vedtaksført, og alle vedtak som var gjorde på dette møtet var dermed ugyldige. Den stjorni som var innsett på det regulære årsmøtet er framleides sitjande stjorn, med Sissel Anny Hjelmtveit som formann.

5238 Rådal den 15. april 2000.

Egil Lehmann  
*Egil Lehmann*

Dette vil eg hava tilført protokollen. D. s.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen, 31. januar 2002

Postbanken  
5014 Bergen  
telefaks 55594590

FULLMAKTSENDRING: KONTO for Bladet VESTMANNEN:

0521.68.35109

Frå 01.01. dette året er Lars Bjarne Marøy løyst frå arbeidsoppgåva som bladstyrar og forretningsførar for bladet VESTMANNEN. Han disponerer difor ikkje lenger dei bankkonti som gjeld Vestmannen.

På styremøte i Vestmannalaget - styret i Vestmannalaget er og bladstyre for Vestmannen - vart det vedteke at kassastyrar Bjarne Storheim og formannen Jon Askeland kvar for seg skal disponera ovannemnde konto frå og med 24.01. 2002.  
Fullmaktsskjema vert ettersende.

For styret i Vestmannalaget

  
Jon Askeland  
formann  
telefaks: 55584260  
telefon: 55589303

Vedlegg:  
kopi av underskrive vedlegg til styreprotokoll frå 24.01. 2002

kopi til:  
Lars Bjarne Marøy, Glåmlivegen 17, 2213 Kongsvinger



# **Upprit frå årsmøtet i Vestmannalaget 28. april 2001**

Stad: Gimle, Bjørgvin  
Møtestart um lag klukka 11.30

Formannen innleidde møtet med ei tala der han greidde ut um tilstanden i laget og um arbeidet i stjorni i arbeidsbolken. Han sagde at lagsfolket no måtte taka stoda til um laget skulde驱va målreising eller um laget skulde vera ein koseklubb.

## **Sak 1 Godkjenning av innkalling og saklista**

Innkallingi vart godkjend med 15 røyster mot 3. 1 var fråhaldande.

Klaus Johan Myrvoll vart vald til møteskrivar. Inga Ovidia Gjerstad og Olav Torheim vart valde til å skriva under møteboki. Desse vali vart gjorde samrøystes.

Det kom upp spørsmål um kven i møtelyden som hadde røysterett. Etter mykje ordskifte låg det fyre tri framlegg:

1. Alle som var til stadar.
2. Alle som hadde svara årspengar i 2000 elder 2001.
3. Alle som hadde svara årspengar i 2000.

Framlegg 2 vart vedteke med stort fleirtal.

Under sak 4 (arbeidsprogrammet) kom det opp spørsmål um dei som var komne inn i salen etter møtet hadde byrja, skulde få røysterett. Det vart vedteke med stort fleirtal.

Formannen hadde sett opp denne saklista, som var utsend til lagslemerne fyre møtet:

- 1 Godkjenning av innkalling og saklista
- 2 Årsmelding
- 3 Rekneskap
- 4 Arbeidsprogram for Vestmannalaget
- 5 Budsjett for Vestmannalaget
- 6 Fritz Monrad Walles fond
- 7 Krohn og Hustrus legat
- 8 Årsmelding for Vestmannen
- 9 Rekneskap for Vestmannen
- 10 Arbeidsplan for Vestmannen
- 11 Budsjett for Vestmannen
- 12 Logbrigde for Vestmannen
- 13 Logbrigde for Vestmannalaget
- 14 Fråsegner
- 15 Val

Nokre av sakerne laut ganga ut av di stjorni ikkje hadde høve til å fyrebu deim. Dette galdt sak 9, 11 og 12.

Jon Askeland gjorde framlegg um å strjuka punktet um logbrigde for Vestmannalaget. Han meinte at framlegget som var sett opp frå stjorni var låkt både når det galdt innhald og mål. Lagslemerne laut dessutan koma med innspel i ein slik prosess, meinte han. Ludvig Jerdal meinte at årsmøtet kunde dryfta punktet, men han var i tvil um det kunde vera tilrådeleg å gjera logbrigde. Jon Askeland drog attende framlegget sitt, og meinte at ein kunde dryfta punktet.

Anders Hallanger gjorde framlegg um å flytja valet til sak 4, etter rekneskapen. Eit anna framlegg gjekk ut på å flytja valet til sak 10, fyre logbrigde. Fyrst vart det røysta um møtelyden ynskte å flytja valpunktet. Dette vart vedteke med 9 røyster mot 8. Dinæst vart det røysta um saki skulde flytjast fram til sak 4 elder 10. Det vart vedteke å flytja punktet til sak 10 med 18 røyster mot 5.

Etter desse brigdi vart saklista soleides:

- 1 – 8 Like eins som fyrr (sjå ovanfyre)
- 9 Arbeidsplan for Vestmannen
- 10 Val
- 11 Logbrigde for Vestmannalaget
- 12 Fråsegner

Saklista vart vedteki samrøystes.

## **Sak 2 Årsmelding**

Varaformann Harald Linga las upp årsmeldingi frå stjorni.

Bjarne Storheim mælte imot måten den sitjande formannen hadde gjenge fram fyre det umframe årsmøtet 13. april 2000. Han hadde samrådt seg med berre two av stjornarmennene, og Storheim meinte at dette var beint fram ærekrenkjande mot dei two hine. Difor hadde han drege seg ut or stjorni. Det som hadde hendt var so vidt drjugt at det ikkje var verdugt Vestmannalaget.

Kjell Kjerland hadde eit par merknader til målet i årsmeldingi. Der det stod ”undersøkt” burde det ha stade ”røkt etter”, og i staden for ”utan resultat” (two stader) kunde ein skriva ”utan å lukkast”. Desse mistaki var so grove at dei burde rettast upp, meinte Kjerland.

Ludvig Jerdal spurde um kor mange lagsfolk Vestmannalaget hadde i 2000. Han sakna fråsegn um boklageret laget hev hjå Bokreidingslaget. Dessutan ynskte han å få greida på korleides det hadde gjenge med festekontraktarne på dei eigedomarne Vestmannalaget eig. Det var meldt frå um at dei skulde verdsetjast å nyo, og at festeprisarne skulde setjast upp i samhøve med det. På spørsmål frå Jerdal for nokre år sidan hadde Leiv Flesland sagt at han sat med festekontraktarne, og Jerdal undrast på kvifor Flesland ikkje kunde svara for kvar dei fanst no. – Kva hev han bygt på?, spurde Jerdal. Jerdal vilde hava svar på kvifor kassastyraren i Vestmannalaget hadde vorte sett til å føra rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond. Endeleg sakna han noko um det som hende på årsmøtet i Bygdelagsnemndi. Dei vilde setja um logi til gjeldande rettskriving, men då Vestmannalaget truga med å melda seg ut um so vart gjort, vart rettskrivingi som fyrr (1917).

Formannen svara på spørsmåli frå Jerdal. Han hadde røkt etter fleire stader for å finna festekontraktarne, jf. årsmeldingi. Han hadde millom anna vore i Hirth-heimen, men dei var ikkje der. Han trudde at festekontraktarne hadde gjenge tapt, og at det laut skrivast ut nye frå byskrivaren. Det kostar 120 kronor for kvar kontrakt, og det er mange kontraktar (minst 60-70). Når det galdt boklageret fortalte han at Vestmannalaget hadde leigd kontorrom hjå Nei til EU i C. Sundtsgate 28. Det var ikkje rom til noko boklager der, men stjorni hadde valt å nytta seg av det tilbodet likevel. Formannen sagde at det var 97 lagsmenn i Vestmannalaget som hadde svara lagspengar i 2000 (det er til saman 144 lagsmenn). Når Leiv Flesland, som hadde vore forretningsførar for Fritz Monrad Walles fond, hadde vorte uppsagd, kom det av økonomiske grunnar. Det var billegare å nytta Sigbjørn John Huun, som sat i stjorni.

Sissel-Anny Hjelmtveit totte at årsmeldingi var greid nog, men ho hadde nokre merknader som kunde få mykje å segja for deim som skulde skriva lagssoga. Det burde ha kome fram kven det var som skreiv brevet frå dei 13 lagslemerne som vart sendt til formannen. Dinæst burde det ha stade at éin av desse 13 hevda at han ikkje hadde gjeve løyve til å nytta namnet hans til dette fyremålet. Hjelmtveit mælte òg imot at formannen skulde hava innkallingsrett til umframt årsmøte. Det hev ikkje vore vanleg praksis i laget, og det finst helder ikkje studnad for det i logi, hevda Hjelmtveit. Ho spurde òg kvifor det ikkje vart nokon sumartur, og vilde at det skulde ha stade noko i årsmeldingi um at det var fåe som møtte på jolarmøtet og at det jamt yver hev vore mindre frammøte på lagskveldar. Samstundes hev Vestmannalaget fenge fleire midlar frå Fritz Monrad Walles fond enn tidlegare, og Hjelmtveit undrast på kva pengarne hadde gjenge til.

Formannen svara på spørsmåli frå Hjelmtveit. Han lagde vekt på at det hadde vore uråd å få til noko godt samarbeid i stjorni etter at Hjelmtveit på eigi hand kalla inn stjorni til møte for pengeinnsamling til Vestnorsk utvandrarsenter. Formannen meinte at ein laut koma fram til ting i fellesskap, og slike soloutspel som Hjelmtveit hadde kome med kunde ikkje nyttast i stjornararbeidet.

Til spørsmålet um innkallingskompetanse til umframt årsmøte, hevda formannen at han hadde slik kompetanse. Sumaturen hadde for fåe påmelde til at det var tilrådeleg å gjenomföra honom (5 stykke). Det låge talet på påmelde syner nog at laget var inne i ei vanskeleg stoda i mai og juni. Det var 33 stykke med på jolarmiddagen. Det er millom 5 til 8 mindre enn det hev bruka å vera. Frammøtet på lagsmöti hev vore ymsande. Innimillom hev det vore godt, slo formannen fast. Det skil seg lite frå åri fyre. For jolarmøtet hadde han ikkje hørt anna enn godord frå dei som hadde vore til stadar. Pengarne som hadde gjenge frå Fritz Monrad Walles fond hadde millom anna trygt laget eit godt yverskot. Formannen viste elles til rekneskapen som kunde gjeva meir noggranne svar på spørsmålet åt Hjelmtveit.

Hjelmtveit tok replikk og heldt fram at dette var Marøys framstelling. Marøy tok motreplikk og spurde kva som var hennar framstelling. Hjelmtveit svara at ho hadde inkje å leggja til.

Bjarne Storheim vilde vera so brysam at han kom med merknad til møteboki, som han sjølv ordlagde seg. Han meinte at stjorni hev vore sers dugande, men einsidug. – Det segjest at det er sigerherrarne som skriv soga. Ånd og innhald i årsmeldingi talar for kven som treng rettferduggjering, sagde Storheim. Han skyna ikkje kva som var so uheiderleg med framferdi å varaformannen som vilde verta formann. – Eg heldt meg undan valstriden, og freista helder å mekla millom partarne, hevda han vidare. Storheim kunde ikkje godtaka innkallingi til det umframe årsmøtet, og meinte at det var ulovlegt. Difor sette han plassen sin til stjorni ledug.

No når det var den stjorni som vart vald på dette umframe årsmøtet som hadde kalla inn til dette møtet, kunde det ikkje vera gyldig det holder. – Kvifor forlèt me ikkje møtet?, spurde Storheim. Etter denne utleggingi lagde han fram merknaden han vilde hava til møteboki:

*Etter munnleg grunngjeving hadde Bjarne Storheim slik tilføyning/merknad til Årsmeldingi: Bjarne Storheim gjekk ut or stjorni i protest mot at det vart halde ekstraordinært årsmøte, og dermed umval. I ordskiftet kring møteinnkallingi hadde Storheim gjeve varsel um dette.*

Robert Willanger sagde at han aldri hadde uppliftt noko so ufyseleg som at medlemer av eit styre ikkje kunde ordna upp seg imillom, og at det skulde standa i ei årsmelding at samarbeidsvanskarne var so store at eit fleirtal av stjorni kalla inn til umframt årsmøte, totte han var skrämande.

Formannen tok ordet. Han hadde allveg arbeidt idugt for å gje Vestmannalaget til eit drivande mållag. Millom anna hadde han vilja taka upp arbeidsprogram på 2-3 stjornarmøte, men fenge til svar at ”det kann me ikkje taka upp”. Dinæst kallar Sissel-Anny Hjelmtveit inn stjorni for å løyva pengar til Vestnorsk utvandrarsenter. Dette soloutspelet øydelagde mykje for arbeidsklimaet i stjorni, og gjorde det vanskeleg å halda fram lagsarbeidet.

Formannen vart avbroten av eit krav frå møtelyden um at det vart valt ny møteleidar. Etter framlegg frå formannen vart Harald Trefall vald samrøystes. Han tok yver ordet og stod på at det var årsmeldingi møtelyden skulde halda seg til. Samstundes uppmoda han Sissel-Anny Hjelmtveit um å få merknaderne hennar med rette tal.

So fekk Leiv Flesland ordet. Han hadde vore rekneskapsførar for Fritz Monrad Walles fond, og undra seg yver kvifor han ikkje fekk gjera ferdug rekneskapen fyre han vart uppsagt. Kontofullmakterne til fondet hadde vorte tekne frå honom i juli 2000 utan at han vart spurd. – Anten er dette ærekjenkjande, elder so må eg ha gjort noko riv ruskande gale, sagde han. Han hadde holder ikkje fenge nokor oppgjerd for rekneskapsföringi dei seinste two åri. Endelegt hevda han at han aldri hev sét ein einaste festekontrakt: – Den einaste som kann svara for dette, må vera Ludvig Jerdal, avslutta Flesland.

Ordstyraren (Trefall) spurde um Flesland vilde hava nokon merknad til møteboki um dette, men fekk ikkje noko svar.

Trefall hadde no teikna seg sjølv og heldt fram at Sissel-Anny Hjelmtveit hadde vorte vald på eit lovlegt årsmøte. Ein burde ikkje ha kalla inn til umframt årsmøte, men holder halde fram det vanlege årsmøtet på eit lagsmøte. Når det var sagt, laut ein ganga ved at òg Lars Bjarne Marøy var lovleg vald. Det umframe årsmøtet var gjort kjent for alle lagslemerne, og dei hadde fenge høve til å taka stoda til samansetjingi i stjorni. Dessutan hev mindretallet godteke valet som vart gjort på det umframe årsmøtet fram til no, lagde Trefall til. Den sitjande stjorni hadde havt sers mykje å gjera. Då kunde ein lett tapa seg burt i formalitetar. Men det hadde ikkje vorte teke upp meir av formalitetar enn det som hadde vore naudsint, og Trefall drog fram det store arbeidet stjorni hadde havt med å laga framlegg til nye loger for laget.

Næste talar var Otto Dyrkolbotn. Han sagde at det som var gjort, var gjort. No laut laget sjå frametter. Han meinte at Vestmannalaget var alt for lite uppteke av dagnære samfundsspursmål. Det var for lite driv, og ein putla for mykje med soga og med i-mål. Målreisingi er eit middel til samfundsengasjement og politikk, hevda Dyrkolbotn. Han peika millom anna på at det var mangt dagnært politisk stoff å henta i millomkrigssoga.

Ludvig Jerdal sagde frå um ei rad ufjelge røynslor han og andre hadde gjort i samband med striden i Vestmannalaget. Folk hadde sendt ufyselege brev, uppsøkt folk og skjelt deim ut. Det var lite trivelegt. I ordskiftet i Bergens Tidende hadde han som gjorde framlegg um Sissel-Anny Hjelmtveit til formann sagt beint fram at han ikkje var målmann. – Tilhengjararne åt Hjelmtveit hev flytt frå laget, sagde Jerald. Dei hev ikkje vore på møte og fylgt upp lagsarbeidet.

Jerdal las so upp eit brev han hadde fenge frå Frøydis Lehmann. I brevet skreiv Lehmann m.a.: "Eg reknar deg ikkje for å ha injurierande kraft. Sjølv um det ser ut til at du gjer det du kann for å æreskjella folk." Lars Bjarne Marøy kalla ho "hustrælen til Jerald". Attåt skreiv ho at Jerald hadde påført laget so stor skade at han burde ekskluderast, og ho peika på korleides Jerald skulde ha trakkasera medlemer i Vestmannalaget. Einkvan må setja munnkorg på Jerald, heitte det. I same brevet hevda Lehmann at Hjelmtveit ikkje visste noko um søknaden frå Vestnosk utvandrarsenter då han vart send til Vestmannalaget. Ho kom òg med hogg mot Harald Trefall "og det han stend for". Til slutt i brevet oppmoda ho Jerald um å halda seg til nekrologarne, der kunde han i alle fall ikkje gjera nemnande skade.

Leidulf Hundvin meinte at dette brevet ikkje høyrd med under årsmeldingi, og kom med nokre merknader sjølv. Han totte det skulde ha stade at jolarmøtet var eit festmøte, og at det var med ein gild munnbspelar på lagsmøtet 25. januar. Han undrast elles på kvifor det hadde vorte yverført pengar til Vestmannen. Bladet hadde då rikeleg med pengar. Han kom òg inn på rolla åt Leiv Flesland i Fritz Monrad Walles fond. Det var Hundvin som i si tid tok kontakt med Flesland og bad honom um å føra rekneskapen for fondet. Hundvin totte han hadde gjort godt arbeid, og hadde elles inkje vondt å segja um Leiv Flesland. – Han hev ikkje gjort noko gale, og uppdraget hans for fondet skulde ikkje vore uppsagd, hevda Hundvin.

Hundvin heldt fram med å mæla imot det formann Marøy hadde sagt um at han vilde gjera Vestmannalaget til eit drivande mållag. – Vestmannalaget hev vore eit drivande mållag!, hevda Hundvin og fortalte um lagsarbeidet i tidi då han var formann.

Harald Trefall tok replikk til innlegget åt Hundvin og sagde at det ikkje stend noko i årsmeldingi um at Flesland hadde gjort ein därleg jobb. Harald Trefall kom òg med ein stutt merknad um at formannen knapt hadde meint at laget ikkje hadde vore drivande fyrr. – Marøy vil berre halda fram det gode arbeidet so laget kann segjast å vera drivande i dag òg, sagde Trefall.

Etter dette fekk formannen ordet. Han sagde at han hadde vona på eit anna årsmøte. – Kor som er hev eg plikt til å gjera greida for arbeidet mitt, slo han fast. Han viste til brevet Jerald hadde lese upp og sagde at han hadde fenge liknande brev der både han, ættingarne og huslyden hans hadde vorte dregne inn i striden i Vestmannalaget. – Ættingarne mine og huslyden min hev inkje med dette å gjera, slo formannen fast. Ordi um at han ynskte å gjera Vestmannalaget til eit drivande mållag, var ingen duld kritikk av tidlegare formennar i laget, men vyar for framtid. Han sagde at det var naudsynt for Vestmannen å få tilført meir pengar av di bladet hadde fenge auka lønsutlogor det seinste året. Midelen kunde verta nedtærð snogt um det ikkje vart tilført meir pengar.

Til å tyda ut kvifor Flesland hadde vorte uppsagd, tok Marøy upp fleire tilhøve som han kunde dokumentera. Hovudgrunngjevingi var at laget kom til å spara pengar på å segja honom upp. Flesland hadde nett sendt rekning på 17 000 kr, og det berre for halvanna år. Men

det var fleire tilhøve som skunda på eit umskifte òg. Han viste til eit brev frå Kredittilsynet som synte at Flesland hadde korkje autorisasjon elder registrering til å vera rekneskapsstyrar for andre i næring. Likevel hadde Leiv Flesland eit firma som dreiv med rekneskapsføring i næring, som hadde vore nytta i rekneskapsføringi. Denne framgangsmåten var lite sætande, slo formannen fast. Attåt viste formannen til at Flesland hadde neitta å gjeva frå seg rekneskapsvedlegg når han vende seg til honom for Halldor O. Opedals fond. Flesland hadde vist til advokat. Det hadde ført med seg ein rettsleg prosess. Med slike tilhøve millom formannen og Flesland var samarbeidsvilkåri vanskelege. Dessutan hev det synt seg i ettertid at Flesland hadde mishalde og vore ugild i samband med eit lån frå Opedalsfondet. Tilhøvi i Halldor O. Opedals fond hadde synt til fullnads at Flesland ikkje var til å lita på.

Hundvin braut av formannen og hevda at dette hadde inkje å gjera med Fritz Monrad Walles fond. Leiv Flesland braut inn og hevda at heile lånet frå Opedalsfondet var svara attende med rentor.

Marøy heldt fram og sagde at saki med Opedalsfondet hadde tvinga både Opedalsfondet og Vestmannalaget til å gjera uppdrag i å tvinga Flesland til rettslege spørsmål. Det kunde ikkje halda fram soleides. Det var til stor skade for målsaki og målarbeidet.

John Marhaug gjorde greida for arbeidet med festekontraktarne. Han kunde ikkje skyna kvifor stjorni hadde skipa seg med ny kassastyrar og yverteke kontofullmakterne åt Bjarne Storheim, utan at dei hadde varsla Storheim. Han uppmoda stjorni til å setja seg godt inn i festetilhøvi. – Stjorni må te seg skikkeleg i høve til festekontraktarne, slutta han av.

Etter innlegget åt Marhaug tok møtelyden ei kvild på 20 minutt.

Etter kvildi vitra Harald Trefall um nokre merknader som hadde kome inn til årsmeldingi. Den eine merknaden frå Bjarne Storheim er attgjeven ovanfyre. Denne merknaden hadde kome inn frå Sissel-Anny Hjelmtveit:

- 1 *For det første burde det ha kome fram av årsmeldinga kven som organiserte og skreiv dette kravet for dei 13,*
- 2 *og for det andre burde det stått at ein av desse 13 på det omframme årsmøtet tydeleg sa ifrå om at han ikkje hadde gjeve dei løyve til å bruka namnet sitt i eit slikt skriv, og at denne lagstemen gjekk frå møtet før valet.*
- 3 *Det er heller ikke nemnt i årsmeldinga at formannen ikkje retta seg etter kravet frå dei 13 som ba styret kalla inn til omval. For han samrådde seg ikkje med styret om innkallinga. Det burde han ha gjort. Det hadde vore formelt rett og mykje klokare.*

Ludvig Jerdal fekk ordet og sagde at det var fyrste gongen han hadde hørt umtala i Vestmannalaget at Halldor O. Opedals fond hadde ytt eit lån til stiftingi Regionsoga Nord- og Midhordland som gjev ut bokverket Strilesoga. Det var uppgjeve at lånet til stiftingi var på 150 000 kr. Jerdal vilde gjerne høyra meir um det.

Ordstyraren uppmoda um at ein no gjekk til næste sak på saklista.

**Vedtak:** Årsmeldingi vart godkjend samröstes, med dei merknaderne som hadde kome inn.

### **Sak 3 Rekneskapen**

Harald Trefall vitra um rekneskapen.

Ludvig Jerald spurde um bakgrunnen for eit utlegg på 750 kronor, som han meinte Sissel-Anny Hjelmtveit hadde nytta til å senda ut eit skriv til lagsfolki i Vestmannalaget og nokre til.

Kassastyraren, Sigbjørn John Huun, svara at denne summen vart svara åt Sissel-Anny Hjelmtveit 7. april 2000. I rekneskapsboki stend det at det var til porto.

Jerald spurde so um kven det var som svara ut desse pengarne. Det kunde ikkje Huun svara på, av di han ikkje var kassastyrar i Vestmannalaget den gongen. Jerald vilde òg vita um desse pengarne hadde gjenge til det brevet Sissel-Anny Hjelmtveit hadde sendt til lagsfolki i mai i 2000.

Sissel-Anny Hjelmtveit sagde at pengarne til det brevet Jerald viste til ikkje hadde gjenge ut or lagskassa. Hjelmtveit hadde gjeve dei frimerki det var tala um til den gamle kassastyraren, som skulde gjeva deim vidare til den nye kassastyraren.

Torleiv Konglevoll sagde at dei var mange som hadde lagt ut pengar til porto. Me var saman um det.

Leidulv Hundvin undrast på um Vestmannalaget hadde fenge pengar frå Folkeakademiet i Hordaland. Dessutan meinte han at bilætet som heng på Hordaheimen burde trygdast mot tjuveri.

Formannen svara at det var søkt, men pengarne for 2000 var ikkje komne enno. Det var kome inn 720 kronor for 1999. Me fær berre for tri møte for året, sagde han. Formannen upplyste um at Hordaheimen hev lova å trygda målarstykket, men hadde ikkje havt tid eller høve til å røkja etter um det var gjort.

**Vedtak:** Rekneskapen for Vestmannalaget for 2000 vart samrøystes godkjend.

### **Sak 4 Arbeidsprogram for Vestmannalaget**

Harald Trefall las upp framlegget til arbeidsprogram frå stjorni.

Det var fleire i møtelyden som vilde utsetja saki um arbeidsprogram. Eitt framlegg var å taka det opp på eit lagsmøte. Formannen meinte at arbeidsprogrammet laut vedtakast fyre stjornarvalet. – Næste årsmøte lyt vurdera um stjorni hev gjort arbeidet sitt, sagde han.

Otto Dyrkolbotn meinte at dette arbeidsprogrammet var i samsvar med det han vilde laget skulde arbeida med.

Sissel-Anny Hjelmtveit meinte at årsmøtet ikkje kunde taka ved at stjorni skal fylgja arbeidsprogrammet. Ein kann koma med ei uppmoding, men ikkje noko pålegg. Tiltaki i framlegget som låg fyre var gode og viktige, men vél ambisiøse. Her er det sett opp tiltak

som ikkje ein gong Noregs Mållag greider å få gjort noko med. – Resultatet til næste år kann verta lite, runda ho av.

Leidulv Hundvin var samd med fyrre talar. – Ein kann ikkje sjå og leggja planer for eit heilt år fram i tid, hevda han.

Håvard Tangen totte at Noregs Mållag var ein vesal mælestav. Vestmannalaget gjev ut Vestmannen ti gonger i året. Ingen i Noregs Mållag greider noko tilsvarande. Me må sjå ljost på vonerne til å lukkast i arbeidet vårt, slutta Tangen av.

Formannen kravde røysting yver arbeidsprogrammet. Eit årsmøtevald styre må i minsto kunna binda seg til eit arbeidsprogram. Elles er det ikkje mykje verdt elder mykje å lita på, hevda han. Framlegget um arbeidsprogram frå styret vart teke upp til røysting. 16 røysta for arbeidsprogrammet, medan 18 røysta mot.

**Vedtak:** Framlegget til arbeidsprogram vart teke til vitende. Medlemer som hev noko på hjartat, sender brev til stjorni.

## Sak 5 Budsjett for Vestmannalaget

Sigbjørn John Huun lagde fram budsjettet.

Formannen gjorde greida for postarne. Bjarne Storheim hevda at det var uturvande å føra yver 50 000 kronor frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannalaget. Eiga til laget var no so god etter seinste arbeidsåret at ein kunde skjera ned på denne yverføringi.

Formannen gjorde framlegg um at posten gjekk ned med 10 000 kronor til 40 000 kronor. Bjarne Storheim gjekk med på det.

Leidulv Hundvin tala varmt for at lysingsposten måtte nyttast fullt ut. Grunnen var at han vilde hava større lysingar i Bergens Tidende. Det seinste året hadde lysingarne skrumpa inn, so det mest ikkje var råd å leggja merke til dei, hevda han. Hundvin meinte at budsjettet ikkje var meir å tala um. – Me kann ikkje bruka meir tid på å tenkja framver, lagde han til.

**Vedtak:** Budsjettet vart vedteke med stort fleirtal. 3 var fråhaldande.

## Sak 6 Fritz Monrad Walles fond

Formannen vitra um bakgrunnen for Fritz Monrad Walles fond. Leiv Flesland, som hadde vore forretningsføraren å laget for fondet, vart uppsagt av økonomiske grunnar. Det var billegare å nytta Sigbjørn John Huun, som sat i stjorni. Han fortalte at etter at Flesland vart uppsagt, hadde han gjeve frå seg rekneskapen for fondet til ettersynsmannen (John Marhaug). Avtala hadde vore at Flesland skulde gjeva rekneskapen til Huun, men det hadde han ikkje gjort. Huun hadde so ført og gjeve frå seg rekneskapen for andre halvåret til Marhaug.

Marhaug hadde vorte sitjande med rekneskaparne og hadde ikkje makta å setja dei saman fyre årsmøtet. Marhaug hadde inkje å segja til nokon av føringarne åt Flesland og uppsetet åt

Huun, men han meinte det ikkje var tilrådelegt å leggja fram rekneskapsuppseti av di dei låg fyre kvar for seg. Heile rekneskapen laut leggjast fram samla. Formannen uppmoda so Marhaug um å koma med ei vitring til årsmøtet.

John Marhaug vitra um stoda i fondet. Han kunde ikkje skyna kvifor det hadde vorte eit skifte i rekneskapsførar frå Leiv Flesland til Sigbjørn John Huun. Han hadde elles ikkje noko å segja på nokon av deim; dei var båe dugande, men det var uskynlegt at dei hadde skift ut Flesland. Og Marhaug hadde ikkje greidt å få samla ihop dei two rekneskapsuppseti.

Sigbjørn John Huun vitra um rekneskapen, og lova at han skulde leggjast fram på eit lagsmøte.

Leiv Flesland hadde ordet, han òg. Stjorni hadde teke kontakt med honom først i går kveld. Han kunde ikkje skyna kvifor dei ikkje hadde gjort det fyrr. Han gjorde merksam på at det ikkje hadde vorte sendt melding åt bygslalarne um byte av rekneskapsførar.

Formannen fortalte at det var Reidt i stand brev til bygslalarne, men dei var ikkje utsende enno. Ettersynsmannen hadde elles sete med rekneskaparne i meir enn ein månad, og hadde ikkje greidt å finna ut av deim til no, soleides at han kunde godkjenna rekneskapsuppseti frå Huun og Flesland. No var det Sigbjørn John Huun som måtte standa for ei samanføyning av rekneskaparne. Å føra rekneskapen kunde ikkje vera nokor uppgåva for ettersynsmannen, slo Marøy fast. – Hev ettersynsmannen noko å leggja til?, spurde Marøy. Marhaug hadde inkje å leggja til.

### **Sak 7 Krohn og Hustrus legat**

Formann Marøy vitra um stoda i legatet. Det stend um lag 39 000 krunor i legatet.

**Vedtak:** Årsmøtet tok vitringi frå Marøy til vitende.

### **Sak 8 Årsmelding for Vestmannen**

Lars Bjarne Marøy, som er bladstyrar i Vestmannen, las upp årsmeldingi for bladet.

Leidulf Hundvin meinte det var godt gjort av Marøy å taka på seg arbeidet med bladet etter at Jostein Krokvik laut gjeva seg. Han sakna meir stoff um Vestmannalaget. Yvergangarne i bladet er for mange, og det hender at det er stykke utan slutt der. I seinste nummer (3/2001) var det two stykke um same boki. Det er ein uting. Og so var det so mange fæle ord i det eine stykket. – Me veit at det finst slike ord, men me kann ikkje bruka deim, i alle fall ikkje i Vestmannen, sagde Hundvin.

Ludvig Jerdal var like støkt av dei mange yvergangarne og dei two bokmeldingarne. Dessutan etterlyste han lista yver gávor til bladet i Vestmannen nr. 3. – Det er viktig å syna at me set pris på gávorne, og serleg sidan det siste nummeret kom ut rett fyre det var påskehøgtid og ein månads bladstogg, slo Jerdal fast.

Håvard Tangen meinte at bladstyraren gjorde eit framifrå godt arbeid. – Me skal vera glade for at me gjev ut bladet so ofta, sagde Tangen, og peika på at det er ei sersyn i målrørsla.

Marøy svara på motleggi som hadde kome. Han hadde teke upp dei same tingi med prenteverket, utan å lukkast noko serleg. Han gjorde merksam på at han hadde tronge arbeidsvilkår, men han hadde gode voner um å få bøta på vanskarne med hardt arbeid. Same kva vilde han taka med seg dømingarne i arbeidet med bladet frametter.

**Vedtak:** Årsmøtet tok årsmeldingi for Vestmannen til vitende, med dei merknaderne og synsmåtarne som hadde kome fram.

## Sak 9 Arbeidsplan for Vestmannen

Harald Trefall las upp arbeidsplanen for Vestmannen.

**Vedtak:** Årsmøtet tok arbeidsplanen for Vestmannen til vitende.

## Sak 10 Val

Formannen vitra um dei vali som skulde gjerast. Stjorni var viljug til å halda fram eit år til. Dei som hadde sete i stjorni, var:

Lars Bjarne Marøy (formann), Harald Linga, Sigmund John Huun, Finn Vabø og Bjørn Tormod Ringdal. Varamenner: Harald Trefall, Kjell Henry Knivsflå og Helge Liland.

Arnulf Hjelmtveit kom med benkeframlegg um Jon Askeland til formann. Han totte det var ei uverdug uppgåva å ljota reisa benkeframlegg, men me er ikkje tente med eit lag som utviklar seg so som laget hev gjort det seinste året, hevda Hjelmtveit. – Laget må vera det det hev vore, og det det er tenkt å vera.

Jon Askeland sagde at han hadde nog av andre uppgåvor, men at han var viljug til å taka på seg umbodet. Likevel skulde det helst ha vore eit kvende, lagde han til.

Etter at benkeframlegget hadde vorte reist, kravde den sitjande formannen at dei two formannsemni skulde koma med ei programfråsegn på det dei stod for i målpolitikken.

Torleiv Konglevoll mælte imot. Det var ikkje tid til slikt, hevda han. Trass i det totte ordstyraren at det var eit rimelegt krav, og han fekk tilsluttnad frå salen. Dinæst fekk dei two formannsemni ordet.

Askeland fortalte at han var formann i Norsk Bokreidingslag. I samband med det umbodet nemnde han at dei skal gjeva ut Norsk Målsoga i den komande arbeidsbolken. Askeland sagde at han i røyndi ikkje hadde tid til å taka på seg formannsumbodet i Vestmannalaget, men at han totte det hadde vorte for mykje maskepi etter fyrre årsmøtet. Han totte at det hadde vorte for mange formalitetar og peika m.a. på at dette møtet hadde vara i snart 6 timer. Eg vil samla flokkarne, slutta han av.

Marøy sagde at han ynskte å halda fram arbeidet med laget slik han hadde gjort. Han meinte at laget laut nyast upp og at verksemidi måtte aukast for at det skulde ha slagkraft. Me må samla oss um å driva målreising, meinte han.

Det vart skriftleg røysting um formannsumbodet. 20 røysta på Jon Askeland, medan 15 røysta på Lars Bjarne Marøy, og Jon Askeland vart ny formann.

Etter utfallet av formannsvalet var kjent, sagde Lars Bjarne Marøy at stjorni var viljug til å halda fram med Jon Askeland til formann. Han vilde ganga ned til vanleg plass, og Finn Vabø vilde draga seg ut or stjorni. Han trudde at dei kunde få til eit godt samarbeid med den nye formannen.

Men Arnulf Hjelmtveit hadde framlegg til heilt ny stjorn: Bjarne Storheim, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehman og Sveinung Ones.

Ludvig Jerdal fekk ordet og uppmoda møtelyden um å halda på dei fjore som hadde sete i stjorni til då.

Det vart skriftleg røysting um dei fjore plassarne i stjorni. Røysterne var bytte soleides:

Lars Bjarne Marøy	19 røyster
Harald Linga	19 røyster
Sissel-Anny Hjelmtveit	18 røyster
Frøydis Lehman	18 røyster
Sigbjørn John Huun	17 røyster
Bjørn Tormod Ringdal	17 røyster
Bjarne Storheim	17 røyster
Sveinung Ones	14 røyster

Med di vart Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Sissel-Anny Hjelmtveit og Frøydis Lehman valde til stjornarmenner.

Millom two av deim med 17 røyster vart det røysting um fyrstevaramannsplassen. Det var Sigbjørn John Huun og Bjarne Storheim. Storheim fekk 18 røyster og Huun 14, og soleides vart Bjarne Storheim vald til fyrste varamann. Sigbjørn John Huun vart vald til andre varamann, og Bjørn Tormod Ringdal til tridje varamann, båe med handklapp.

Det låg fyre framlegg um attval av ettersynsmennerne John Marhaug og Stein Eirik Foss. Dei vart valde med handklapp.

Til nytt bladstyre i Tuftekallen vart desse valde: Arne Holmin, Harald Linga, Lars Bjarne Marøy, Leidulv Hundvin, Nils Aksel Mjøs, Gunnar Gilberg, Egil Lehman og Arnulf Hjelmtveit.

Sveinung Ones vart vald til fanevakt attåt formannen Jon Askeland.

Målsmennerne i Det norrøne grønlandslaget vart attvalde: Arne Holm, Ludvig Jerdal og Leidulv Hundvin.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bergen 17. april 2001

## **Gode lagsfolk**

I denne sendingi finn de saklista for årsmøtet i Vestmannalaget 28 april.

Årsmelding for Vestmannalaget 2000-2001 er vedlagd.

Dessutan framlegg til nye lover for Vestmannalaget. Lovene til Vestmannalaget hev stade ubrigda sidan 1868. Stjorni meiner at det trengst ein revisjon.

Me bed um at framlegg til brigde i framlegget vert sendt til formannen seinast two dagar fyrr årsmøtet.

Dei gamle lovene finn de i boki Vestmannalaget i 110 år og på heimesidene til Vestmannalaget på internett.

## Saklista for årsmøtet i Vestmannalaget 2001

- 1 Godkjenning av innkalling og saklista
- 2 Årsmelding
- 3 Rekneskap
- 4 Arbeidsprogram for Vestmannalaget
- 5 Budsjett for Vestmannalaget
- 6 Fritz Monrad Walles fond
- 7 Krohn og Hustrus legat
- 8 Årsmelding for Vestmannen
- 9 Rekneskap for Vestmannen
- 10 Arbeidsplan for Vestmannen
- 11 Budsjett for Vestmannen.
- 12 Lovbrigde for Vestmannen
- 12 Lovbrigde for Vestmannalaget
- 13 Fråsegner
- 14 Val

Lars Bjarne Marøy  
Lars Bjarne Marøy  
formann

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## Årsmelding

for arbeidsbolken mars 2000- februar 2001

### Stjorni :

På årsmøte den 16. mars 2000 vart Sissel Anny Hjelmtveit vald til ny formann etter Lars Bjarne Marøy. Marøy vilde taka attval, men på årsmøtet kom det benkeframlegg um Hjelmtveit. Hjelmtveit fekk 11 røyster og Marøy 9. Marøy gjekk ned i stjorni. Desse tok attval til stjorni Bjarne Storheim, Bjørn Tormod Ringdal og Finn Vabø. Det vart røysting millom Harald Trefall og Rasmus Arnold Kjellevold um fyrstevaramanngsposten. Trefall fekk 11 røyster, medan Kjellevold fekk 9 røyster. Kjellevold vart samrøystes vald til andrevaraman. Kjell Henry Knivsflå vart samrøystes vald til tridjevaraman.

Marøy vart sitjande som formann av di årsmøtet ikkje vart avslutta. Det var fleire saker att på saklista, difor kunde ikkje årsmøtet avsluttast på dette møtet. Det vart avtala at neste lagsmøtet skulde halda fram som årsmøte.

Etter årsmøtet reiste fleire medlemer i laget tvil ved um det som hadde gjenge fyre seg var til bate for laget. Marøy som framleis var formann fekk millom anna eit brev frå 13 medlemer. I dette brevet kom det fram ei rad påstandar som kritiserte umstendi kring valet. Konklusjonen var at det måtte haldast eit nytt umframt årsmøte og at styret måtte kalla inn til dette.

Formannen samrådde seg med two av styremedlemene, Vabø og Ringdal. Desse tri var samde um at det indre samarbeidsklimaet no var so dårlig at eit nytt årsmøte måtte avgjera kva kurs laget skulde føra. Etter ei samråding med Ringdal og Vabø skreiv formannen ei innkalling til umframt årsmøte som Ringdal og Vabø skreiv under på. I ettertid vart formannen kritisert for at han ikkje freista å kalla saman dei andre stjornarmedlemene og for at innkallingi var frå tri stjornarlemer og ikkje frå heile stjorni og heller ikkje frå formannen som åleine hadde innkallingsrett.

Det vart halde umframt årsmøte. Innkallingi vart mykje umdiskutert på det umframme årsmøtet. Argumenti for å godkjenna innkallingi var millom anna at Sissel-Anny Hjelmtveit var skulda for å vera ugild i ei løyvingssak til Vestnorsk utvandringssenter og at framferdi kring valet 16. mars var uheiderleg. Det vart òg hevdat at formannen hadde kompetanse til å kalla inn til umframt årsmøte. Dessutan vart det lagd vekt på at eit fleirtal i stjorni (3 av 5) hadde gjenge inn for det.

Det vart nytta yver 2 timer til ordskifte fyrr det vart røysta yver innkallingi. Det var skriftleg røysting yver innkallingi. Røysterresultatet synte 34-19 for godkjenning. Formannsvalet vart so teke uppatt. Utfallet vart 31 for Marøy og 23 for Hjelmtveit. Etter denne røystingi valde

Hjelmtveit å trekka seg frå styret.. Det same gjorde Bjarne Storheim og Rasmus Arnold Kjellevold d.e. som vart vald til 2-varamann av det ordinære årsmøtet.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Desse vart valde til stjornarlemer på det det umframme årsmøtet:

Lars Bjarne Marøy, formann, Harald Linga, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal, Finn Vabø, 1-varamann, Harald Trefall, 2-varamann Kjell Henry Knivsflå, 3-varamann Helge Liland. Stjorni hev seinare skipa seg med Harald Linga til nestformann, Sigbjørn John Huun til kassastyrar og Bjørn Tormod Ringdal til skrivar.

Etter årsmøtet vart det eit ordskifte i pressa umkring innkallingi til årsmøtet. Synspunktet var skilde. Sissel-Anny Hjelmtveit samla inn 31 underskrifter for eit upprop som sa at det som hadde kome fram i samband med innkallingi og avhaldningi av det umframme årsmøtet var ærekrenkjande for fleire av medlemene i laget. Underskriftene var frå folk som kjende seg knytte til Vestmannalaget og Vestmannen, trass i at alle ikkje var med i Vestmannalaget.

Dette uppropet vart sendt ut til lagslemene i Vestmannalaget. Dessutan vart det lagt ved eit brev frå Eigil Lehmann som sa at det umframme årsmøtet var ulovleg og ugyldig og at det var den stjorni som vart valt på årsmøtet i mars som var den lovlege stjorni.

Stjorni hev oppsummert med at trass i at innkallingi til det umframme årsmøtet kann kritisera, var det fullt høve for dei som var innkalla til det umframme årsmøtet å avgjera kva som skulde gjerast. Det er lagslemene samankalla til årsmøte som avgjer kva for ein kurs laget skal taka.

## Andre tillitsumbod i laget

Ettersynsmenn for rekneskapen til Vestmannalaget:  
John Arthur Marhaug og Stein Eirik Foss.

Rekneskapsstyrar for Fritz Monrad Walles fond: Sigbjørn John Huun

Fanevakt: Jon Askeland og Haldor Slettebø.

Bladstjorn for Tuftekallen :  
Eigil Lehmann, Arnulf Hjelmtveit, Gunnar Gilberg, Lars Bjarne Marøy, Sveinung Ones, Nils Aksel Mjøs og Leidolv Hundvin.

## Målsmenn

Rådsmenn til Bygdelagsnemndi Lars Bjarne Marøy, Ludvig Jerald og Finn Vabø. Varamenn, Bjørn Tormod Ringdal og Sissel Anny Hjelmtveit.  
Det norrøne grønlandslaget : Arne Holm, Ludvig Jerald og Leidolv Hundvin.  
Kyrkjenemndi : Ellen Vabø og varamann Ingebjørg Gilberg.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Bladstyrar for Vestmannen : Lars Bjarne Marøy  
Rekneskapsstyrar for Vestmannen: Helge Liland  
Ettersynsmann for Vestmannen : John Arthur Marhaug

## **Møte og samkomor**

Vestmannahaget hev i arbeidsbolken havt 6 opne møte på Bryggens Museum og eit festmøte i lokali til Kreditkassen i Bergen. Stjorni hev vore samla til 11 stjornarmøte. Frammøte på stjornarmøti hev jamt yver vore godt.

## **Torsdag 21. September 2000**

Kari Gaarder Losnedahl tala um Komidiateatret. Ho hadde med seg gode ljusbilete.

## **Torsdag 12. oktober**

Kolbjørn Heggstad tala um språkteknologi. Heggstad er knytt til firmaet Nordisk Språkteknologi og ein nestor innanfor arbeidet med språk og data. Heggstad gav oss ei grunnleggjande innføring i dei datatekniske løysingane som ein arbeider med innanfor språkteknologien.

## **Torsdag 9. november**

Kjartan Rødland tala um vegutbygging i Hordaland. Han synte samanhengen i vegutbyggjingi og korleis kommunikasjonane stendig hev vorte lagde yver frå sjøferdsla til samferdsla på land.

## **Torsdag 7. desember**

Lars Borgersrud tala um norsk forsvarspolitikk. Han var serleg kritisk til den måten det norske forsvaret var utrusta på fyre 2. verdskrigen. Han synte gjennom ei rad ettervisingar og grundige gjenomgangar at det norske forsvaret var sers dårlig organisert i 1940 og at det var meir forsvarsviljen millom nordmenn flest enn organiseringi gjennom forsvaret som førde til at Noreg kunde forsvara seg mot Tyskland.

## **Torsdag 25. januar 2001**

Harald Jarl Runde tala um då telefonen kom til Noreg. Han synte ljusbilete av patentteikningar av telefonen og fortalte levande um korleis dei nordmennene som var engasjerte i å få telefonen til Noreg arbeidde og kom i korte anekdotar inn på korleis livet deira arta seg.

## **Torsdag 22. februar 2001**

Vincent Færavaag tala um kvifor drive målarbeid. Tittelen han sette på fyredraget sitt var: Nynorsk harakiri?

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## Elles må sume tiltak nemnast serskild for seg.

Formannen og Olav Torheim hev ikkje lagt noko serleg lagsstoff ut på heimesidene til Vestmannalaget på Internett i år. Møteprogrammet er vorte oppdatert jamleg.

Stjorni hev sidan det umframme årsmøtet ynskt å få nye, tydelegare og meir tidhøvelege lover. Dessutan hev stjorni ynskt å få fyremålet til laget betre fram. Harald Linga hev arbeidt serleg mykje med eit framlegg til nye lover. Elles hev heile stjorni engasjert i lovarbeidet.

Vestmannalaget er framleis andsvarleg for hovudlageret til Norsk Bokreidingslag i kjellaren i Torggården. Leiga vert delt millom Vestmannalaget, Norsk Bokreidingslag og Nord og Midthordland Sogelag. Vestmannalaget hev sagt upp kontorhopehavet med Norsk Bokreidingslag og hev no kontor saman med Halldor O. Opedals fond i C. Sundtsgate 28.

Formannen hev lagt ned eit stort arbeid i å freista å finna fram til festekontraktane til Fritz Monrad Walles fond. Dei tidlegare formennene Ludvig Jerdal og Leidolv Hundvin hev ikkje festekontraktane. Formannen og Helge Liland hev undersøkt i bankboksen til Vestmannalaget, utan resultat.

Tidlegare kassastryrarar i laget eller for Fritz Monrad Walles fond hev ikkje og hev truleg heller ikkje hatt festekontraktane.

Tidlegare stjornarmedlem Ivar Gjelsvik hev vorte kontakta. Gjelsvik var viss på at dei dokumenti som høyrdé Vestmannalaget til eventuelt låg att i advokatforretningi som han dreiv på den tidi han arbeidde med festekontraktane. Gjelsvik hadde advokatforretning på Strandkaien og selde denne til Helge Hansen. Advokat Berle som arbeider i Hansens advokatforretning hev i fleire år vore advokaten til Vestmannalaget. Berle hev leita i det arkivet som låg att etter Gjelsvik, utan resultat.

Formannen hev arbeidt med å få kartlagt kva for nokre av bygselsavgiftene som skal setjast opp kva tid og kva prosentar bygselavgiftene kann setjast opp med. Den første bygselavgifti som skal regulerast skulde ha vore regulert opp i 1999. Det festetilhøvet det her er tale um manglar registrert/tinglyst festekontrakt. Formannen hev spurt Advokat Berle um kva som er rett framgangsmåte i saki. Dei andre festekontraktane skal regulerast i perioden 2002-2004.

**Eiga:** Laget hev luter i Det norske teatret og i Norsk Bokreidingslag. Laget stjornar Henrik Krohn og Hustrus legat, og sameleis Fritz Monrad Walles fond for norsk målreising og måldyrking. Det siste kann verdsetjast til umlag kr. 600 000. Kreditkassen varveitslar midlane til Krohnlegatet. Målarstykkjet "Kong Olav kristnar i Gudbrandsdalen" (av Nils Bergslien) heng i resepsjonen hjå Hotell Hordaheimen.. Laget eig eit målarstykke av Sigurd Wigdal, og nokre andre målarstykke, bøker og gåveting er lagra hjå Ludvig Jerdal. Vestmannalaget eig dessutan ei bysta av Jon Sigurdson.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## Økonomi

For å spara pengar sa stjorni i desember upp rekneskapsføringsavtalen for Fritz Monrad Walles fond med Leiv Flesland. Kassastryaren i Vestmannalaget fører no rekneskapen for Fritz Monrad Walles fond.

Stjorni hev ikkje løyvt ut pengar til noko utetterreta fyremål i rekneskapsbolken. Det er yverført 50 000 kr. frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannalaget. Frå Halldor O. Opedalsfond er det yverført dei lovfeste 7500 kr til Vestmannalaget. 15 000 kr er yverførde frå Fritz Monrad Walles fond til Vestmannen.

30 000 kr som laget fekk frå Kari Johanne Øpstads nynorsk fond stend på høgrentekonto.

## Vestmannalaget er med i desse samskipnadene

**Ivar Aasen Sambandet;** er landssamskipnaden for høgnorskbrukarane

**Vestlandske Mållag;** er fylkeslaget/distrikstlekken til Ivar Aasen- Sambandet i Hordaland og på Vestlandet.

**Bergen Sentrum Folkeakademi;** er lokallag av Hordaland Folkeakademi og arbeider med å formidla studnad til møteverksemid i organisasjonar som Vestmannalaget.

**Bygdelagsnemndi;** vart skipa i 1939. Vestmannalaget hev vore med sidan då. Dei aktive bygdelagi og bondeungdomslagi er med i nemndi.

**Håkonshallens Venner;** både einskildpersonar og lag er med i Håkonshallens Venner

**Kyrkjensemndi;** skipar til nynorske gudstenestor two eller fleire gonger i året. Kyrkjensemndi er utgjevar av bladet Stille Stunder.

**Ivar Aasen-tunet;** er eit senter for nynorsk skriftkultur i Ørsta/Hovdebygdi.

Innskotskapitalen var 10 000 kronor som Vestmannalaget betalte inn for fleire år sidan. Det gjev laget rett til ein målsmann i samskipnaden. Svein E. Kvamsdal er no vår målsmann med Kjell Inge Bjørke til varamann.

*Lars Bjarne Marøy  
Lars Bjarne Marøy  
Bjørn Tormod Ringdal*

Harald Linga /s/

Finn Vabø

Sigbjørn John Huun /s/

## LOVER FOR VESTMANNALAGET

### 1. *Fyremål*

Vestmannalaget arbeider for ein nynorsk med i-mål og med hovudformene i 1917-rettskrivingi og i samsvar med den tradisjonen som førande folk i laget hev stade for. Fyremålet til laget er å fremja målreisingi på dette grunnlaget. Til å fremja dette fyremålet skal laget halda fram slikt som kann vera til hugnad for lagslemene og fremja nordmannaskapen i landet. Det vert elles synt til Vestmannasynet.

### Vestmannasynet

1. Me meiner det er rett mot oss sjølve og mot alle å gjera det som gjerast kann til å berge norskdomen, og me trur at alle nordmenn hev same skyldnaden til å vera med på det.
2. Norskdomen er uløysande knytt til det norske målet. Difor må nordmennene ikkje for nokon pris sleppa dette målet ned.
3. Skal det norske folkemålet i dag - det norske målet - duga til å halda uppe og berge norskdomen, må det halda eit sterkt og livande samband med dei reinaste og rikaste norske målføri, med gamalnorsk og med dei norrøne måli på Island og Færøyane.
4. Å blanda det norske målet upp med , eller jamna det til med det danskætta målet i landet, bokmålet, vil etter vårt syn føra til full undergang for nynorsken og til utøyding av norskdomen. All røynsle til i dag peikar den vegen.
5. Me trur ikkje at den norske iblandingi i bokmålet hev nokor framtid for seg. So sant bokmålsfolket ikkje lenger ser nynorsken som nokon fárleg medtevlar, kjem dei til å skjota ut mesteparten av det norske tilfanget. Det ser me alt no sterkt tildrag til. Enden på ei slik målblanding vert eit bokmål som er mindre norskt enn det me hev i dag, og at norsk tunga og norsk kultur for alltid vert liggjande som eit underbruk under den danske
6. Det hev synt seg i alle år at måljamstellingsvedtaket ikkje hev vorte etterfylgt. Ikkje av våre eigne styremakter di meir. Vert ikkje dette vedtaket frå 1885 skikkeleg gjennomført heretter, kann det ikkje berge nynorsken.
7. Me tykkjer ikkje det er rett å leggja oss burt i formverket eller skrivemåten åt bokmålet. Dei som brukar eit mål, må sjølve råda for korleis det skal vera.
8. Me trur det er rett å arbeida for det synet og dei framgangsmåtarne me her hev nemnt, jamvel um dette ikkje hev samtykkje frå alle nett no.

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## **2. Lagstilknyting**

Vestmannalaget er med i Vestlandske Mållag og Ivar Aasen-sambandet og styd andre lag som driv målreising i samsvar med fyremålet til laget.

Laget kann taka del i andre kulturelle samkomor og tilskipingar som er i samsvar med fyremålet, etter stjorni si vurdering. Laget skal prøva å gjera seg kjent utetter og halda uppe den vyrnaden det hev fenge for arbeidet sitt.

## **3. Lagslemer**

Alle som vil stydja fyremålet til Vestmannalaget og vil retta seg etter lovene kann verta lagslem etter godkjenning av stjorni. Lagslem vert ein ved å gjera upp lagspengar.

Alle lagslemer som hev svara lagspengar fyrr årsmøtet hev røysterett. Lagspengane vert fastsette av årsmøtet. Stjorni kann stryka lagslemer som skuldar lagspengar for 2 år, og som ikkje gjer upp for seg etter uppmoding frå kassastyraren. Lagslemen kann takast upp att etter at han hev gjort upp lagspengar.

## **4. Røysterett og rett til å veljast**

Alle lagslemer som hev røysterett kann veljast til tillitsverv i laget og som målsmann for laget i fond, lag eller samskipnader

## **5. Ugildskap**

For tillitsvalde, utnemnde tillitspersonar og tilsette gjeld gildskapsreglar i samsvar med Noregs lover.

## **6. Innkalling til årsmøtet**

Høgste styresmakti i laget er årsmøtet som skal haldast kvart år på våren seinast i mai.

Innkalling til årsmøtet skal stå i den største avisa i Bergen seinast 6 vikor fyrr årsmøtet. Framlegg til årsmøtesaker må meldast til stjorni seinast 5 vikor fyrr årsmøtet. Stjorni sender ut sakspapiri til lagslemene seinast 3 vikor fyrr årsmøtet.

Sakspapiri skal gå beinveges til lagslemene, som sjølve lyt syta for at stjorni fær melding um brigde av tilskrift. Saklista, årsmelding og rekneskap fylgjer sakspapiri.

Årsrekneskapen skal vera for fyrr kalenderåret.

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

Alle lagslemer hev tilgjenge til årsmøtet. Møtet er òg ope for andre, men desse hev ikkje røysterett.

Årsmøtet er vedtaksført med det talet på røysteføre lagslemer som møter. Ingen hev meir enn ei røyst, og det kann ikkje røystast ved fullmakt.

## **7. Uppgåvone til årsmøtet**

1 Årsmøtet hev fyre årsmelding frå stjorni for tidi sidan fyrre årsmøtet.

2 Årsmøtet hev fyre årsrekneskapen for Vestmannalaget for fyrre kalenderåret i revidert stand. Revisormelding skal liggja fyre på årsmøtet. Rekneskapen for Fritz Monrad Waller fond skal likeins leggjast fram på årsmøtet i revidert stand og med revisormelding. Det same gjeld årsuppgåva for Henrik Krohn og hustrus legat. Årsuppgjeret for Krohn og hustrus legat skal vera stadfest av revisoren.

Rekneskapen for Vestmannen skal liggja fyre for årsmøtet. Revisormelding skal liggja fyre.

3 Årsmøtet skal vedtaka arbeidsprogram og budsjett for Vestmannalaget fram til neste årsmøte.

4 Årsmøtet skal fastsetja lagspengane for neste år.

5 Årsmøtet skal velja tillitsfolk. Det skal vera ei valnemnd som kjem med sine framlegg, og deretter er det hove for lagslemene å koma med eigne framlegg.

Alle stjornarlemene med varalemer stend kvart år på val. Det same gjeld revisorane.

Årsmøtet skal dessutan velja målsmenn til dei samskipnadene laget er med i.

Stjorni kjem med framlegg på ny valnemnd. Årsmøtet skal velja valnemnd for neste årsmøte, på 3 personar.

Dersom årsmøtet ikkje kann avsluttast same dagen det tek til, heldt ein fram på neste lagsmøte. Den gamle stjorni held fram arbeidet inntil ei ny stjorn kann skipa seg.

## **8. Styring av årsmøtet**

Årsmøtet skal styrast av formannen i stjorni. Dersom formannen er fråverande eller han ikkje ynskjer å styra årsmøtet, skal årsmøtet velja møtestyrar.

# WESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## **9. Røysting på årsmøtet**

Til vanleg vert røystingar ved val avgjorde ved røysting i salen. Val skal vera skriftleg, um det ligg fyre meir enn eit framlegg. Skal fleire veljast ved same røysting, må ikkje nokon framlegg eller nokon røystesetel innhalda fleire namn enn dei som skal veljast.

Er det fleire kandidatar til same umberd og nokon fær meir enn helvti av røystene, er han vald. Elles tek ein umval. Den med minst røyster i fyrste umgangen er ikkje med vidare, slik heldt ein på til nokon fær meir enn helvti av røystene. Stend two likt, vert der lutdraging.

Er det fleire som skal veljast til eit umberd i same valet, vert dei valde som fær flest røyster, um røystetali er like, vert det halde lutdraging.

## **10. Umframt årsmøte**

Umframt årsmøte skal haldast når eit fleirtal i stjorni eller når minst ein tridjepart av dei røysteføre lagslemene krev det. Det skal innkallast på same måte som for ordinære årsmøte, men med minst 10 dagars varsel. Eit umframt årsmøte kann berre ha fyre og taka avgjerder i dei sakene som er kunngjorde i innkallingi.

## **11. Stjorni**

Stjorni er høgste styresmakt millom årsmøti. Stjorni skifter sjølv ut dei ulike vervi når ho skipar seg, undantek formannvervet. Stjorni skal skipa seg seinast 4 vikor etter årsmøtet.

Stjorni skal:

1. Setja i verk vedtak gjorde av årsmøtet.
2. Syta for at det vert laga rekneskap for laget og for tilknytte verksemder i samsvar med gjeldande lover og god sedvane.
3. Når det er naudsynt uppnevna nemnder/utval/personar for serskilde oppgåvor og arbeida ut instruks for dei.
4. Gjera vedtak i samband med den daglege drifti av laget.
5. Administrera og føra tilsyn med lagsøkonomien i samsvar med gjeldande pålegg, fullmakter og vedtekter.
6. Vera målsmenn for laget utetter.

Stjorni skal halda møte når formannen avgjer det eller når eit fleirtal av stjornarlemene krev det.

Stjorni er vedtaksfør når minst tri av stjornarlemene er tilstades eller representerte med varalemer. Vedtak skal fattast med eit fleirtal av dei gjevne røystene. Ved røystelikskap tel røysti til formannen dubbelt.

# VESTMANNALAGET

(skipa 21. januar 1868)

## **12. Lovbrigde**

Desse lovene kann berre brigdast på eit vanleg årsmøte etter å ha vore uppførde på saklista. Framlegg til lovbrigde skal gjerast kjent for lagslemene 3 vikor fyrr årsmøtet. Endeleg vedtak um brigde kann berre skje med 2/3 fleirtal.

Dersom lagslemene sjølve ynskjer brigde i lovene kann dei gjera framlegg um det til eit vanleg årsmøte. Framlegg må sendast til stjorni seinast 5 vikor fyrr årsmøtet.

## **13. Samanslåing og uppløysing**

Uppløysing av laget kann berre koma fyre på ordinært årsmøte. Vert uppløysing vedteke med minst 2/3 fleirtal skal det kallast inn til umframit årsmøte 3 månader seinare. For at uppløysing skal skje må vedtaket her takast upp att med 2/3 fleirtal.. Um laget vert uppløyst eller sluttar å eksistira skal eignelutene til laget berre kunna yverførast til samskipnader som kann fremja fyremålet til laget. Den same prosedyren skal fylgjast um laget skal slåast saman med eit anna lag.

Samanslåing med andre lag skal ikkje sjåast på som uppløysing av laget um laget vert samanslege med lag som hev same fyremål som nemnt i paragraf 1. Vedtak um samanslåing og fylgjone av ei samanslåing skal gjerast kjent for lagslemene og skal fylgja same prosedyre som ved uppløysing.

## Fråsegn til medlemene i Vestmannalaget

Me tek sterk fråstand frå den måten Sissel-Anny Hjelmtveit vert framstilt på i eit skriv frå 13 personar stila til Stjorni i Vestmannalaget, dagsett 29. mars d.å., og frå innkallingi til umframt årsmøte på dette grunnlaget.

Skrivet inneheld ei rekke usanne påstandar og er dessutan krenkjande for fleire lagslemer. Når det i tillegg syner seg at einskilde av namni til dei 13 er skrivne utan personleg godkjenning, er dette ei sakshandsaming som må vera på kanten av sørmeleg åtferd. Dei tre personane som stod for innkallingi til "umframt årsmøte den 13. april d.å.", representerer etter vårt skyn ikkje laget si stjorn, men gjorde det på heilt privat grunnlag.

Bergen, 8. mai 2000

Knutt Brattebø  
Knut Brattbø

Jon Askeland

Paul Borge

Leiv Flesland

Egil Ellingsen (s)

Johannes Gjerdåker (s)

Gunnar Gilberg

Ingebjørg Gilberg

Nils Haukaas

Nils Haukaas

Anne Marie Hundvin

Anne Marie Hundvin

Leidulf Hundvin

Anna Harrieth Hustad

Arild Haaland (s)

Egil Lehmann

Fröydis Lehmann

Fröydis Lehmann

Rasmus Kjellevold

Harald Kjenes

Gudmund Harildstad (s)

Kjell Kjerland (s)

Torleiv Konglevoll

Olga Meyer (s)

Karstein Stene

Nils-Aksel Mjøs

Nils Aksel Mjøs

Audun Kristiansen

Sveinung Ones

Torunn Storheim (s)

Bjarne Storheim

Tørris Sørheim

Robert Willanger (s)

## Upprit – stjornarmøte i Vestmannalaget 10. januar 2002

**Stad:** Romansk Institutt, Øysteins gt. 1, 4. høgdi

**Frammøtte:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun.

**Kopi til:** Jon Askeland, Sissel-Anny Hjelmtveit, Frøydis Lehmann, Lars Bjarne Marøy, Harald Linga, Bjarne Storheim, Sigbjørn John Huun, Bjørn Tormod Ringdal

Møtet vart sett kl. 19.00.

### 1. Godkjenning av upprit

Uppritet for stjornarmøtet 12. november vart teke upp for godkjenning:

Askeland meinte til dømes at einskilde formuleringar under sak 2, um målsmann for Opedalsfondet, måtte endrast. Dette galdt ytterlegare presisering av det som vart referert i motlegget. Soleis vart det vedteke å senda ut revidert upprit, der subjektet *påstandane* vert endra til *meiningane*, og tilvisingi i motlegget vert teke upp att i andre setningi i avsnittet under sak 2 som byrjar med "*I motlegget ..*". Det var og ynskje um at det for sak 3, um Vestmannen, skulle gjerast kjent kva statusen då var for yverlevering av rekneskapsvedlegg til Vestmannen. Vidare ville Askeland ha ei ny formulering um grunnen til at han ikkje ville auka bladpengane.

**Vedtak:**

*Skrivaren sender ut revidert upprit frå møtet 12. november.*

Til uppritet frå 16. oktober kom det merknad til feil datotilvising. Fyrste setning under sak 2, um rekneskap, skal endrast frå "*Revisor John Marhaug synte til lagsmøtet 18. oktober ...*" til "*Revisor John Marhaug synte til lagsmøtet 20. september*"

### 2. Vestmannen

#### a. Merknader til fullmakter og sakshandsaming

Før formannen orienterte um stoda kring Vestmannen, kom Linga med merknader kring formannen si handsaming av Vestmannen: Sidan det var stjorni i Vestmannalaget som var bladstjorn for Vestmannen, meinte Linga at det var stjorni som formannen måtte rådføra seg med og få fullmakter frå *fyrre* han gjekk ut for å få til alternative skipingar av bladetstyrarumbodet. Slik det var no meinte Linga at formannen hadde køyrt eit solospel før stjornarmøtet 3. desember. Stjorni var halden utanfor og hadde heller ikkje fenge informasjon um dei upptaki og utspeli formannen hadde gjort um eit bladstyrarskifte. Linga meinte soleis at formannen hadde gjenge utsyver fullmaktene sine. Likeeins meinte Linga at når formannen vilde koma med so drastiske vedtaksframlegg som å skifta ut bladstyraren for Vestmannen, sjølv flaggskipet til Vestmannalaget, burde dette på fyrehand gjerast kjent, til dømes i møteinkallingi til stjorni. På dette viset kunne og stjornarlemer som ikkje hadde høve til å møta, i det minste få høve til å meldia inn sine syn på og tilrådingar um saki.

Til desse merknadene sa formannen at han tidleg hadde vendt seg mot Krokvik for ny skiping av bladetstyrarumbodet sidan Krokvik som tidlegare bladstyrar var den som kjente bladdrifta aller best.

## b. Status og vidare tiltak

Formannen orienterte deretter um det som hadde skjedd etter stjornarvedtaket 3. desember der stjorni ville løysa Marøy frå bladstyrar- og forretningsførarumbodi for Vestmannen:

- Krokvik hadde no ytra ynskje um at målungdomane Olaf Torheim og Klaus Johan Myrvoll måtte vera med i drifti av bladet. Det var og viktig at ein person busett i Bergen var med i bladdirfti. Her hadde Krokvik gjort framlegg um Trygve Lande. Vidare hadde Krokvik sjølv ikkje sett seg syn med å halda uppe utgjevingi av Vestmannen med meir enn umlag 6 nummer um året dersom han skulde vera bladstyrar.
- Askeland hadde etter årsskiftet vore i kontakt med Torheim um bladstyrarumbodet. Torheim hadde, etter fyrespurnad frå Askeland, vore viljug til å vurdera eit tilbod um bladstyrarumbodet, men måtte først få ein offisiell fyrespurnad frå Vestmannalaget. Torheim hadde elles vore atterhalden til framlegget um ei skriftnemnd.

Askeland såg fyre seg at bladstyrarumbodet skulle godtgjerast umlag som i Krokvik si tid. Han var ottesam for kva anna arbeidstilhøve kunne fyre med seg av krav og utlegg som arbeidsgjevaravgift og pensjonsinnbetaling. Han såg vidare fyre seg at dei ulike umbodi i Vestmannen med Torheim som bladstyrar kunne stettast slik: Korrektur- Myrvoll, annonser, tingar- og gåvelistor- Krokvik. Forretningsförsla kunne drivast som ei innkjøpt teneste, men Krokvik kunne inntil vidare stå for denne.

Linga meinte at det viktigaste no var å fyra Vestmannen vidare og at bladstyrarumbodet soleis var det sentrale umbodet å få avklåra. Det var soleis viktig å føra tingingane med Torheim vidare.

### Vedtak:

*Formannen lagar eit utkast til brev til Torheim der han vert beden um å vera bladstyrar. Askeland sender brevet til stjorni for godkjenning før det vert sendt til Torheim.*

Det vart upplyst at Liland i telefonsamtale med Askeland 9. januar hadde stadfesta at han hadde fenge rekneskapsvedleggi.

## c. Arbeidstilhøvet til Lars Bjarne Marøy.

Formannen delte ut kopi av arbeidsavtalen millom stjorni i Vestmannalaget og Lars Bjarne Marøy. I avtalen heiter det at det er tri månaders inbyrdes uppsegjingstid og at Marøy skal ha 3000 kr i løn for kvart nummer. Rett fyre møtet hadde formannen sendt utvald e-post-korrespondanse millom Marøy og Askeland vidare til stjorni. I tillegg hadde Marøy i e-post av 10. januar sendt ut sine synspunkt kring arbeidsavtalen og stjornarvedtaket 3. desember.

Stjorni såg det som viktig at arbeidstilhøvet vert avvikla med so lite strid som mogeleg og at ein må leggja vinn på å inngå ei minneleg økonomisk ordning med Marøy. Dette kan til dømes vera direkte godtgjering for two nummer i 2002, eller eit oppgjer i form av yverdraging av datamaskinutstyret som vart skaffa i 2001.

### Vedtak:

*Formannen sender brev til Marøy der stjorni legg fram eit tilbod um økonomisk godtgjering i samband med avvikling av arbeidstilhøvet.*

## Lars Bjarne Marøy

---

**Fra:** "olaf'r"  
**Til:** <lbmaroy@c2i.net>  
**Kopi:** <klausjon@online.no>  
**Sendt:** 13. februar 2002 kl  
**Emne:** FW: RE: Purring

Jon Askeland vil ikkje gjeva meg endeleg avslag!

>===== Original Message From Jon Askeland <[Jon.Askeland@sfu.uib.no](mailto:Jon.Askeland@sfu.uib.no)> =====  
Gode Olav Torheim.

Møtet som me hadde i stjorni 7. februar kom ikkje fram til endeleg vurdering av dei vilkår du kjem med i brevet ditt dagsett 21. januar. Eg kann difor ikkje no taka upp tingingar um dei krav som me måtte finna det vanskeleg å godtaka.

Status for Vestmannen er pr. dato:

Stjorni stoggar vanleg utgjeving av bladet til dess me fær svar frå Marøy um at han godtek uppsegjingi eller til ein eventuell tvist er avgjord.  
Sameleis lyt me ha eit nokolunde sætande rekneskapsyversyn for fjoråret å halda oss til før me gjeng vidare med ny bladdrift.

Venleg helsing

Jon Askeland

Lars Bjarne Marøy  
e-postadr. [Ibmaroy@c2i.net](mailto:Ibmaroy@c2i.net)

### **Tingingsmøte med stjorni i Vestmannalaget**

Formann Jon Askeland hev bede meg om å taka kontakt med deg i dag um tingingsmøte, fordi han kom att frå Guatemala seint i går ettermiddag, og reiste i dag til Utne til foreldra pga. sjukdom. Han hev ikkje tilgjenge til Internett der inne. Fredag 1. mars er han attende i Bergen.

Du hev bede om tingingsmøte med Vestmannalaget om uppsegingi som bladstyrar for Vestmannen. Det hev du rett til etter § 61 i arbeidsmiljølovi, som seier: "Arbeidstaker som vil gjøre gjeldende at et arbeidsforhold ikke lovlig er brakt til opphør eller vil kreve erstatning på grunn opphør av et arbeidsforhold, kan kreve forhandlinger med arbeidsgiveren. Arbeidstakeren må i så fall skriftlig underrette arbeidsgiveren om dette senest innen to uker etter at oppsigelsen er mottatt. Arbeidsgiveren skal sørge for at forhandlingsmøte blir holdt snarest mulig og senest innen to uker etter at kravet er mottatt."

Vestmannalaget mottok krav om tingingsmøte frå deg onsdag den 13. februar. Lovi seier at møtet skal haldast innan to veker frå denne dato. Møtet må difor haldast snarast og seinast i veke 10. Me hev tidlegare bede deg seia frå kva tid som høver for deg for eit slikt møte i Bergen. Askeland føreslår at møtet vert halde ein av dagane frå 4.3.-8.3.2002. Han bed deg om å gjeva melding om det tidspunktet som høver best for deg desse dagane. Møtet bør ikkje for nokon av partane vara i meir enn to timer.

Seim, 26.2.2002

For stjorni i Vestmannalaget/Vestmannen

Sissel-Anny Hjelmtveit  
nestformann

## Årsmelding for Ivar Aasen-sambandet i arbeidsbolken mai 2002 – april 2004

### **Dei tillitsvalde**

Formann: Klaus Johan Myrvoll

Varaformann: Olav Torheim

Styresmann: Trond Urestad

Styresmann: Kjetil Aasen

Styresmann: Håvard Tangen

Varamann: Anders Olsen

Varamann: Inga Ovidia Gjerstad

Varamann: Gunleiv Hadland

Varamann: Sverre Johnsen

Det hev vore halde fjore styremøte i arbeidsbolken (25.10.02, 5.12.03, 16.12.03 og 14.3.04), som alle hev vore lagde til Oslo der dei fleste styresmennene er busette.

Gunleiv Hadland vart vald til å halda fram som kassastyrar på styremøtet 25. oktober 2002, men viste seg etter kvart å vera lite tilgjengeleg, soleis at formannen laut utføra naudsynte disposisjonar sjølv. Kassastyraren hev fyre årsmøtet i 2004 vore uviljug til å føra rekneskapen, men hev halde attende vedlegg som formannen hev bede um å få utlevert. Dette hev gjort det uråd å få ført rekneskapen for 2002, men rekneskap for 2003 ligg fyre.

Ivar Aasen-sambandet er landssamskipnaden i høgnorskrørsla. Under dette laget høyrer fylkeslaget Vestlandske Mållag og lokallagi Vestmannalaget, Norsk Bladmannahalag, Halsnøy Mållag, Høgnorskringen, Blindem høgnorsklag, Ivar Aasen-ringen i Oslo, Bjørgvin høgnorsklag, Norrønalaget Bragr, Volda og Ørsta Målungsdom og Prikken yver i-en. Dessutan hev samskipnaden 12 beinveges innmelde lagsmenner som hev svara årspengar.

Kvinnherad Mållag, som hev figurert som lokallag i Ivar Aasen-sambandet i brev frå Vestmannalaget, er etter det styret er kjent med berre tilmeldt fylkeslaget Vestlandske Mållag og hev Noregs Mållag til landssamskipnad. Det er like vel noko uklårt um Kvinnherad Mållag òg er tilmeldt Ivar Aasen-sambandet, og formannen hev sendt brev til Kristian Bringedal med spursmål um tilknytingi. Det hev ikkje kome noko svar på brevet i skrivande stund.

### **Gjeremål, saker og hendingar**

Formannen hev havt ei rad målpolitiske utspel i pressa, serleg først i arbeidsbolken. Han hadde millom anna eit innlegg um den uvisse stoda for i-målet i den nye rettskrivingi i Aftenposten 28. mai 2002, og han hev vore i ordskifte i Dag og Tid der han hev forsvara høgnorsksyni. Elles hev formannen og varaformannen lagt ned mykje arbeid på det nyskipa bladet Målmannen, som tok til å koma ut i september 2002 og hev kome med til saman sju nummer. Det stend fritt i høve til samskipnadene i høgnorskrørsla, men hev fenge pengestudnad frå Halldor O. Opdals fond og Ivar Aasen-sambandet.

I desember 2002 sende formannen ei fjore sidor lang fråsegn um framlegg til ny rettskriving for nynorsk som Norsk språkråd lagde fram i oktober same året. Her mælte han for å halda på ei rad tradisjonelle former og skrivemåtar som Språkrådet hadde gjort framlegg um å taka burt, og peika serskilt på kor ulaglegt det var at dei vilde jamstella informene (*soli, husi*), men taka burt mangtalsformi i lint hokyn på *-or* (*visor*). Denne fråsegni vart seinare prenta i bladet Målmannen (nr. 1/2003).

På styremøtet 25. oktober 2002 gjorde styret vedtak um å stydja styret i Vestlandske Mållag som vart valt på årsmøtet i Bortnen 29. juni 2002, og gjekk imot innkallingi til nytt “årsmøte” i Bergen, som var underskrivi av ei rad einskildpersonar. Striden millom dei two flokkane i Vestlandske Mållag hev merkt heile samskipnaden og gjort det vanskeleg å få sett i gang nye tiltak eller framstøytar til fremjing av målsaki. Han hev òg gjort det uråd å halda landsmøte i samskipnaden, fyrr no, når partane hev vorte forlikte.

I vedtaket 25. oktober 2002 gjorde styret det klårt at det vilde yta økonomisk hjelp til styret i Vestlandske Mållag i ei mogeleg rettssak mot deim som freista å kuppa laget. Formannen hev fylgt opp dette vedtaket og svara sakførarutlogor for Vestlandske Mållag på til saman vel 62 000 kronor. Two av styresmennerne som ikkje var til stadar på styremøtet 25. oktober 2002, hev i ettertid sått tvil um heimelen for denne løyvingi, men på styremøte 14. mars i år stadfeste eit fleirtal av styresmennerne at dei var samde i dei disposisjonane som var gjorde. Det kann elles visast til den vitringi formannen sende ut til lokallagi etter styremøtet, dagsett 16. mars 2004.

Formannen søkte sumaren 2002 Halldor O. Opelals fond um tilskot til drifti av Ivar Aasen-sambandet, med ynskje um at pengane kunde nyttast til å fylgja upp spiror til lokallag kringom i landet og til å skipa til målstemnor og samlingar. Fondet løyvde 60 000 kronor i 2003, men på grunn av striden hev det di verre ikkje vore høve til å fylgja upp alle dei gode hugmåli i søknaden.

Styresmennerne hev havt tankar um nye utspel og tiltak for høgnorsksaki, men striden i Vestlandske Mållag og ei etter kvart veksande usemjå innetter i styret hev gjort det uråd å setja desse tankane ut i livet. Styresmennerne er upptekne på andre kantar, med arbeid, studium og familie, og det er ikkje allveg like lett å finna tid til det yverskotsarbeidet som høgnorsksaki trass i alt er. Når det i tillegg so ofte endar upp i internt kiv, segjer det seg sjølv at det vert lite gjevande. Av den grunnen hev alle dei faste styresmennerne no gjort det klårt at dei vil draga seg attende frå umbodi sine og yverlata til andre å avgjera den vidare lagnaden for samskipnaden.

Oslo, 15. april 2004

*Klaus Johan Myrvoll*

Klaus Johan Myrvoll  
formann